


# ANTIKKENS JORDBRUKSKVINNE

Komparativ undersøkning av kvinne si rolle i det antikke greske jordbruket sett frå litterære og arkeologiske kjelder



**Masteroppgåve i historie**

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Universitetet i Bergen

Ingrid Kristin Bjørlo Jacobsen

Våren 2024

## **ABSTRACT**

*THE ANCIENT AGRICULTURAL WOMEN: A comparative study of women's roles in the ancient Greek agriculture as seen from various literary and archaeological source material.*

This master thesis explores the role of women in ancient agriculture, drawing primarily from the perspective of the Ancient Greek authors Hesiod and Xenophon, and later on these perspectives are compared to archaeological source material in the form of vase paintings. Both authors provide a somewhat traditional and limited view on women's roles, focusing on their duties and work within the household and family. Xenophon presents a slightly more positive view of women's economic contributions and emphasizes their importance in household management. However, even in Xenophon's description of women, they are confined to a narrow sphere which primarily was within the household.

Hesiod's portrayal is more restrictive, depicting women mainly as caretakers of the household, the family, and children, with less emphasis on their participation in production and economic activities. Despite Hesiod's largely negative view on women, the author does acknowledge women's involvement in agricultural tasks, including household chores and farming activities, albeit with a misogynistic tone.

Both of these Greek authors makes a distinction and highlights the difference between free and non-free women. The free women are mostly confined to household duties while non-free women, such as slaves and servants, are more active and involved in agricultural work outside the household. However, not every farmstead, especially the smaller farms, were able to keep slaves. All family members, including free women, most likely participated in agricultural labor due to the necessity of utilizing available labor without the means to hire help.

Greek vase paintings also showcases a more active women in agricultural labor than the Greek authors do, and with this a more nuanced understanding of women's roles emerges. Various vase paintings showcases women in agricultural activities such as harvest and the processing of agricultural products, all connecting the women to the agricultural world in a way the literary text does not show. Comparisons with similar agricultural societies also suggests that the literary representation on women are more based on a picture of the ideal women than on the actual working women.

By combining different types of evidence to fill the holes each source material leaves us with, it is possible to construct a more comprehensive understanding of women's lives in ancient times. Resulting with a conclusion that women likely played a more significant role in ancient agriculture than what is usually assumed.

## FORORD

Først og fremst må eg rette ei stor takk til mine to dyktige rettleiarar; Marijn Visscher og Ingvar B. Mæhle. Takk for at dykk har hatt trua på meg og mi oppgåve, og vore til stor hjelp gjennom masterskrivinga, sjølv i periodar der eg sjølv nesten har mista trua.

Ein takk også til rettleiarar og studentar på «antikkens verden» seminaret for konstruktive tilbakemeldingar og gode tips til utkasta mine dei siste to åra. Og takk til onkel Jørn som var så grei å lese gjennom heile oppgåva mi og gav meg gode tips, berre ei lita veke før innlevering!

Ein takk må rettast til mine gode venar i livet som har tatt litt ekstra godt vare på meg denne våren når eg har trengt det som mest, eg er utruleg takksam for dykk!

Takk til mine venar og medstudentar på lesesal på Sydneshaugen; våre stunder med mykje spel og moro, gode samtalar og rampestrekar på sal og pauserommet har vore til stor hjelp i ein travel og tung kvardag med masterskriving! Alle avbrekka med fleire slag *skyjo* på pauserommet har vore gull verdt! Til den gode gjengen på sal 313, spesielt Emma, Ragnhild og Johannes; takk for at dykk har gjort eit til tider tungt år med masterskriving litt lettare og lysare! Det har vore ei glede å gå masterstudiet med dykk alle!

Sist men ikkje minst, vil eg takke min kjære familie som har støtta meg heile livet, motivert meg og lært meg å ikkje gje opp, sjølv når det bles som verst kring meg! Spesielt mamma, pappa og lisjesysta fortæna den største takk; dykk er mi klippe i livet, og dykka støtte betyr alt for meg. Eg er evig takksam for all dykkar kjærleik, eg hadde ikkje klart noko av dette utan dykk! Til slutt vil eg dedikere denne masteroppgåva til min kjære morfar, som tidleg inspirerte mi interesse for historie, men som dessverre ikkje fekk sjå meg byrje på universitetet - du har vore med meg kvart eit steg; og til mi kjære gode mormor, som gjekk bort denne våren og ikkje fekk sjå meg fullføre masterstudiet. Eg håpe dykk er stolte av meg!

Ingrid Kristin Bjørlo Jacobsen, mai 2024

# INNHALDSLISTE

<b>ABSTRACT .....</b>	<b>II</b>
<b>FORORD .....</b>	<b>III</b>
<b>FIGURLISTE .....</b>	<b>VI</b>
<b>KAPITTEL 1 – INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
1.1 INTRODUKSJON .....	1
1.2 UTVAL AV KJELDER.....	3
1.2.1 <i>Uttrykk og terminologi</i> .....	4
1.3 HISTORISK BAKGRUNN.....	5
1.4 GANGEN I OPPGÅVA.....	8
<b>KAPITTEL 2 – METODE OG FORSKING .....</b>	<b>10</b>
2.1 KOMPARATIV METODE.....	10
2.1.1 <i>Meyers døme på komparativ metode tillagt antikk jordbruksamfunn</i> .....	11
2.2 LIVSSYKLUS .....	14
2.2.1 <i>Kaloriinntak og kosthald</i> .....	18
2.2.2 <i>Jordbruks- og gardsarbeid</i> .....	21
2.3 IKONOGRAFI SOM HISTORISK KJELDEMATERIALE .....	24
2.4 KONKLUDERANDE TANKAR FOR KAPITTELET .....	26
<b>KAPITTEL 3 – HESIOD.....</b>	<b>29</b>
3.1. HESIOD .....	29
3.2 <i>ARBEID OG DAGER</i> .....	32
3.2.1 <i>Jordbruket og hushaldet i Arbeid og dagar</i> .....	33
3.3 <i>KVINNA I ARBEID OG DAGER</i> .....	36
3.3.1 <i>Pandora: den første vondskapsfulle kvinna</i> .....	37
3.3.2 <i>Kvinna og kvinnerolla</i> .....	39
3.3.3 <i>Jordbrukskvinna i Arbeid og dager</i> .....	41
3.4 <i>DEN GUDDOMMELEGE KVINNA</i> .....	45
3.5 <i>KONKLUSJON FOR KAPITTELET</i> .....	49
<b>KAPITTEL 4 – XENOFON .....</b>	<b>51</b>
4.1 XENOFON .....	51
4.2 <i>OECONOMICUS</i> .....	54
4.2.1 <i>Hushaldet og gardsbruket i Oeconomicus</i> .....	57
4.3 <i>FORHOLDET MELLOM KVINNA OG MANNEN I HUSHALDET</i> .....	61



4.3.1 <i>Kjønnsdeling i hushaldet</i> .....	64
4.4 DEI ULIKE KVINNENE I <i>OECONOMICUS</i> .....	66
4.4.1 <i>Kvinnearbeid</i> .....	68
4.4.2 « <i>A queen bee</i> » – <i>dronninga i bikuben, og arbeidarane hennar</i> .....	70
4.5 KONKLUSJON FOR KAPITTELET .....	72
<b>KAPITTEL 5 – VASEMÅLERI SOM KJELDE</b> .....	<b>74</b>
5.1 ARKEOLOGISK OG IKONOGRAFISK KJELDEMATERIALE.....	74
5.1.1 <i>Vasar frå antikken</i> .....	75
5.1.2 <i>Dei ulike keramikkbekaldarane</i> .....	76
5.2 UTTRYKK FOR KVINNA SITT ARBEID I VASEKUNST.....	78
5.2.1 <i>Tekstilarbeid og husarbeid</i> .....	79
5.2.2 <i>Jordbruksarbeid</i> .....	88
5.3 UTFORDINGAR KRING VASEMÅLERIA.....	95
5.4 KONKLUSJON FOR KAPITTELET.....	97
<b>KAPITTEL 6 – JAMFØRING AV KJELDEMATERIALET</b> .....	<b>99</b>
6.1 LITTERÆR FRAMSTILLING AV KVINNA I JORDBRUKET.....	99
6.2 DEN IDEOLOGISKE KVINNA, ELLER DEN FAKTISKE KVINNA?.....	101
6.3 VURDERING – KJELDEMATERIALE OG METODE.....	104
<b>KAPITTEL 7– KONKLUSJON</b> .....	<b>107</b>
<b>REFERANSELISTE</b> .....	<b>111</b>
LITTERÆRE KJELDER.....	111
ARKEOLOGISKE KJELDER.....	111
LITTERATUR .....	113
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>117</b>

## FIGURLISTE

4.1 Kart over delar av Hellas .....	54
4.2 Kart over Attika: landsbyen Vari og Vari-huset markert (Jones mfl. (1973), s. 357).....	58
4.3 Illustrasjon av Vari-huset (Jones mfl. (1973), s. 371) .....	59
4.4 Ulike planteikningar av antikke hus (Jones mfl. (1973), s. 432).....	60
5.1 Ulike vasetypar (Clark, Elston, og Hart, Understanding Greek Vases, s. 154-155.).....	78
5.2 Vase nr. 310485, lekythos (Beazley Archive Pottery Database (BAPD)).....	81
5.3 Utsnitt av vase nr. 310485, lekythos (BAPD).....	81
5.4 Utsnitt av vase nr. 310485, lekythos (BAPD).....	81
5.5 Vase nr. 210088, pyxis (BAPD).....	83
5.6 Vase nr. 210088, pyxis (BAPD).....	83
5.7 Vase nr. 303426, epinetron (BAPD).....	84
5.8 Vase nr. 303426, epinetron (BAPD).....	84
5.9 Vase nr. 206329, pelike (BAPD) .....	85
5.10 Teikning av motiv på vase nr. 206329, pelike (BAPD).....	85
5.11 Objekt nr. 1961.23, hydria (The Toledo Museum of Art).....	86
5.12 Objekt nr. 1961.23, hydria (The Toledo Museum of Art) .....	86
5.13 Objekt nr. 1966.21. (Berlin, Staatliche Museen) .....	88
5.14 Objekt nr. 2011.604.1.34. Fragment av kylix (Metropolitan Museum).....	89
5.15 Objekt nr. 2011.604.1.34. Fragment av kylix (Metropolitan Museum).....	89
5.16 Objekt nr. ΓΡ-6993. Amfora (The State Hermitage Museum).....	90
5.17 Objekt nr. ΓΡ-6993. Utsnitt av måleri (The State Hermitage Museum).....	90
5.18 Vase nr. 205648, hydria (BAPD).....	91
5.19 Vase nr. 306762, lekythos (BAPD).....	91
5.20 Vase nr. 306762, lekythos (BAPD).....	91
5.21 Vase nr. 306054, hals-amfora (BAPD).....	92
5.22 Vase nr. 10227, chous (kopp) (BAPD).....	93
5.23 Vase nr. 41548, kopp (BAPD).....	94
5.24 Vase nr. 207712, lekythos (BAPD).....	94

# Kapittel 1 – INNLEIING

## 1.1 Introduksjon

Det antikke jordbruket utgjorde ein essensiell del av kvardagslivet, og dei aller fleste av dei gamle grekarane, inkludert dei som var busett i byane, hadde på ulike måtar ei tilknytning til landsbygda og jordbruket.<sup>1</sup> Jordbruket kunne bestå av både jorda som vart dyrka, gardsbruka og hushalda, *oikos*, der familiane høyrde til, anten om det var på landsbygda eller i byane. Hushalda var også viktig i jordbruket, då mykje av produksjonen og omarbeiding av råvarer frå jordbruket gjekk føre seg her.

Det antikke greske jordbruket varierte basert på faktorar som geografi og klima. I ein del av Hellas var det fruktbare sletter, medan andre stader var prega av fjellandskap, djupe dalar og steinete terreng. Variasjonen i geografi og klima påverka mellom anna kva typar avlingar som kunne dyrkast i dei ulike regionane.<sup>2</sup> Dei primære avlingane som vart dyrka av dei gamle grekarane var korn, som kveite og bygg, og ulike frukter som druer, oliven og fiken. Desse avlingane danna grunnlaget for både kosthaldet til menneska, og samfunnets økonomi.<sup>3</sup>

Drifta på dei fleste gardsbruka var baserte på produksjon til eige konsum, men jordbruket var også hovudnæringa i det antikke samfunnet. Overskotet av landbruksprodukta vart ein viktig del av handelssektoren for dei gamle grekarane, og kunne fungerte som ei ekstra inntekt for hushaldet, spesielt dei mindre gardane som ikkje dreiv jordbruk for handel.<sup>4</sup> Råvarer frå jordbruket som vart omarbeidd, var ei anna viktig inntektskjelde for hushalda i antikken, til dømes var tekstilprodukt viktig.

Fleire sektorar av samfunnet var også knytt til hovudnæringa, til dømes var handel- og handverkssektoren nært knytt til jordbruket. Handverksektoren var knytt til jordbruket i at den bidrog med produksjon og vedlikehald av reiskap som var nødvendig i produksjonen på gardsbruka.<sup>5</sup> Dei gamle grekarane brukte grunnleggande reiskap som til dømes plog, hakker, og sigd i jordbruket. Teknikkar som vekseljordbruk og brakklegging<sup>6</sup> vart nytta for å halde ved

---

<sup>1</sup> Osborne, *Classical Landscape with Figures* (London, G. Philip, 1987), 13; Fachard, «Asty and Chora: City and Countryside» i *The Cambridge Companion to Ancient Athens*, redigert av: Jenifer Neils og Dylan K. Rodgers (Cambridge, Cambridge University Press, 2021), 21.

<sup>2</sup> Isager og Skydsgaard, *Ancient Greek Agriculture* (London, Routledge, 1992), 10.

<sup>3</sup> Isager og Skydsgaard, *Ancient Greek Agriculture*, 19–43.

<sup>4</sup> Meyer, *Antikkens historie: høvdingdømme, bystat, imperium*, (Oslo, Cappelens akademiske forlag, 1998), 182.

<sup>5</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 182.

<sup>6</sup> I vekseljordbruk vert det med jamne mellomrom bytta ut og variert på kva typar avlingar som vert dyrka, for å utnytte alle veksteigenskapane til jordsmonna, og fordi jorda etter kvart vil produsere mindre avlingar om ein år etter år dyrka det same. Brakklegging er ein jordbruksmetode der ein let jorda ligge brakk i ein eller fleire dyrkingssesongar for å la jorda kvile og styrka på den måten veksteigenskapane når ein tek til å dyrke igjen.

like jordas fruktbarheit.<sup>7</sup> Jordbruket var avhengig av arbeidskraft i form av manuell arbeid, og både familiemedlemmar, innleigde arbeidarar og slavar var deltakande i jordbruket. Husdyr var også ei viktig arbeidskraft, som til dømes oksen som vart nytta i pløying. Spesielt i høgsesongar som ved såing og innhausting var det større behov for arbeidskraft på gardane. Dei rikaste bøndene hadde råd til å hyre inn hjelp og eige slavar, medan dei mindre gardsbruka og fattigare bøndene var avhengig av eigen arbeidskraft eller hjelp frå naboar.<sup>8</sup>

Trass i viktigeita av denne delen av samfunnet har historia om antikken i stor grad vore dominert av historia om bystatane og livet i byen. Sjølv om fokuset til historikarane har vore retta mot bystatane, var det gamle greske samfunnet svært avhengig av og nært knytt til landbruket som var sjølv hovudnæringa for det greske samfunnet.<sup>9</sup> Likevel er antikke kjelder som tek føre seg og fokusera på jordbruket og landsbygda relativt knappe, og ei gruppe som ofte vert oversett innanfor mange historiske tema, er kvinna og kvinna si rolle i samfunnet.

Heller ikkje innanfor antikk historie har kvinner fått noko stor plass i historieforteljninga, men det tyder ikkje på at dei ikkje var viktige for jordbrukssamfunnet. Kvinnene må ha utgjort ein svært verdifull ressurs som arbeidskraft i jordbruket. Dei antikke kjeldene seier ikkje så mykje om kvinna, truleg fordi samfunnsidealet på denne tida skulle framstille jordbruket som ein mannsdominert sfære. Samfunnsidealet som kjem fram i antikke kjelder syner at kvinna ikkje skulle vere deltakande i jordbruket, men heller avgrensa til sin eigen sfære, nemleg heimen og hushaldet.<sup>10</sup>

Det som derimot viser seg dersom ein jamføre litterære kjelder frå antikken, med anna kjeldemateriale som framstiller kvinna si rolle, er at kvinna var meir deltakande enn ein får inntrykk av frå berre tekstane. Rikare familiar som kunne supplere arbeidsstyrken i jordbruket med til dømes slavar, kunne i større grad avgrense kvinna til hushaldet då hennar arbeidskraft vart mindre nødvendig med suppleringa av slavar. I fattigare og mindre ressurssterke familiar vart derimot kvinna ein svært viktig og nødvendig del av arbeidskrafta då behovet måtte dekkast av familien sjølv, eventuelt ved at naboar og vennar kunne hjelpe kvarandre.<sup>11</sup>

I mellom anna Athen var det forventat at borgarkvinnene skulle i størst mogeleg grad halde seg innanfor sitt hushald, og av den grunn har det skapt utfordringar å skape seg eit bilete av kvinns levekår, for dei fleste av kjeldene skildra forhold som er utanfor heimen.<sup>12</sup> Heller

---

<sup>7</sup> Isager og Skydsgaard, *Ancient Greek Agriculture*, 108.

<sup>8</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 182–89.

<sup>9</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 182.

<sup>10</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

<sup>11</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

<sup>12</sup> Lassen, «Oldtiden», i *Cappelens Kvinnehistorie* bind 1, redigert av Ida Blom (Oslo, Cappelen, 1992), 167.

ikkje kvinna i jordbruket har vorte gjeve stor plass i kjeldene, men ein finn nokre kjelder som likevel omtalar kvinna, men då gjerne i forhold til mannen. Sjølv om kvinna i det antikke greske jordbruket ikkje nødvendigvis syner så godt igjen i dei antikke kjeldene, var ho framleis til stades og deltok i jordbruket og på gardsbruket.

Så kva rolle hadde kvinna i det antikke jordbruket? Det er dette spørsmålet hovudproblemstillinga for oppgåva vert: ***kva var kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket, både i hushaldet og utanfor heimen?***

Det er dette spørsmålet om kvinna og kvinna si rolle eg skal ta føre meg i denne oppgåva. Oppgåva ser på kvinner i hushaldet og på gardsbruket, og eg skal inkludere alle kvinnene på garden, også slavar og tenestekvinner, men hovudfokuset vil ligge på kona og husmora i hushaldet. Eg vil legge fokuset til den arkaiske og den klassiske perioden i greske historie når eg ser på denne problemstillinga.

For å finne svar på spørsmålet skal eg mellom anna sjå på korleis kvinna og kvinna si rolle i jordbruket og på gardsbruket vart framstilt i eit utval av gresk litteratur. Oppgåva vil ta utgangspunkt i perspektiv frå utvalde tekstar av dei greske forfattarane Hesiod og Xenofon. Vidare vert desse tekstane jamført med arkeologisk kjeldemateriale i form av vasemåleri, for å sjå på i kva grad denne framstillinga samsvarast med det arkeologisk kjeldemateriale. Ved å jamføre desse ulike kjeldene vil eg forsøke å sjå om ei komparativ undersøking av ulike kjelder kan belyse kvinna og kvinna si rolle i jordbruket, både innanfor og utanfor hushaldet.

## **1.2 Utval av kjelder**

Ein har nokre tekstar som i ulik grad syner kvinna i jordbruket. Til dømes har ein Hesiod som omtala jordbruket i sitt verk *Arbeid og dager*. Xenofon sitt verk *Oeconomicus* skildra eit *oikos* i byen knytt til jordbruket, og som speila korleis hushaldet truleg var organisert for dei *oikos* som låg på landsbygda. Basert på samtidas samfunnsideal og dei kjeldene ein har om kvinner frå antikkens Hellas, var det heimen som var den dominerande sfæren til kvinner. Kvinna har ikkje fått stor plass i jordbruket då dette var ein mannsdominert sfære, men ein finn likevel spor av både frie og ufrie kvinner som var deltakande i jordbruksaktivitetar. Hesiods verk *Arbeid og dager* setter ikkje kvinnene i noko særleg bra lys, og Hesiod har ein nokså negativ måte å omtale kvinna på. Sjølv om han ikkje gjev kvinna like stor plass som andre forfattarar, til dømes Xenofon, gjev likevel Hesiod plass til kvinna i jordbruket, og kvinna var tydelegare deltakande i utføringa av jordbruksaktivitetar og oppgåver.

Den mest omfattande litterære teksten ein har om kvinner og kvinners plass i samfunnet er Xenofons verk *Oeconomicus*. Verket gjev eit innblikk i kvinns liv gjennom at «the 'model'

husband» Ischomachus skildra i detalj den utdanninga eller opplæringa han har gjeve si kone slik at ho på best mogeleg måte kan vere den ideelle kvinna.<sup>13</sup> Ser ein på Ischomachus med eit moderne blikk kan han oppfattast som både pompøs og patroniserande, men i samtidas kontekst syner han uvanleg respekt for si kone, som ein ikkje kan tenke seg til var noko norm for korleis athenske menn snakka om og behandla sine koner og kvinner i heimen.<sup>14</sup> Tankegangen og haldninga til forfattern Xenofon kring kvinners arbeid og stilling i heimen, kjem til uttrykk gjennom denne Ischomachus-karakteren og måten han omtala si kone. Teksten syner at han ser verdien i kvinna på ein annan måte enn det andre antikke forfattarar har gjort, noko eg vil kome tilbake til.

Flyttar ein blikket over til arkeologien finner ein også igjen kvinna i jordbruket. Til dømes har ein arkeologiske funn som er knytt til kvinnearbeid, og mellom anna vasar og vasemåleri syner kvinna i ulike aktivitetar som var direkte eller mindre direkte knytt til jordbruket. Spesielt innanfor det å omarbeide jordbruksprodukt syner kvinna godt igjen. Deriblant var tekstilproduksjon og omarbeiding av råvare som ull til tekstilar eit felt som var nesten utelukkande kvinneleg arbeid. Kvinna som var avbilda i vasemåleri frå antikken var også til stades ved innhausting av frukt og liknande, og på den måten er det mogeleg å knyte kvinna til jordbruket. Vasemåleria var synlegare på dette enn det dei litterære tekstane er.

Dersom ein nyttar seg av bae antikk litteratur, arkeologiske funn og vasekunst, kan ein i forsøk på å skape seg eit heilskapleg bilete av den antikke jordbrukskvinna. Ei slik jamføring av kjeldematerialet kan dermed vere til hjelp dersom ein skal undersøke korleis kvinna i det antikke jordbruket var, og kva roller ho hadde på gardbruket, i hushaldet og i jordbruket, i periodar av den greske antikken. Bruk av metode vil eg kome tilbake til i kapittel 2.

### 1.2.1 Uttrykk og terminologi

Dei gamle grekarane hadde ikkje noko spesielt uttrykk for landsbygda eller landsbyar, men nytta blant anna uttrykket *chora* til å beskrive det landlege området som låg utanfor byen og som hørde til byen/bystaten, og kan med det minne litt om det engelske ordet *countryside*, som mykje av forskingslitteraturen brukar. I denne oppgåva vil eg nytte meg av *landsbygd* til det den engelskspråklege litteraturen har kalla *countryside* og/eller *village* og *town*. Eg vil nytte norske ord som *gardsbruk* for det som vert kalla *farmstead* og *farms*, og for det som vert omtala som *polis* (*poleis*) nyttar eg for det meste anten *bystat*, eller *by* der det er meir passande.

---

<sup>13</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece* (Cambridge Mass, Harvard University Press, 1995), 140.

<sup>14</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 140.

Mesteparten av folket i det antikke Hellas var anten bønder eller hadde ei sterk tilknytning til jordbruket på ein eller annan måte. Majoriteten av folket i perioden budde innanfor byen, men store delar av folket hadde arbeidet sitt på dei landlege områda kring byen deira, og mange var bønder som budde inne i byen men dagleg reiste ut til arbeidet i jordbruket utanfor byen.<sup>15</sup> Det at mange bønder budde i byen er ein faktor som gjer til at det kan verte utfordrande å skilje bønder frå byfolk i den greske antikken, då spesielt i mindre byar der innbyggjarmassen bestod for det meste av bønder.<sup>16</sup> Mange av dei mindre *poleis* framstod og fungerte nok meir som ein landsby enn som ein by, sia innbyggjarane var bønder som arbeidde med jordbruk kring busetnadsområdet, men ein hadde også mindre slike busetnadar som ikkje var ein *polis*, der folket budde saman i ei kjernebusetnadane og arbeidde i området kring.<sup>17</sup>

I tillegg har ein det gamle greske uttrykket *oikos* som har tre tydingar; familien, familiens eigedom, og hushaldet. I litteraturen vert det ofte brukt engelske ord som *family*, *estate* og *household*, altså er det snakk om det som er i familiens eige av både landområde, gjenstandar og medlemmane av *oikos*, både familien sjølv og arbeidarane og slavane deira. Tydinga av det greske ordet *oeconomicus* omhandlar «ein som er dyktig i å leie eit *oikos*», der *oikos* tyder eit hushald, og i utvida tyding vil *oikos* omhandle både familien og medlemmane av hushaldet, i tillegg til eigedomen som er i hushaldets eige.<sup>18</sup> I denne oppgåva vil eg nytte meg mykje av det norske ordet *hushald* når det er snakk om *oikos*, og dersom noko anna ikkje er spesifisert vil *hushald* omfatte både sjølve huset og dets innhald, både medlemmane av familien og deira arbeidarar og slavar, og eventuell eigedom kringom huset som høyrer til og inngår i *oikos*.

### 1.3 Historisk bakgrunn

Den arkaiske perioden vert ofte tidfesta til mellom kring år 800 og år 500 fvt., då Athens stordomstid byrja å ta form etter sigeren over persarane.<sup>19</sup> Den dominerande samfunnsforma i denne perioden, var *polis*-samfunna (fleirtal: *poleis*) som byrja å vekse fram på byrjinga av 800-talet fvt. etter samanbrotet av dei mykenske palasskulturane kring år 1000 fvt.<sup>20</sup> Busetnadane og grensene for desse samansetningane av bustadar var ofte markert av naturlege barrierar som

---

<sup>15</sup> Hansen, *Polis: An Introduction to the Ancient Greek City-State* (Oxford, Oxford University Press, 2023), 83.

<sup>16</sup> Hansen, «95 Theses about the Greek 'Polis' in the Archaic and Classical Periods. A Report on the Results Obtained by the Copenhagen Polis Centre in the Period 1993-2003» (2003), 273.

<sup>17</sup> Foxhall, «The Village beyond the Village» (2020).

<sup>18</sup> Waterfield, introduksjon til «The Estate-Manager» i *Conversations of Socrates* (London, Penguin Classics, 1990), 271.

<sup>19</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece* (New York, Cambridge University Press, 2007), 1–2.

<sup>20</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 1–3; Rostad, innleiing til omsetjing av *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, (Gyldendal, 2014), 10.

fjell, dalar, elvar og hav. Mange av dei gamle grekarane var bønder som dreiv med jordbruk på landsbygda, og det var denne verksemda som var den viktigaste væringsvegen i perioden.<sup>21</sup>

I perioden var dei borgarlege og politiske rettane førehaldt menn som var born av frie borgarar. Denne røysteretten var ein viktig del av borgarrettane då folkeforsamlinga var det viktigaste avgjerdsorganet der ein kunne verte valt til embete, fekk rett til å bere våpen og plikt til å forsvare staten i krig. Kvinner, born, innflyttarar og slavar, som utgjorde ein viktig del av antikkens økonomi, hadde derimot ikkje desse borgarrettane.<sup>22</sup>

Den arkaiske perioden var ein kritisk periode for folket i antikken, også for kvinnene. Dei sosiale endringane som tok stad i samfunnet ser ut til å ha påverka i stor grad dei kvinnelege medlemmane av samfunnet negativt. Dei nye bystatane førte med seg etableringa av lovar og normer som på sett og vis fastsette ein posisjon og sett med rolle for kvinner. Desse forventingane, rollene og posisjonane i samfunnet var noko som vidare har følgd kvinna gjennom historia.<sup>23</sup> Kjelder syner tydeleg at kvinnene i Athen, spesielt kvinner med høgare status, vart isolerte frå det offentlege livet. Det å sette kvinna i ein slik isolasjon i heimen vart eit statussymbol, og kvinna sin isolasjon vart ein måte å syne fram sin rikdom på. Det var noko som dei som hadde råda til det gjorde, og dei som etterlikna andre og streva etter respekt og status i samfunnet.<sup>24</sup>

Perioden som følgde den arkaiske var det som vert kalla den klassiske perioden i gresk historie, og vert ofte rekna for å vere kring 500- til 300-talet fvt., og årstalet som ofte går igjen er Persarkrigane som byrjing på perioden. Aleksander den stores død i 323 fvt. vert ofte brukt for å markere slutten av perioden. Det klassiske Hellas var prega av krig og krigføring, slik som mange andre periodar i gresk historie, men perioden var også ei blømingstid for gresk kultur, og mellom anna innan litteratur og kunst, underhaldning og historieskriving, og kanskje spesielt for utviklinga av det athenske demokratiet. Oppbløminga av kulturen spreia seg også til andre stader, og gresk kultur hadde i denne perioden påverknad på blant anna Romarriket.

I det antikke samfunnet var hovudnæringa jordbruket, og store delar av til dømes handel- og handtverkssektoren var nært knytt til jordbruket. Handtverkarane produserte og vedlikehald av reiskap som var nødvendige i produksjonen på garden, og dåtidas hovudbeholdarar for lagring og oppbevaring var keramiske beholdarar i ulike størrelsar som ein oppbevarte både

---

<sup>21</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 10–11.

<sup>22</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 11.

<sup>23</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 65.

<sup>24</sup> Walker, «Women and housing in classical Greece: the archaeological evidence» i *Images of Women in Antiquity*, redigert av Averil Cameron og Amélie Kuhrt, (London, Croom Helm, 1983), 81.



vin, oliven, olivenolje, og korn i.<sup>25</sup> For dei fleste av antikkens bønder var drifta og produksjonen på eigen gard for eget konsum. Dei rikaste familiane kunne supplere arbeidskrafta med å eige eller leige slavar, men dei mindre rike familiane måtte sjølve stå for arbeidskrafta og måtte dekke dette behovet for arbeidarar med eiga arbeidskraft i familien eller ved hjelp frå naboar og venar. Kvinna har også truleg utgjort ein viktig ressurs som arbeidskraft, spesielt i innhaustingsperiodar. Dette behovet for kvinneleg arbeidskraft i jordbruket er noko ein ser igjen i andre samfunn også, særleg i dei fleste preindustrielle samfunna i middelhavsområdet. Dei antikke kjeldene seie derimot svært lite om kvinna i jordbruket, då jordbruket ideologisk sett var ein del av mannen sin sfære, medan kvinna sin sfære skulle vere hushaldet.<sup>26</sup>

Generelt såg antikkens menn på kvinna som både intellektuelt og fysisk dårlegare utrusta enn menn, og dei meinte skilnaden kom av natur.<sup>27</sup> Dei gamle grekarane trudde at kvinner og menn var ulike av natur og at gudane hadde gjeve dei desse forskjellane, men det var nok heller dei ulike måtane jenter og gutar vart behandla og lært opp i barndomen som gjorde at det automatisk vart store forskjellar på ein voksen mann og ei voksa kvinne sitt liv, og både på åndelege og fysiske veremåtar.<sup>28</sup>

Det meste ein veit om kvinners liv i det klassiske Hellas er relatert til Athen, då det er her ein har mykje av kjeldematerialet for perioden. Ein kan ikkje bruke den athenske kvinna som ein fasit for alle kvinner i det klassiske Hellas, men då det er her mesteparten av kjeldemateriale kjem frå, kan ein bruke nokre aspekt av liva til den athenske kvinna som eit døme på korleis livet til ei kvinne såg ut i den greske antikken.<sup>29</sup> Livet til kvinner i Athen, i kontrast til andre greske kvinner, var mykje prega av at Athen var ein by som skilde seg ut, både fordi byen var større og rikare og meir mektig enn andre byar. Den athenske populasjonen bestod også av fleire slavar og fastbuande utlendingar enn andre greske byar på denne tida, i tillegg til at den demokratiske institusjonen var meir radikal og innovativ enn det andre demokratiske byar var.<sup>30</sup>

I Athen var derimot kvinna ekskludert frå dei demokratiske operasjonane, og var ikkje involverte i nokon av dei erkjente kulturelle produksjonane. Kvinna vart også ekskluderte og fekk ikkje deltakande i noko av verdsettinga av kulturen. Derfor må ein hugse på at kvinna si oppleving av den klassiske perioden vil kunne skilje seg frå menn si oppfatning og oppleving

---

<sup>25</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 182–83.

<sup>26</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

<sup>27</sup> Lassen, «Oldtiden», 168.

<sup>28</sup> Lassen, «Oldtiden», 167-168.

<sup>29</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 113.

<sup>30</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 113.

av perioden.<sup>31</sup> Denne kjønnsdelinga i samfunnet var faktorar som kan ha påverka liva til kvinnene i Athen spesielt, og som gjer til at dei i ulik grad kan skilje seg frå kvinna elles i den greske antikken. Likevel finn ein fellestrekk mellom den athenske kvinna og den antikke kvinna elles. Generelt var den ideelle kvinna gjerne avgrensa til hushaldet, som vert sett på som den kvinnelege sfæren, der ho sto ansvarleg for huslege syslar og brukte tida si på å ta seg av og oppdra barna i hushaldet, stelle med dei som var sjuke, lagring, rasjonering og lage mat, vasking, tekstilarbeid, og å sjå etter husdyr og stelle med sin eigen hage.<sup>32</sup>

Når det kjem til kvinnene i jordbruket kan ein tenkje seg til at i tillegg til å ha desse oppgåvene i hushaldet, var ho meir deltakande i andre sfærar enn berre den typiske kvinneleg sfæren som det bykvinnene var avgrensa til. Ein stor del av kvinnene var truleg forventa å skulle arbeide utanfor denne tradisjonelle kvinnesfæren, og spesielt på gardsbruk som var avhengig av at heile familien stilte som arbeidskraft, var kvinna ein del av jordbruket.<sup>33</sup> Dei fleste gardsbruka var truleg avhengig av denne arbeidskrafta, då dei fleste gardane var små i størrelse og gjerne ikkje rike nok til å halde slavar eller leige inn anna arbeidskraft.<sup>34</sup>

#### **1.4 Gangen i oppgåva**

Formålet med denne oppgåva er å sjå på korleis vart kvinnerolla i jordbruket framstilt i gresk litteratur, og i kva grad er denne framstilling i samsvar med det arkeologiske materialet. Hovudfokus vil vere på kjelder frå arkaisk og klassisk periode. Vidare er formålet med oppgåva er å syne korleis ein kombinasjon av ulike kjelder kan skape eit bilete av dei antikke jordbrukskvinnene, og korleis denne kombinasjonen av kjeldemateriale kan gjett oss ei breiare bilete enn dersom ein berre skulle leite etter denne kvinna i anten litteratur eller arkeologi. Med det vil eg syne korleis denne kombinasjonen av kjelder er eit nyttig reiskap i søken etter sanninga om fortida.

I kapittel 2 av denne oppgåva vil eg ta føre meg metode og tidlegare forskning som er gjort om nærliggande og relevante tema. Eg vil mellom anna sjå på komparativ metode og korleis det har vorte tillagt antikkens jordbrukssamfunn i tidlegare forskning, og korleis eg kan nytte meg av noko av den same metodikken. Vidare i kapittel 2 vil eg sjå litt på korleis ulike faktorar i både jordbruket og det sosiale er med på å påverke ulike element av menneska og kvinna sitt liv.

---

<sup>31</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 97.

<sup>32</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome» (1995), 211.

<sup>33</sup> Scheidel, *The Most Silent Women of Greece and Rome*, 211.

<sup>34</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

Kapittel 3, vil eg sjå på Hesiod sitt verk *Arbeid og dager*. Verket vert ofte sett på som eit slags læredikt om jordbruk eller ein slags jordbruksmanual, sjølv om verket ikkje berre handlar om dette. Det er i hovudsak menneskets liv som står i fokus i verket, og arvestriden mellom Hesiod og hans bror Perses står som ramme for diktet. Gjennom teksten uttrykker og formidlar Hesiod både praktiske, moralske og religiøse råd for korleis ein skal leve eit hardtarbeidande og rettvis liv.<sup>35</sup> Eg vil trekke fram kvinna si rolle i jordbruket gjennom det Hesiod fortel, eller kanskje til og med ikkje fortel, om kvinna på gardbruket og jordbruket.

Vidare i kapittel 4 vil eg ta føre med Xenofon og hans verk *Oeconomicus*, som er eit verk som utforskar dei økonomiske, praktiske og moralske tydingane av jordbruket og av leiinga og drift av eins eigedom.<sup>36</sup> Eg vil sjå på korleis Xenofon framstille kvinna i *Oeconomicus* og ved hjelp av tekstutdrag sjå på kva syn han hadde på dei ulike kvinnene i hushaldet sine roller og oppgåver. Eg vil også med hjelp av teksten undersøkje korleis forfattere såg på forholdet mellom mannen og kvinna, både i hushaldet og i ekteskapet.

Kapittel 5 vil dreie seg om arkeologisk kjeldemateriale i form av vasar og vasekunst, som avbilda kvinner i ulike settingar som er relevant for jordbruk og gardsbruket/hushaldet. Eg vil med dette analysekapittelet undersøkje korleis vasar frå antikken har framstilt og avbilda kvinner i samanheng med gardsbruk og jordbruksaktivitet. Ein har til dømes vasemåleri som avbildar kvinner som er deltakande i plukking og innhausting av ulike avlingar, noko som skil seg frå antikk litteratur som framstiller kvinna som heimeverande og ikkje deltakande i andre aktivitetar enn det som går føre seg inne i hushaldet.

Etter gjennomgangen av kjeldematerialet i analysekapitela, kap. 3-5, vil eg i kapittel 6 jamføre desse ulike kjeldene og sjå på korleis dei på ulikt sett og vis framstiller kvinna og kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket. Her vil eg undersøkje kva dei ulike framstillingane av kvinna kan fortelje oss om ikkje berre røyndomen, men også om korleis kvinna og kvinnerolla vart oppfatta i antikken. Eg vil så sjå på forskjellane mellom menn sine beretningar om kvinna og kvinnerolla og korleis dei skil seg frå korleis det arkeologiske kjeldematerialet, framstiller kvinna og hennar rolle i det antikke greske jordbruket.

Til slutt vil kapittel 7 utforme ein konklusjon som svarar på problemstillinga min om kvinna og kvinnerolla i jordbruket og på gardsbruket, med fokus på kjelder frå arkadisk og klassisk tid. Konklusjonen vil sjå på korleis desse ulike kjeldene kan nyttast saman for å skape eit heilskapleg bilete av kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket.

---

<sup>35</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 21.

<sup>36</sup> Xenophon, *Memorabilia; Oeconomicus; Symposium; Apology*, omsett av E. C. Marchant (2013), s. 381.

## **Kapittel 2 – METODE OG FORSKING**

I dette kapitlet skal eg ta føre meg metode og forskning kring temaet. Fokuset er på bruken av komparativ metode og kapitlet går mellom anna inn på korleis historikarane Jørgen Christian Meyer og Thomas Gallant har gått fram for å trekke konklusjonar kring det antikke samfunnet ved hjelp av mellom anna komparative metodar. Eg vil også forsøke å gje ei vurdering på om desse metodane og resultata er passande for å skape seg eit bilete av det antikke greske jordbruket. I tillegg skal eg ta føre meg litt forskning kring temaet, og skal mellom anna sjå på livssyklusar i den greske antikken, i tillegg til gardsarbeid og feministiske perspektiv på jordbruket.

Vidare vil eg sjå på metode og bruken av ikonografi som kjeldemateriale, og mest relevant for mi oppgåve vil vere å sjå på vasekunst og kvinnene som vert avbilda på desse måleria. Mot slutten av kapitlet vil eg kome med ei vurdering der eg ser på slik bruk av metode opp mot mitt eige arbeid. Eg skal i løpet av kapitlet undersøke om eg kan nytte meg av slik metode til å finne svar på spørsmål som elles ikkje kjem så tydeleg fram i kjeldene; og korleis eg skal nytte meg av slik metode for å finne svar på mine eigne problemstillingar i masteroppgåva.

### **2.1 Komparativ metode**

Den komparative metoden går ut på, i dette tilfellet, å samanlikne seinare jordbruksmetodar og jordbrukssamfunn med det antikke jordbruket. Metoden forsøker å finne likskapar gjennom kjeldematerialet for å kunne skape eit bilete av korleis det antikke gardsbruket og jordbruket såg ut og gjekk føre seg. Eit spørsmål som dukkar opp når ein nyttar seg av slik komparativ metode i ein historisk samanheng, er i kva grad har det ein samanlikna antikken med, gyldigheit for det antikke? Ein må då sjå på denne gyldigheita ut i frå kva ein kan finne igjen i kjeldemateriale. Og dersom ein ikkje kan finne dette igjen i kjeldene, men at ein heller finner hol i kjeldene, kan ein då nytte denne komparativ materiale for å fylle desse hola i kjeldematerialet? Kan ein til dømes nytte seg av meir moderne samfunn som utfører jordbrukssystemar på den måten ein tenkjer seg til at antikken gjorde det, for å skape eit bilete av korleis jordbruket faktisk gjekk føre seg i antikken, eller vert det dei to geografiske og periodiske jordbrukssamfunna for fjernt til å kunne jamførast med kvarandre?

Når ein nyttar seg av komparativ metode er det viktig å vere merksam på avgrensingane og potensielle fallgruver som kan oppstå ved bruken av slik metode. I sin artikkel om

komparativ metode i historiefaget, understreka historikar Leidulf Melve viktigheita med å vere bevisst på dei kulturelle, sosiale og politiske kontekstane som forma dei historiske fenomena, og at ein må vere forsiktige med å skulle generalisere eller over simplifisere komplekse historiske samanhengar. Sjølv om komparative metodar kan skape utfordringar, argumentera Melve likevel for at komparative metodar kan vere ei verdifull tilnærming i historiefaget for å oppnå ei djupare innsikt og forståing for mellom anna menneskeleg historie og samfunnsutvikling.<sup>37</sup>

Jørgen Christian Meyer har også utforska bruken av komparativ metode, då i sosialantropologisk forskning. Meyer har sett på korleis sosialantropologar nyttar seg av komparativ metode for å analysere kulturelle fenomen på tvers av ulike samfunn og regionar. Han diskuterar i sin artikkel «Socialantropologi og komparativ metode» korleis komparative studiar kan bidra til å identifisere mønster, ulikskapar og likskapar mellom ulike kulturar, samstundes som ein tek omsyn til dei unike kontekstuelle og historiske forhold. Meyer legg her fram sin konklusjon om at komparativ metode kan vere ein verdifull og nyttig metode å ta i bruk i historiefaget, som kan bidra til å fremje forståing for og gjeve eit breiare bilete av menneska si historie. Historikarane kan altså oppnå djupare innsikt i dei ulike forholda i fortida som gjev oss betre forståing for historia.<sup>38</sup>

Vidare har Meyer i sitt arbeid sjølv nytta seg av komparativ metode der han mellom anna har observert eit moderne jordbrukssamfunn som har mange fellestrekk med det antikke, og han har samanlikna faktorar og forhold i dette moderne samfunnet med antikkens jordbrukssamfunn.<sup>39</sup> Dette arbeidet inngår i Meyer sitt kapittel om urtida i *Cappelens kvinnehistorie* (bind 1), og er relevant fordi Meyer sine observasjonar syner ei fiksert framstilling av kvinna og kvinna si rolle i jordbrukssamfunnet som ikkje er heile sanninga men heller eit rollespel av jordbrukssamfunnet. Desse observasjonane har Meyer så nytta seg av når han har sett på det antikke jordbrukssamfunnet, med ein teori om at kanskje også antikkens menn viste eit samfunn i eit slikt rollespel der kvinna ikkje kom til uttrykk i jordbruket.

### **2.1.1 Meyers døme på komparativ metode tillagt antikk jordbrukssamfunn**

Meyer har i *Cappelens kvinnehistorie* skreve mellom anna eit kapittel som tek føre seg eit jordbrukssamfunn i ein tyrkisk landsby, og seie litt om kjønnsdelinga og kvinna si rolle i dette jordbrukssamfunnet. Han samanlikna delar av dette jordbrukssamfunnet med trekk han meina

---

<sup>37</sup> Melve, «Komparativ historie: ei utfordring for historiefaget?» (2009).

<sup>38</sup> Meyer, «Socialantropologi og komparativ metode» i *Ad fontes: antikkvitenskap, kildebehandling og metode*, redigert av Jon W. Iddeng (Norsk Klassisk Forbund, 2000), 229-244.

<sup>39</sup> Meyer, «Urtiden», i Blom *Cappelens Kvinnehistorie* bind 1, redigert av Ida Blom (Oslo, Cappelen, 1992), 107-17.

er felles med tilsvarande antikke jordbruk.<sup>40</sup> Her har han undersøkt, eller observert, blant anna korleis kvinna passar inn i jordbruket og korleis kvinna vart framstilt av mennene i samfunnet. Han snakkar også om at måten mennene i dette samfunnet snakkar om kvinnene på og korleis dei plassera ho i jordbrukssamfunnet, om så ikkje slik det faktisk er i praksis, har fleire fellestrekk med korleis antikkens menn snakka og omtala kvinner i si samtid. Med det trekker han linjer mellom dei to samfunna og brukar dette tyrkiske moderne samfunnet han har observert, som eit hjelpemiddel og verktøy til å fylle inn nokre av hola i den kunnskapen vi har til antikkens jordbrukssamfunn.

I byrjinga av Meyer si undersøking i landsbyen var kvinna lite synleg og haldt for det meste til i heimen og hushaldet, og det var mennene som var synlege både i det sosiale og i jordbruksarbeidet. Etter kvart som Meyer vart ein meir integrert del av samfunnet deira og meir akseptert av folket, såg han derimot at kvinna hadde ei mykje meir omfattande rolle enn det som først vart framstilt i det han kom til landsbyen. Når medlemmane av hushaldet og landsbyen han opphaldt seg i byrja å oppfatte han som ein del av kvardagen, og ikkje som ein framand, fekk han også innblikk i korleis den eigentlege kvardagen gjekk føre seg.<sup>41</sup>

Både mennene og kvinnene gjev uttrykk for at kvinna sin plass er i heimen, og at jordbruk og husdyrhald er mannen sitt domene.<sup>42</sup> Meyer ser derimot at sanninga er litt meir samansett enn det det først vil sjå ut til, og at begge partar, både kvinna og mennene er deltakande i eit slags rollespel som forventast av alle skal verte utøvd i landsbyen. Det er altså slik landsbyen ønsker at ein utanforståande mannleg observatør som Meyer skal oppfatte landsbyen og samfunnet deira som, men ettersom han vart meir integrert såg han eit anna bilete. Dette rollespelet som vart utøvd er avhengig av situasjonen; kvar ein er, kven som er til stades og deira status.<sup>43</sup>

Huset er ikkje mannen sin arena, med mindre det er framande på besøk eller ein som skal sjå dynamikken i familien i form av rollespeldynamikken. Elles vart heimen berre ein stad ein ete og søve for mannen, og det er vanleg at mennene forlete huset tidleg om morgonen og tilbringer gjerne dagen på landsbyen sitt sentrale torg med kafear der han møtte andre menn. På torget og i kafeen herskar mannen uinnskrenka, men det verkar som at det faktisk berre er denne vesle delen av landsbyen som er mennene sitt domene. Til dageleg tilhøyrar huset og det meste av landsbyen kvinnene, dei oppheld seg og arbeider i hovudromma i huset når det ikkje er

---

<sup>40</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>41</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>42</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>43</sup> Meyer, «Urtiden», 109–10.

framande til stades, men det tyder ikkje at kvinna sitt domene er avgrensa til berre husets fire veggar.<sup>44</sup>

Store grupper med kvinner og born sitter ute i gatene og omarbeida jordbruksprodukt, som sortering av linser, omarbeiding av meieriprodukt, og brødbaking vart samla i fleire husstandar. Så sjølv om det som regel er mannen som tek seg av dei fysiske tyngste arbeidsoppgåvene som ofte vart sett på som typiske maskuline oppgåver, er ikkje kvinna si tyding i produksjonen avgrensa seg til ei fordeling av landbruksprodukta. Ho er også viktig i mellom anna lusing og spesielt innhausting av ulike avlingar og det er ho som står for å frakte dei store avlingane heim frå åkeren. Kvinna er altså ein viktig del av arbeidskrafta i jordbruket, sjølv om ho kanskje ikkje er direkte synleg i det store og tunge arbeidet på åkrane.<sup>45</sup>

Meyer samanliknar fleire stader det tyrkiske hushaldet han vart kjent med, med ei homerisk eller Odyssevs sitt hushald. Han hevda at dei ville ha hatt omtrent dei same oppfatningane mellom anna av kva som passar seg sosialt for menn og kvinner.<sup>46</sup> Her nyttar Meyer seg av ein komparativ metodikk der han har sett på tekstar av den antikke forfatternen Homer, som han brukar som grunnlag for det antikke jordbrukssamfunnet, og setter dette opp mot det meir moderne tyrkiske jordbrukssamfunnet han har observert i ein liten periode. Meyers arbeid syner ein måte å bruke komparativ metode på der ein samanliknar to fenomen innanfor same tema og kategori. Ei utfordring som derimot dukkar opp når ein skal nytte seg av ein slik metode innan for dette forskingsfeltet, er tilgangen på kjeldemateriale frå antikken.

Meyer har her valt å bruke litteratur skriven av Homer, nærare sagt Odyssevs, som fell innan for sjangeren episk diktning. Grunna mangel på tilstrekkeleg med kjeldemateriale og gjerne historieskriving som kan fortelje oss om antikken og antikkens samfunn, må ein ofte rette seg mot andre kjelde og typar litteratur, sjølv om dette vil skape nokre utfordringar. Til dømes er ein viktig faktor at ein ikkje kan vere heilt sikker på kva som er sanning og kva som er diktning i slike tekstar, men noko sanning vil det nok ligge i slike tekstar, og ein kan derfor nytte dei som eit slags rammeverk for antikken.

Mangelen på anna kjeldemateriale innanfor feltet gjer til at ein må ta i bruk slike restar frå fortida, sjølv om ein veit at til dømes episk diktning er nettopp det; diktning. Men ved å ta i bruk andre verktøy, som komparative metodar der ein kan samanlikne slikt kjeldemateriale med andre typar undersøkingar eller kjeldemateriale, kan ein skape eit slags bilete som vil vere med på å representere det ein kan sjå føre seg at eit antikk jordbrukssamfunn såg ut, og korleis

---

<sup>44</sup> Meyer, «Urtiden», 110–12.

<sup>45</sup> Meyer, «Urtiden», 110–11.

<sup>46</sup> Meyer, «Urtiden», 107.

samfunnet fungerte. Eg vil seinare i oppgåva mi forsøke å ta i bruk ein slik komparativ metode med at eg samanliknar ulike litterære kjelder frå antikken, med anna kjeldemateriale, som vasar og vasekunst frå antikken som gjev oss ulike innblikk i jordbruket. Før eg tek til på analysen av tekstar og arkeologisk materiale vil eg vidare i dette kapitlet mellom anna sjå litt på livssyklus og gardsarbeid i det greske antikke jordbruket for å skape eit generelt bilete på det antikke jordbruket.

## 2.2 Livssyklus

Grunnsteinen i hushaldsøkonomien i det antikke Hellas var produksjonen, distribusjonen og konsumeringa av mat, og alt dette vart på ulike måta påverka av familien og medlemmane av hushaldet, og blant anna av deira plass i livssyklusane.<sup>47</sup> Eg skal i dette delkapitlet om livssyklusmodellen sjå på historikar Thomas Gallant si framstilling av livssyklusar og korleis han blant anna har tatt føre seg livssyklus både i jordbruket og naturen, og for menneska i jordbruket. Eg har valt å inkludere denne forskinga fordi ei slik oversikt vil vere relevant for å sjå på korleis kvinna si rolle vil variere over tid og variere gjennom livet hennar. Kvinna har i ulike stadie i livet sitt ulike roller som både vart forventa av henne, men også som ho tek seg til i hushaldet og på garden. Livet på garden vart også i ulik grad og til ulike tider påverka av fleire faktorar og syklusar som igjen påverka til dømes arbeidet og arbeidskrafta på gardsbruka. Mellom anna kvinna sin livssyklus påverka garden på ulike måtar.

I dette delkapitlet vil eg også sjå på Gallant si oversikt og metode for å undersøke kaloriinntaket i antikken. Slike studiar om kaloriar, kosthald og næring i antikken er relevant i forskning om kvinna og kvinna sitt arbeid då det kan vere med på å belyse faktorar som påverka kvinna sitt liv, men også korleis kvinna sitt liv og livssyklusar var med på å påverke faktorar og forhold i hushaldet.

Når det kjem til menneskas livssyklus i den arkaiske og klassiske periodane, er dette eit tema som må sjåast saman med både hushaldet og samfunnet. I følgje Gallant er nokre av dei viktigaste faktorane som utgjer utviklinga av familie- og livssyklusane, menn og kvinners giftemålsalder, mortalitet, fruktbarheit, tidsintervall mellom graviditet og fødsjar, spedbarnsdødelegheit, og bustadmønsteret til barna når dei vart gift. Ikkje alle desse faktorane har ein svar på når det kjem til det antikke Hellas, men nokre av temaa kan ein finne svar på.<sup>48</sup>

---

<sup>47</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece* (Cambridge, Polity Press, 1991), 60.

<sup>48</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 17.



Oversiktsverk om arkaisk tid syner korleis livssyklusar vert undersøkt og delt i ulike fasar i livet, og i arkaisk tid såg ein på livssyklusen som delt i periodar på kring sju år, og vert kalla *hebdomads*. Ei slik inndeling i sju-års periodar for i livssyklusen var også vanleg i klassisk tid.<sup>49</sup> Eg vil ikkje ta føre meg ei veldig detaljert oversikt over alle desse livssyklusane her, men eg vil seie litt om dei meir overordna stadiene i livssyklusen; fødsel og barndom, ungdom, giftemål og død. Fødsel var eit viktig, men utfordrande stadia for både kvinna og barnets liv i antikken, men det er lite kjeldemateriale som fortel oss om denne delen av livssyklusen. Ein fødsel var for heile hushaldet ei krevjande hending, grunna blant anna dårleg hygiene og mangelen på sofistikert medisinsk kunnskap, sette ein fødsel både mor og barns liv i fare.<sup>50</sup> Men av dei borna som overlevde fødsel og dei første viktige åra i livet, venta eit liv i eit samfunn basert med ein familiestruktur som var styrt av patriarkalske mannlege overhovud.

Antikkens gutar og jenter vaks opp i sterkt patriarkalske familier der overhovudet i familien, *kyrios*, herska over dei andre i hushaldet. *Kyrios* hadde full råderett over gutane til dei fylte 18 år, og over jentene til dei vart gifte.<sup>51</sup> Dei første åra i barndomen var for jenter og gutar nokså lik, men etterkvart som dei vaks til endra dette seg. Etter barndomen og det første stadiet, skil kvinner sin livssyklus seg frå menn, der kvinna si livssyklus var meir definerte ut i frå moderskap, medan menn framleis var definerte ut i frå alder.<sup>52</sup> Sønene i huset vart lærde opp til å vere fysisk sterke og intellektuelle skulerte. Det var viktig at sønene lærte seg å vere modig og å kunne styre familien og deira økonomi, og vidare å kunne ta del i statsstyringa når den tid kom. Jentene i familien derimot vart for det meste haldt inne i huset der ho lærte seg å lese og skrive, men denne lese- og skriveferdigheta var berre for bruk i hushaldet og ikkje i ei statleg rolle slik som det var forventa av gutane. Vidare fekk ho også opplæring av si mor og gjerne slavar og tenestekvinner i huslege syslar som spinning og veving, og det å styre eit hushald.<sup>53</sup>

Når det kjem til giftemål og giftemålsalder er det ein viktig faktor for korleis hushaldet vart forma og for hushaldets sin livssyklus, og det er fleire ulike faktorar som igjen påverkar denne giftemålsalderen.<sup>54</sup> Kjeldemateriale frå antikkens Hellas indikera at det vart forventa, og anbefalt, at menn skulle ta seg ei kone i ein alder kring 30 år. Det var ingen fast regel, men det var forventa at ein mann, spesielt dersom han var eldste sonen i familien, skulle gifte seg etter hans far døde eller dersom hans far var klar for å overlata sin kontroll over hushaldet til sin son.

---

<sup>49</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 85–86.

<sup>50</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 87.

<sup>51</sup> Lassen, «Oldtiden», 169.

<sup>52</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 86.

<sup>53</sup> Lassen, «Oldtiden», 169.

<sup>54</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 17–18.

Ein kan dermed tenkje seg til at ein typisk gresk mann ville gifte seg i ein alder mellom 25 og 30 dersom mogeleg.<sup>55</sup> Det var derimot ikkje nødvendigvis at alle menn gifte seg i denne alderen, og det ser ut til at det også kan ha vore vanleg for den nye sjefen i hushaldet å utsette sitt eige giftemål etter sin fars død dersom han til dømes hadde systrer som ikkje var gifte enda. Då førekom det gjerne at han sjølv venta med å gifte seg til han hadde gifta vekk systrene sine før han sjølv tok sei ei kone.<sup>56</sup>

Ser ein til kvinner kan det sjå ut til at det vart oppfatta at dei var «gifteklare» ved sin første mestrasjon, i ein omtrentleg alder av 14 år, og at dei kort til etter dette bør stå brud, noko som vart understreka av mellom anna den greske forfattaren Hesiod, som eg vil kome tilbake til i eit seinare kapittel.<sup>57</sup> Ein har derimot ikkje noko som tyder på at menstruasjonen nødvendigvis var noko føresetnad for at ekteskap kunne arrangerast, og det finnast nok tilfelle der jenter vart gifta vekk både før og etter 14-årsalderen.<sup>58</sup> Historikaren Gallant meiner at det er meir truleg at gjennomsnittsalderen for faktisk giftemål for jenter låg på kring 16 til 19 år, sjølv om oppfatninga var at dei var gifteklare ved ein tidlegare alder.<sup>59</sup> Ved giftemål vart jenta overført frå farens myndigheit til sin ektemann, både juridisk og økonomisk. Med seg inn i ekteskapet hadde jenta med seg ei medgift som ofte var ein del av hennar fars formue, og kunne vere mellom anna eigedom.<sup>60</sup>

Forventa levealder og mortalitetsrate i antikkens Hellas er for det meste tolka ut i frå arkeologisk kjeldemateriale i form av menneskelege skjelettrestar. Eit sannsynleg estimat er at den gjennomsnittlege levealderen for menn i klassisk tid låg på 40 år og for kvinner kring 38 år.<sup>61</sup> Når det då kjem til ekteskap, dersom ein tenkjer seg at menn gifta seg i 25-30 års alderen og jentene i 16-19 års alderen, kunne ein forvente at eit ekteskap varte i 10-15 år. Det var dermed vanleg og høgst sannsynleg at dersom ei kvinne overlevde alle barnefødslane, at ho ville etter kvart verte enke. Det var då forventa at enkene skulle bu og leve med sønene sine, og det var hennar born si plikt å ta vare på si mor dersom ho skulle overleve hennar ektemann. Dersom enka derimot skulle stå utan born eller berre spedbarn vart det forventa at kvinna skulle gifte seg på ny.<sup>62</sup>

---

<sup>55</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 18.

<sup>56</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 18.

<sup>57</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 18; Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 696–8.

<sup>58</sup> Lassen, «Oldtiden», 171.

<sup>59</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 19.

<sup>60</sup> Lassen, «Oldtiden», 171–72.

<sup>61</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 19–20.

<sup>62</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 26–27.

Gallant har også presentert det han kalla hushaldets livssyklus, og foreslår det til å ligge på ein syklus på omkring 24 år, som han delar inn i åtte tre-års periodar. I ei oversikt laga av Gallant har han delt inn ei oversikt over tre typar hushaldningar i forhold til familiemedlemmar og kven som bur i husstanden. Den første er det ein kan kalle kjernefamilie der ein har anten eit ektepar aleine, eit ektepar med deira ungar, eller enker med deira barn. Den andre er storfamilien som ein kan seie består av eit ektepar og deira avkom, i tillegg til andre slektningar, som til dømes foreldre eller søsken av ekteparet, eller søskenbarn og onklar og tanter. Den siste familie typen Gallant presentera er «fleirfamilieeining» som består av to eller fleire storfamiliar som er tilhøyrande kvarandre gjennom slektskap og familie relasjonar, eller ekteskap.<sup>63</sup>

Eit nytt hushald (*oikos*) vart forma når den eldste sonen giftar seg, i det han var i slutten av 20-åra når hans far mest truleg var død eller har overlata hushaldet til sin son. Hans mor, mest sannsynleg enke på dette tidspunktet, og truleg også eit søsken vil framleis vere buande i hushaldet. Dersom det skulle vere jenter i familien vil ho truleg allereie vore gift og ha flytta ut av barndomsheimen sin og inn i hushaldet til sin ektemann.<sup>64</sup> Det var derimot også mogeleg at jentene ikkje enda var gifte, og det var då hushaldets nye overhovud sitt ansvar å skaffe desse ein ektemann.

Det nye ekteparet har truleg byrja reproduksjon kort tid etter forminga av det nye hushaldet. I denne første fasa er det derfor truleg at det var fleire ulike medlemmar av hushaldet til det nye ekteparet, men etter kvart som enka døyr og dei yngre søskena vart gifte, var det ekteparet og deira born som vart verande igjen i hushaldet. Deretter vil hushaldet halde fram med denne kjernefamilien, og eventuelt andre medlemmar av hushaldet som til dømes slavar og arbeidarar, før det mot slutten av dei siste fasane i hushaldets livssyklus byrja å gå mot at syklusen tar til på ny med at faren i hushaldet etterlet seg ei enke og ungar, som anten var gifta bort og flytta ut, eller som ventar på å ta over og etablere sitt eige hushald.<sup>65</sup> Med det vil hushaldets livssyklus byrje på nytt med den nyetablerte familien saman med resten av storfamilien, før desse etterkvart også flytter ut eller fell vekk, og den nyetablerte familien sit igjen i eit hushald med mindre medlemmar ettersom storfamilien har vorte ein kjernefamilie.

Når det kjem til bustadmønster og korleis dei ulike familiemedlemmane busette seg, kan ein rette blikket mot arkeologiske funn som kan fortelje oss noko om bustadmønster. Til dømes kan funn av ein landsby frå klassisk tid nord i Hellas, fortelje oss at det i over ein periode på 120 år ikkje vart sett opp nokon nye bygningar og husstandar. Det kan sjå ut til at det ikkje har

---

<sup>63</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 22.

<sup>64</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 29–30.

<sup>65</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 27–30.

vorte bygd noko nye bygg for nygifte og nyetablerte familiar. Ein ser i staden fleire tilfelle der fars-hushaldet vart delte i fleire mindre einingar. Også andre stadar har ein funne liknande arkeologiske funn der det ser ut til at det var meir vanleg at ein etablerte nye hushald i dei tidlegare hushalda, i staden for at den nyetablerte familien flytta for seg sjølv.<sup>66</sup>

Då har altså dei nyetablerte familiane busett seg i dei gamle hushalda, og heller delt desse med til dømes søsken, enn å flytte vekk og byggje seg nye hus og gardsbruk. Dette støttar også opp under Gallant sin teori om at hushaldet i nokre periodar av hushaldets syklus bestod av fleire generasjonar og ikkje berre kjernefamilien, men også enker, yngre og ugifte søsken, i tillegg til dei nygifte og nyetablerte familien. Det er også sannsynleg at dei som hadde råda til å eige slavar også hadde slavar, tenestefolk og arbeidarar i hushaldet, då huseigar/slaveeigar også var ansvarlege for desse.

### 2.2.1 Kaloriinntak og kosthald

Eg skal her sjå på Gallant sin metode og forskning på kaloriinntak for antikkens menneske.<sup>67</sup> Det er relevant å skulle sjå på då ernæring og kosthald har innverknad på ulike faktorar på garden, i tillegg til at *kvinna* sine ulike stadia i livssyklusen har påverknad på både behov og inntak av kaloriar. Livssyklusmodellane som Gallant diskuterar, syner til dømes kaloriinntaket i antikken. Behovet for kaloriar seier oss noko om behov for mat og dermed også for produksjon av avlingar i jordbruket. Kjernen i antikkens hushaldsøkonomi var produksjonen, distribusjonen og inntaket av mat og matvarer. Bøndene dreiv arbeidskrafta for produksjon for å møte behovet for mat og varer, men dei var vare på at ein ikkje skulle la arbeidskrafta overgå slitet slik at arbeidet overgjekk vinninga av produksjonen.<sup>68</sup> Ei analyse av kaloriinntak kan vere med på å auke vår forståing for til dømes sosioøkonomiske, kulturelle og biologiske faktorar som hadde innverknad på kvinna sine liv i den antikke verda.

Grunna eit utilstrekkeleg kjeldemateriale frå antikken har Gallant valt å basere sine estimat av dei mest sannsynlege diettane på (a) ei moderne anbefalt kaloribehov, og (b) faktiske observerte level av kaloriinntak frå landlege Hellas og andre tilsvarande bondekulturar.<sup>69</sup> For å svare på spørsmålet om kor mykje kaloriar ein konsumerte i antikken, har Gallant sett på moderne tal og informasjon, der han har gjort eit utval basert på det anbefalte kaloriinntaket for individ av gjennomsnittleg vekt og aktivitet i dei ulike aldersgruppene. Frå desse data, har han

---

<sup>66</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 22.

<sup>67</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 60–112.

<sup>68</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 60.

<sup>69</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 62.

lagt fram forslag til ein diett, for så å prøve det opp mot materielle leivningar, som organisk avfall og menneskelege kroppar, og har med det sett sannsynet mellom modell og realitet.<sup>70</sup>

Gallant ser på korleis empiriske data samsvara med anbefalt estimat av kaloriinntak, og spør om dei kan stå for ei korrekt rettleiing for den faktiske åtferda hjå bøndene. Han ser også på mat og matvarer, og i kva proporsjonar moderne Middelhavs bønder konsumera for å kunne nå desse nivåa.<sup>71</sup> Ved å jamføre ulike observasjonar meina Gallant at det er forsvarleg at desse undersøkingane kan danne eit bilete av ein typisk gresk bonde-diett, og han konkludera med at dette er verktøy ein til ei viss grad generelt kan nytte seg av for å vurdere eit sannsynleg kosthaldsregime for antikkens bønder.<sup>72</sup>

Organisk materiale i form av mellom anna menneskekroppar og skjelett bevarte frå antikken er eit anna kjeldemateriale ein kan nytte.<sup>73</sup> Studiet av menneskeleg skjelett tilbyr eit rikt utval av informasjon som kan gjeve oss innsikt i mellom anna kvinna sitt liv. Det er det einaste feltet som direkte studera dei faktiske kvinnene som levde og arbeidde i antikkens Hellas, og studiet av desse skjelettrestane kan gje breiare forståing for samspelet mellom biologi, miljø og kultur som utgjorde kvinnenens liv i antikken.<sup>74</sup>

Forskar Maria Liston forklarar i sin artikkel at i tillegg til å sjå biologiske kjønnsforskjellar kan kulturelle variasjonane i kjønnsroller også resultere i observasjonar av forskjellar i mannlege og kvinnelege skjelett. Forskjellar i tilgang på matressursar og medisinsk behandling, miljøforhald, isolasjon eller avgrensing av kvinna, kjønnsrelaterte aktivitetar og arbeidsmønster, føre til at ein kan observere fysiske forskjellar mellom kjønna.<sup>75</sup> Dette kan igjen fortelje oss at ein ser forskjellar mellom kjønna på desse faktorane og det bekreftar til ei viss grad eit skiljet mellom kjønna i samfunnet på fleire plan.

Gallant har nytta seg av nokre av desse studiane gjort på feltet frå gresk arkeologi, og basert på den kunnskapen ein hadde på dåverande tidspunkt, har han kome fram til nokre slutningar for ein generell næringsstatus og kaloriinntak i den greske antikken kring periodane klassisk og hellenistisk tid.<sup>76</sup> Ut i frå forkinga kring skjelett, har Gallant kome fram til at

---

<sup>70</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 62.

<sup>71</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 63.

<sup>72</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 66–67.

<sup>73</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 68.

<sup>74</sup> Liston, «Reading the Bones: Interpreting the Skeletal Evidence for Women's Lives in Ancient Greece» i *A Companion to Women in the Ancient World*, redigert av Sheila Dillon og Sharon James (Oxford, Blackwell Publishing, 2012), 125.

<sup>75</sup> Liston, «Reading the Bones», 125.

<sup>76</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 69.

resultata frå desse undersøkingane kan gjeve oss innblikk i den antikke dietten gav menneska tilstrekkeleg med kaloriar for god vekst.<sup>77</sup>

Kosthaldet i den greske antikken varierte ut i frå fleire ulike faktorar, som regionar, tilgjengelege ressursar, og sosial status. Variasjonar i dietten kom også av faktorar som sesong, vêr og klima, individuelle preferansar, og resultat og produksjon frå avlingar. På landsbygda bestod dietten og kosthaldet ofte av enkle men næringsrike matvarer. Viktigast var korn, olivenolje og frukt. Grønsaker, meieriprodukt, fisk og sjømat, kjøt og honning var også vanlege matvarer og typisk for den greske dietten. I ei oversikt presentert av Gallant består kaloriane i dietten i antikken av omkring 65% korntypar, 25% grønnsaker og belgfrukter, og 10% olivenolje og vin.<sup>78</sup> Det store kaloriinnhaldet i korn gjer det til ei viktig energikjelde i dietten til dei gamle grekarane, men korn inneheld også mange andre viktige næringsstoff. Korn gjev også god tilskot av protein, B-vitamin og andre næringsstoff, så korn var ein viktig del av kosthaldet som elles inneheld små mengde animalske produkt, som var tilfelle i Middelhavsregionen.<sup>79</sup>

Dersom dei gamle grekarane opplevde nedgangstider i produksjon og mangel på mat, kunne dei nytte seg av eit utval av ville ressursar for å supplere og/eller erstatte det normale kosthaldet dersom det oppstod manglar i tilgangen på dei normale matvarene.<sup>80</sup> Det er då snakk om plantar og flora, dyr og fisk som lev vilt i naturen, men desse ressursane var berre ei midlertidig løysing på matmangel og var ikkje noko ein kunne livnære seg av i lengre periodar.<sup>81</sup>

I hushaldet har både kvinna og mannen sitt liv, og kvar i deira livssyklus dei er, innverknad på både hushaldet, jordbruket og kaloriinntaket. Ernæring er spesielt viktig og avgjerande for reproduksjon, og kosthald og kaloriinntak vert derfor spesielt viktig i dei livssyklus stadia då kvinna ber fram born, og i periodane då borna er i vekst. Slike variasjonar syner igjen i Gallant sitt arbeid, der han har kome fram til at kaloriinntaket for hushaldet var høgast i dei første livssyklusane til hushaldet.<sup>82</sup> I denne fasen av hushaldets livssyklus var det gjerne ein nyetablert familie som styrer i hushaldet, i tillegg til eventuelle ugifte søsken av hushaldets overhovud, og truleg ei eldre mor som var enke. I denne delen av hushaldets livssyklus var det flest medlemmar, og det vil derfor krevjast meir mat og eit høgare kaloriinntak.

---

<sup>77</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 72.

<sup>78</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 72.

<sup>79</sup> Foxhall og Forbes, «Sitometreia: The Role of Grain as a Staple Food in Classical Antiquity» (1970), 46.

<sup>80</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 115.

<sup>81</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 116.

<sup>82</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 72.

Etterkvart som hushaldet gjekk inn i sine neste fasar, der dei ugifte søskena giftar seg og den gamle mora døy, vil kaloriinntaket i hushaldet gå ned. Men ettersom dei små ungane i hushaldet veks opp og byrja å konsumere like mykje kaloriar som dei vaksne, vil igjen kaloriinntaket gå opp, for så å gå ned igjen når ungane giftar seg og flyttar ut. Så vil hushaldets livssyklus byrje på nytt med eit nytt ektepar som innleia eit nyetablert hushald og med det vil kaloriinntaket auke igjen. Slik vil kaloriinntaket til hushaldet variere over tid etter som det var ulike aldrar og medlemmar i hushaldet.<sup>83</sup> Kaloriinntaket til kvar enkelt individ vil også variere over tid og gjennom dei ulike livssyklusane til individa. Behovet for kaloriar vil også variere ut i frå jordbruket og naturens livssyklusar, då periodar med meir arbeid og tyngre periodar i jordbruket mellom anna vil krevje meir av arbeidarane, vil det krevje meir tilførsel av energi og mat for arbeidarane, og dermed vil kaloribehovet i periodar vere høgare.

Både kaloriinntak og arbeidskraft vart påverka av livssyklusar og livssituasjonar til ei kvar tid, noko som også påverka hushaldets livssyklus. For kvinner vil kaloriinntaket og behovet variere i dei ulike stadia, til dømes vil ei kvinne som var gravid og/eller ammar ha eit større behov for energi og mat, noko som aukar kaloribehovet både for kvinna og for hushaldet. Slike variasjonar i kvinna sitt kaloribehov vil sjølvstøtt påverke andre faktorar. Til dømes vil ei auke i kaloribehov føre til at ein må tilføre hushaldet meir kaloriar gjennom å anten skaffe seg meir næringsressursar eller å produsere meir på garden.

Ein annan faktor er kvinna si arbeidskraft i jordbruket, som i slike situasjonar gjerne vil vere svekka, anten fordi ein ikkje let kvinna arbeide like mykje grunna ein graviditet, fordi kvinna var oppteken med anna husmors-arbeid som å passe og ta vare på borna, eller fordi kvinna ikkje hadde kapasitet til å delta. Plasseringa av arbeidskraft inn i hushaldet vil også føre til at gardsbruket måtte skaffe seg meir arbeidskraft ved å få hjelp av andre eller å leige/kjøpe arbeidskraft, eller så måtte dei andre medlemmane i hushaldet auke sitt arbeid med å ta over oppgåver som kvinna ikkje lenger kunne utføre. Vidare kan eit auka behov for arbeidskraft føre til at kaloribehovet for andre medlemmar av hushaldet også auka. Slik kan ein tenkje seg til at kvinna sin livssyklus på ulike måtar påverka både dei andre medlemmane i hushaldet, hushaldets økonomi og hushaldets produksjon og organisering av arbeid.

### **2.2.2 Jordbruks- og gardsarbeid**

Ideelt sett var arbeid i jordbruket delt etter kjønn, der arbeidet til kvinna var knytt til heimen, og då spesielt tekstilarbeid, medan mannen sin arbeidssfære var jordbruket. Arbeidet var

---

<sup>83</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 73.

kjønnsdelt, og det kvinne-spesifikke arbeidet og idealet om at kvinna skulle vere i heimen og styre hushaldet var både eit sosialt og eit etisk ideal i antikken. Det var meir ideelt for ei kvinne å halde seg inne i heimen då ho på denne måten kunne leve eit meir «vakkert» liv.<sup>84</sup> Denne avgrensinga av kvinna var truleg mest retta mot dei kvinnene som var høgare oppe i det sosiale livet, og dei lågare laga av samfunnet og fattigare kvinnene hadde det nok litt annleis. Berre ein liten del av alle dei antikke kvinnene levde slike inne-liv, og dette er snakk om familiar der som regel menn av ein viss sosial og økonomisk status hadde mogelegheita til å halde konene og døtrene sine innandørs.<sup>85</sup>

Andre kvinner som tenestekvinner og slavar hadde også anna arbeid enn det den frie kvinna, til dømes kona i huset, døtrer og andre kvinnelege slektningar, hadde. Spesielt Hesiod skil mellom den frie og ikkje frie kvinna og han skapar ein stor distinksjon mellom det å vere fri kvinne som var avgrensa til hushaldets sfære, og det å vere ufri slave eller tenestehjelp som han såg på som ein del av gardsbrukets arbeidskraft. Frie og ufrie kvinner vil eg gå meir i detalj på i kapittelet mitt om Hesiod.

Begge dei greske forfattarane som står i fokus i denne oppgåva, Hesiod og Xenofon, og andre forfattarar som eg vil nemne, til dømes Aristoteles, framstilte alle dette idealet om kjønnsdeling av arbeid og den ideelle kvinna som «arbeidar» i hushaldet og ikkje utan for huset. Men desse forfattarane har til felles at dei alle var menn og dei vil med det framstille det som dei ser på som ei ideal kvinne, i tillegg til at dei høyrde til eit høgare lag av samfunnet der det var meir vanleg for kvinna å vere knytt til heimen. Lågare lag av samfunnet derimot vert ikkje like mykje omtala, men ein ser eit skilje her der familien og kvinna var meir avhengig av arbeidskraft til fleire arbeidsoppgåver, uavhengig av kjønn.

Dei familiare som høyrde til fattigare lag av samfunnet var meir avhengig av at alle bidrog i heimen og hushaldet. Fattigare kvinner var mest sannsynleg meir synleg i anna arbeid enn det kvinna i dei høgare lag av samfunnet var. I antikkens Hellas var store delar av arbeidsstyrken sysselsett i jordbruket, og dei fleste småsamfunna var basert på ein jordbruksøkonomi der ein var sjølvforsynte og produserte dei grunnleggande matvarene og jordbruksprodukta sjølve. Denne sjølvforsyninga i jordbruket gjorde til at ein var avhengig av at store delar av befolkninga deltok og var engasjerte i jordbruket.<sup>86</sup> Spesielt var det viktig for dei fattigare familiare og husstandane at alle bidrog økonomisk til husstanden, og det er dermed truleg at desse kvinnene også deltok i jordbruket, iallfall dei som høyrde til nettopp dei mindre

---

<sup>84</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 205–6.

<sup>85</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 207.

<sup>86</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 207.



gardsbruk og fattigare familiar. Dei var truleg meir deltakande i jordbruket og gardsarbeidet enn det dei rikaste konene og husmødrene var då rikare familiar hadde betre råda til å hyre inn og lønne ekstra arbeidskraft.<sup>87</sup> Dette syner også igjen med at det var sett andre forventingar til kvinner som var slavar og tenestefolk, då desse deltok i mellom anna jordbruksarbeid i tillegg til arbeid i hushaldet.

Det var sjølvsagt ulikskapar og variasjonar i kor mykje kvinnene deltok, og det var avhengig av ulike faktorar som til dømes størrelsen på garden og produksjonen, og kor mykje arbeidskraft (utanom kvinna) som var tilgjengeleg til å delta i arbeidet på garden.<sup>88</sup> Ikkje berre var det ulikskapar mellom dei ulike kvinnene i ulike lag av samfunnet, kvinna hadde også ulikt arbeid til ulikt tid og alder i livet. I barndomen var jenter og gutar ikkje skilt på same måte som seinare, men i det dei nådde ungdomstid såg ein eit skilje der jenter vart sett til å verte opplærde av sine mødrer og andre kvinner i hushaldet til arbeid som var typisk for kvinna i hushaldet, som veving, spinning og anna tekstilarbeid. Og ikkje minst fekk jentene opplæring i korleis ein skulle drive og styre eit hushald, slik at når dei snart var gifteklare i ein alder kring 15 år, var klare til å styre sitt eige hushald.<sup>89</sup> Etter giftemål vart jentene ansvarlege for sine eigne hushald, og arbeidet og ansvaret for hushaldet og tekstilproduksjon fell på dei.

På garden var det ulike arbeidsoppgåver som skulle utførast til ulike tider på året, blant anna vart husdyrstell, dyrking og hausting av avlingar, og produksjon av råvarer som til dømes tekstil, viktige oppgåver som skulle utførast. Dyrking av korn var ei viktig oppgåve då korn, spesielt kveite og bygg, var dei grunnleggande avlingane i det greske jordbruket. Kornavlingar vart dyrka over store områder og utgjorde hovuddelen av kosthaldet til den greske befolkninga i antikken. Historikarane Lin Foxhall og H. A. Forbes har gjennom sitt arbeid kring korn og kornprodukt i antikken synt viktigeita med denne typen matvarer.<sup>90</sup> I si forskning har dei kome fram til at dei tidlegare antekne estimata på at dietten bestod av 70-75% korn, er noko høg, men at det ikkje er tvil om at korn var den viktigaste næringskjelda i kosthaldet til dei gamle grekarane.<sup>91</sup>

Også drue og oliven produksjon var viktige avlingar i antikken, då druer var viktig for produksjonen av vin som både var ei matvare for dei gamle grekarane, men også ei viktig eksportvare som vart eksportert til andre delar av Middelhavsregionen. Olivenolje var også ei svært viktig råvare i den det greske samfunnet, og oliven vart dyrka over heile regionen.

---

<sup>87</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 210.

<sup>88</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 210.

<sup>89</sup> Lassen, «Oldtiden», 169.

<sup>90</sup> Foxhall og Forbes, «Sitometreia».

<sup>91</sup> Foxhall og Forbes, «Sitometreia», 71.

Olivenolje var blant anna ein grunnleggande komponent i dietten til dei gamle grekarane, men den var også viktig til bruk av belysning, kosmetikk og religiøse seremoniar.<sup>92</sup> Dyrking, stell og innhausting av slike avlingar var ein viktig del av gardsarbeidet, og gjerne arbeid som kvinna var deltakande i.

Dei gamle grekarane måtte også tilpasse seg det ujamne og fjellrike terrenget i regionen. Det kravde god tilpassing i terrenget for å lukkast, og avanserte vatnings- og dreneringssystem måtte byggast, til dømes vart det bygd terrassejordbruk der terrenget gjorde til at slikt var nødvendig.<sup>93</sup> Andre jordbruksaktivitetar og gardsarbeid som var viktig i det antikke greske samfunnet var stell av dyr, hagebruk og vedlikehald. Biprodukt frå dyr var også ei viktig næringskjelde i dietten for dei gamle grekarane, deriblant kjøt og mjølk. Husdyra inkluderte til dømes storfe, hestar og esel, geiter, sauer, svin, bier og fjørfe som alle gav viktige biprodukt som kjøt, mjølk, egg, ull og honning som var verdifulle matvarer og ressursar.<sup>94</sup> Hagestell og vedlikehald var også viktige arbeidsoppgåver då det var vanleg med større eller mindre frukthagar på gardsbruka, der dei mellom anna dyrka fiken, dadlar, oliven, druer, og andre typar grønsaker.

Kvinna var også deltakande i slikt arbeid, kanskje ikkje i dei aller tyngste jordbruksaktivitetane, men ho var til stades. Spesielt var dyrking og innhausting arbeidsoppgåver som kvinna var aktivt deltakande i. Kvinna var som nemnt, for dei aller fleste husstandane ei viktig og 'billig' arbeidskraft då ho var eit medlem av hushaldet og dermed forventa å delta i å auke vinninga for hushaldet. Arbeid kravde derimot energi og eit kosthald som kunne dekke behovet for den energien ein trengde for å utføre alt dette arbeidet.

### **2.3 Ikonografi som historisk kjeldemateriale**

I mi oppgåve skal eg som nemnt ta føre meg vasar med vasemåleri som syner kvinna, og eg vil då gå fram med å nytte meg av ikonografiske analysar der eg tolkar bileta på desse vasane. Ikonografisk analyse er ei tilnærming innan mellom anna kunsthistorie og kulturvitskap som fokusera på tolkinga av symbol, bilete og visuelle element for å forstå konteksten og tydinga av desse motiva og bileta. Ei slik ikonografisk analyse går altså ut på å identifisere og tolke dei symbola som ein finn i eit bilete eller i og på andre visuelle framstillingar og representasjonar.<sup>95</sup>

---

<sup>92</sup> McHugh, *The Ancient Greek Farmstead* (Havertown, USA, Oxbow Books, 2017), 85.

<sup>93</sup> Isager og Skydsgaard, *Ancient Greek Agriculture*, 15–18.

<sup>94</sup> Isager og Skydsgaard, *Ancient Greek Agriculture*, 83–102.

<sup>95</sup> Burke, *Eyewitnessing: The Uses of Images as Historical Evidence* (London, Reaktion Books Ltd., 2019), 41–43.

I boka «Eyewitnessing: The uses of images as Historical Evidence» utforska historikar Peter Burke korleis bilete fungera som historisk kjeldemateriale og korleis desse kan brukast som kjelder i historisk forskning. Burke argumentera for at visuelle kjelder, som til dømes måleri, illustrasjonar og kunst, ikkje berre kan syne oss røyndomen, men også bidra til å forme og utvikle vår forståing for fortida og historia.<sup>96</sup> Ved hjelp av ulike dømer og framstillingar, syner Burke korleis bilete og illustrasjonar kan nyttast som historiske dokument for å utforske ulike tema, som til dømes kulturelle og sosiale aspekt ved eit samfunn. Ved å anvende ei ikonografisk tilnærming kan ein ved å tolke til dømes måleri og illustrasjonar syne ei djupare og meir underliggende forteljing, verdiar og ideologiar som ligg i bakgrunnen på desse visuelle representasjonane av fortida.<sup>97</sup> Burke syner i denne boka korleis ikonografisk analyse kan vere med å bidra til ei større forståing av historia, ved at ein kan avdekke informasjon om fortida som tydeleg eller mindre tydeleg framstilt i ulike typebilete.

Historikar Sian Lewis har gjort ein studie av bilete og illustrasjonar i si bok «The Athenian Woman: an iconographic handbook», og tek her føre seg representasjonen av kvinner i antikkens Athen ved hjelp av ikonografisk analyse. I denne boka tek Lewis føre seg illustrasjonar frå kjeldemateriale som måleri, keramikk, skulpturar og myntar, og ser på korleis kvinna har vorte avbilda på desse gjenstandane og kva dette kan fortelje oss om kva rolle kvinna spelte i det athenske samfunnet.<sup>98</sup> Lewis har også nytta seg av komparativ metode ved å mellom anna samanlikne og sjå likskapar mellom sine tolkingar av dei ikonografiske kjeldene, og til dømes litteratur frå antikken. Under kapittelet om husarbeid har Lewis også skreve litt om jordbruk, og i denne delen har ho inkludert blant anna Xenofon.<sup>99</sup> Lewis understreka her at Xenofon si framstilling av kvinna som ei husmor som var avgrensa til henna eigen sfære var sterkt prega av ei ideologisk framstilling. Ei slik avgrensing er noko som også går igjen i noko av vasekunsten Lewis har studert, men at det finnast tilfelle der kvinna vart framstilt som deltakande i ulike jordbruksaktivitetar. Spesielt er utvalet stort av illustrasjonar som syner jordbrukskvinna som plukkar frukt.<sup>100</sup>

I gresk vasekunst og måleri finn ein til dømes framstillingar av gjenkjennelege figurar som går igjen, mellom anna mytiske personar eller skapningar, og kanskje spesielt gudar. Ein finn også framstillingar av til dømes reiskap og verktoy som vart nytta i jordbruket, deriblant pløgen. Av dei framstillingane der kvinna er mest synleg i jordbruket er tekstilarbeid som vart

---

<sup>96</sup> Burke, *Eyewitnessing*, 11.

<sup>97</sup> Burke, *Eyewitnessing*, 13.

<sup>98</sup> Lewis, *The Athenian Woman: An Iconographic Handbook* (London, Routledge, 2002), 1–12.

<sup>99</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 59–90.

<sup>100</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83–86.

utført i hushaldet, og kvinna som er deltakande i innhausting av avlingar, spesielt plukking av frukt. Gjennom tolking av slike framstillingar av kvinna kan ein tolke og mogelegvis avdekke eit djupare lag av tyding og samanhengar som kan vere eit verktøy og bidrag til å auke forståinga av mellom anna samfunnet og den historiske perioden.

Eg skal forsøke å nytte meg av ei slik ikonografisk analyse i tolkinga av vasekunsten for å få ei djupare forståing av korleis kvinner vart representert og oppfatta i antikkens samfunn, spesielt i samheng til jordbruket og deira deltaking i gards- og jordbruksarbeid. Ei slik tilnærming kan vere eit bidrag til å belysa spørsmål kring forståing av kjønn, arbeidsdeling og maktforhold i den greske antikkens samfunn. Ikonografisk analyse er ei metodisk tilnærming som fokusera på tolkinga av blant anna bilete og symbol, og det er ein slik metodikk eg skal nytte meg av i mitt kapittel om vasekunst. Eg skal tolke bileta av kvinna og sjå på kva desse framstillingane av kvinna kan seie oss om kvinna si rolle. Basert på framstillingane og symbola og den historiske konteksten, kan ein tolke kvinna si rolle i mellom anna jordbruksaktivitetane og jordbrukssamfunnet.

Vidare for å styrke desse tolkingane og analysane av ikonografiske kjelder, skal eg samanlikne desse vasemåleria med andre historiske kjelder, i dette tilfellet gresk litteratur frå antikken, frå dei same periodane. Då vil eg i hovudsak nytte meg av komparativ metode der eg leger fram ulike kjeldetypar, og ser på kva desse kjeldene kan fortelje oss kring temaet og samanliknar desse tolkingane. Det er for å skape eit meir heilskapleg bilete og forståing av kvinna si rolle i jordbruket og i jordbrukssamfunnet i antikkens Hellas, og eg vil med det sjå på kjeldematerialet med eit feministisk perspektiv for å synleggjere kvinna som elles kanskje vart plassert i bakgrunnen i kjeldene. Ved hjelp av ein kombinasjon av komparativ analyse og ikonografisk analyse, der eg skal jamføre slike tolkingar av vasemåleri, med litterære tekstar frå antikken, håpar eg å setje meir lys på kvinna og kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket.

## **2.4 Konkluderande tankar for kapittelet**

Historikar Jørgen C. Meyer syner i sitt arbeid korleis ein komparativ metode kan vere eit hjelpemiddel for å undersøke og avdekke korleis forholda og samfunnet fungerte i antikken. Han har sett seg sjølv inn i eit moderne samfunn som observatør, og har på den måten avdekka korleis framstillinga av samfunnet og i dette tilfellet kvinna si rolle i samfunnet på ulike måtar vike frå det som er sanninga. Basert på likskapar i dette jordbrukssamfunnet elles til det antikke jordbrukssamfunnet kan ein tenkje seg til at det også på dette feltet var likskapar mellom dei to samfunna, sjølv om dei ligger langt vekk frå kvarandre i tid.

Meyer har brukt litteratur i form av episk diktning, frå antikken som kjeldemateriale grunna mangelen på anna kjeldemateriale som kan belyse temaet. Her vert det brukt komparativ metode i at Meyer samanlikna den antikke litteraturen med det han sjølv har observert i eit moderne jordbrukssamfunn. Sjølv om ein ikkje kan vite med sikkerheit om slutningar frå slik metode er sanninga, er det framleis eit godt hjelpemiddel for å finne ut korleis det eigentleg var. Det er sannsynleg at også framstillinga av antikkens samfunn er ulikt det som eigentleg var sanninga, på same måte som at det observerte jordbrukssamfunnet til Meyer var ulikt det som vart framstilt ved første augekast.

Slike undersøkingar og modellar der ein nyttar seg av ein komparativ metode, i dette tilfellet bruken av undersøkingar og observasjonar gjort i tilsvarande situasjonar men i ei anna tid, gjev oss ikkje ein fasit på korleis antikkens samfunn var og korleis ting gjekk føre seg. Men ved hjelp av slik komparativ metode kan ein avdekke ting som anna kjeldemateriale ikkje fortel oss, anten det er grunna mangelen på kjelde som fortel noko om temaet, eller om det er fordi at kjeldematerialet framstiller sanninga på ein måte som er nærmare ein ideologisk ide og tanke om eit perfekt samfunn, enn det det faktisk er til sanninga.

Ved å nytte seg av fleire kjeldetypar og ulike metodar syner også historikar Thomas Gallant korleis ein kan gå fram for å skape eit bilete av korleis forholda var i antikken, både livssyklusar i det antikke greske jordbruket, og mat og næring for folket i antikken. Ved å sjå til moderne forhold og faktorar har også Gallant gjeve ei framstilling av det antikke samfunnet, men Gallant har også nytta seg av mellom anna arkeologisk kjeldemateriale og forskning kring dette som sper på med informasjon i hans eiga forskning. Han har utarbeida ein livssyklusmodell som gjev oss eit innblikk i korleis livet på garden og i jordbruket i antikkens Hellas gjekk føre seg, og korleis dette vart påverka av dei ulike stadia menneska er innom i løpet av sitt livsløp.

Livssyklusar i det antikke jordbruket vert presentert av blant anna Thomas Gallant, som har synt korleis dei ulike stadia i livet har påverka på til dømes hushaldet, på gardsarbeidet og på kosthald og kaloriinntaket til menneska i antikken. Det vil vere skilnadar frå når hushaldet var nyetablert og det nye ekteparet trer inn i sine roller som overhovud for hushaldet, og frå seinare når ekteparet får barn, når desse borna vart eldre og etterkvart sjølve giftar seg og anten teke over som neste generasjon overhovud i hushaldet eller at dei flyttar ut og etablera sitt eige hushald ein annan stad. Slik vil både menneska sine liv og hushaldets syklusar variere over tid, og desse syklusane er faktorar som spelar inn på andre element i samfunnet, som jordbruket og produksjonen. I tillegg vil naturens syklusar spele inn på menneska sine liv, då til dømes variasjonar i produksjon og i tilgang på mat og matvarer vil påverke menneska og deira behov for og tilgang på til dømes kaloriar.

Gallant har også utarbeida modellar for slikt kaloriinntak i antikken, og gjev oss med det ein peikepinn på kva mat og matvarer, og næring som var viktig for folket i antikken. Sjølv med avgrensa kjeldemateriale som kan gjeve oss svar på ulike spørsmål kring jordbruket, kan Gallant sine studiar mellom anna gjeve oss peikepinn på kva typar matvarer som vart produserte i jordbruket og som med det var viktig for antikkens bønder.

Både historikarane Peter Burke og Sian Lewis har argumentert for og synt at ikonografiske analysar og metodar er eit nyttig reiskap for å studere historia og fortida. Ved hjelp av ei slik analyse kan ein skaffe seg ei djupare forståing for ulike element ved fortida. Lewis har nytta seg av både ikonografisk metode og komparativ metode for å sjå på representasjonen av kvinner i det antikke Athen, og ser på korleis kvinnelege figurar vart framstilt i ulike samanhengar, som til dømes i heimen, i det offentlege rom og i religiøse ritual. Lewis har også sett på korleis kvinna vart representert i forhold til mannen, og sosiale og politiske strukturar i byen. Ved blant anna å sjå til litteratur har Lewis skapt eit bilete av den athenske kvinna i antikken, og kva status og rolle ho hadde i samfunnet.

I mitt arbeid i denne oppgåva skal eg nytte meg av dei same metodane, då eg vurderer ein slik komparativ metode og ikonografisk metode til å vere eit nyttig verktøy for å finne svar på spørsmål som ikkje kjem tydeleg fram i kjeldene. Det er også mogeleg å dekkje hol i kjeldene ved å gå inn i andre kjelder og anna materiale for å finne svar på spørsmåla våre. Eg skal bruke fleire ulike typar kjeldemateriale, i hovudsak litterære tekstar og arkeologisk materiale i form av vasar og då vasekunst og bilete som syner kvinna i jordbruket.

Vidare i denne oppgåva skal eg no ta føre meg to tekstanalysekapittel der eg ser på Hesiods *Arbeid og dager* i kapittel 3 og Xenofons *Oeconomicus* i kapittel 4. Eg skal forsøke å få fram kvinna frå desse tekstane og sjå på korleis ho vart framstilt av desse to mannlege antikke forfattarane, og kva rolle som vart tilskrivne henne i desse tekstane. Så vil eg ta føre meg arkeologisk materiale i form av vasekunst og sjå på korleis kvinna på desse måleria vart framstilt og kva rolle ho har fått i jordbruket som vart synt fram på desse vasemåleria.

Eg vil også inkludere Meyer sine observasjonar for å syne at det er mogeleg at samfunnet som vart framstilt er ulikt frå slik det eigentleg er, om det så er grunna ideologiske tankar som var vanleg i det aktuelle samfunnet eller ei forventing om eit rollespel som skal framstille samfunnet ulikt frå korleis det eigentleg er. Eg vil også nytte meg av Lewis sitt arbeid om framstillinga av den athenske kvinna, og måten ikonografisk metode har vorte gjort i Lewis si forskning. Ved hjelp av jamføring og samanlikning vil eg til slutt i min siste del av denne oppgåva prøve å jamføre desse ulike kjeldene der eg har funne og sett kvinna i fokus, for å sjå om det er mogeleg å skape eit klart bilete av kvinna i jordbruket i antikkens Hellas.

## Kapittel 3 – HESIOD

I dette kapitlet skal eg ta føre meg den greske forfattern Hesiod sitt verk *Arbeid og dager*, i tillegg til at eg vil inkludere delar av verket hans *Theogonien* nokre stader der det vil vere relevant. Eg har valt å legge hovudfokuset på *Arbeid og dager* fordi dette er eit verk som ofte vert assosiert med det antikke greske jordbruket og sjølv om det ikkje vert heilt rett å utelukkande kalle det for ein jordbrukskalendar, er det ofte dette det vert omtala som.

Grunna delane av verket som omtalar og tek føre seg jordbruket, ser eg på det som svært relevant for mi problemstilling. Teksten gjev oss ein innblikk i korleis jordbruket i antikken gjekk føre seg og kva ideologiar og verdiar som var knytt til jordbruk og jordbruksaktivitetar på den greske landsbygda. Hesiod omtalar også kvinna og kvinnerolla fleire stader i verket. Sjølv om han skildrar kvinna på ein nokså negativ måte, gjev han lesaren likevel eit innblikk i korleis kvinna vart oppfatta og kva rolle som ein ideelt sett såg at kvinna tok føre seg.

Hesiod og hans verk vert plasserte innanfor den arkaiske perioden, og då dette er ein av dei periodane eg har valt å fokusere på, vil Hesiod og hans verk, spesielt *Arbeid og dager*, vere ein svært relevant antikk tekst å ta føre seg for å sjå på jordbruket og kvinna si rolle i denne delen av samfunnet i den arkaiske perioden. Eg vil også i eit seinare kapittel ta føre meg litteratur frå den klassiske perioden, som er den andre perioden eg har valt å legge fokuset mitt på i denne oppgåva, men i dette kapitlet vil eg i all hovudsak fokusere på Hesiods *Arbeid og dager*.

Ved å bruke denne teksten ønsker eg å syne korleis kvinna vart framstilt i litterære tekstar frå antikken, for så å belyse og framheve kvinna korleis slike litterære framstillingar kan vike frå røynda. Teksten var skriven av ein mann frå dei øvste laga av samfunnet vil truleg vike frå korleis den eigentlege situasjonen var, og eg skal forsøke og skape eit litt meir tydeleg bilete av kvinna gjennom denne oppgåva ved hjelp av ulikt kjeldemateriale. Derfor skal eg trekke ut kvinna frå dette verket for så å seinare jamføre Hesiod si kvinne med andre framstillingar av jordbrukskvinna og forsøke å skape eit meir tydeleg bilete av jordbrukskvinna i antikken.

### 3.1. Hesiod

Den greske forfattern Hesiod er blant dei aller tidlegaste europeiske forfattarane som ein framleis har bevare verk etter, og har vore ein sentral figur i europeisk litteraturhistorie. Ein har inga nøyaktig levetid for Hesiod, men dersom ein skal plassere han i tid kan ein plassere han i ein historisk kontekst som passar ein gong kring 750 fvt. til 650 fvt. Mange reknar Hesiod til

å vere fødd eingong mellom 750 og 720 fvt.<sup>101</sup> Perioden var ei tid der jordbrukets framvekst i Europa var i gong med å erstatta det meste av dei gamle jeger- og stammesamfunna. Den arkaiske perioden, var for Hellas ein perioden med utvikling og framgang der elementa av det vi tenkjer gjer opp den antikke greske sivilisasjonen tok form.<sup>102</sup> I Hesiods levetid finn ein mellom anna fundamentale endringar i det greske samfunnet som skriving med alfabet, monumental arkitektur, handelsverksemd og sjøfart.<sup>103</sup> Kolonisering var også ein faktor i perioden, og Hellas utvida i perioden sine området i Egeerhavet, Lilleasia og Sør-Italia.<sup>104</sup> Ein ser òg byrjinga på *poleis* og Athen si stordomstid i den arkaiske tidsperioden, sjølv om dei store bykulturane og store enda ikkje hadde vekse fram.

Ein veit lite om Hesiod som historisk person, men det vesle ein veit med om hans liv kjem frå det han sjølv opplyser og fortel om i sine verk. Hesiods far ser ut til å opphavelig ha vore frå Kyme i Aeolia, som var dei greske områda på vestkysten av Lilleasia. Av økonomiske årsaker flytta han til Hellas og slo seg ned i Boiotia, i landsbyen Askra ved Helikonfjellet nordvest for Athen.<sup>105</sup> I følgje utsegn i *Arbeid og dager* var Askra en «ynkelig landsby [...] forferdelig vinter som sommer, og aldri til glede».<sup>106</sup> Heller ikkje om livet til Hesiod i denne landsbyen han vart fødd i veit ein noko særleg om, men ein veit ut i frå Hesiods eigen tekst, *Theogonien*, at det var her han, i følgje han sjølv, mottok undervisning i diktarkunst frå dei mytologiske musene medan han var gjetar i Helikon-fjellet, og i *Arbeid og dager* fortel han blant anna om at han vann ein trefot i ein songkonkurranse som han gav i offergåve til desse musene.<sup>107</sup>

Ein veit lite om Hesiods familie og hans eige liv, men grunna ulike fråsegn i tekstane sine har ein god grunn til å tenkje seg til at Hesiod og hans familie høyrde til den velståande delen av samfunnet. Ein kan tenkje seg til at dette gardsbruket var mykje større enn ein liten familiegard, og kan ha husa og forsørge opp til tolv, om ikkje meir, i husstanden.<sup>108</sup> Blant anna skriv Hesiod i *Arbeid og dagar* at han råd til å hyre arbeidskraft, noko som kan tyde på at Hesiod hadde god nok økonomi til å sjølv kunne leige inn og lønne arbeidskraft som heller ikkje den gong var gratis.<sup>109</sup> Det at Hesiod høyrde til ein familie i det øvste laget av samfunnet vil

---

<sup>101</sup> Loney og Scully, *The Oxford Handbook of Hesiod* (New York, Oxford University Press, 2018), 22; Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 9.

<sup>102</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 1.

<sup>103</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 2.

<sup>104</sup> Shapiro, *The Cambridge Companion to Archaic Greece*, 202–208.

<sup>105</sup> Loney og Scully, *The Oxford Handbook of Hesiod*, 17.

<sup>106</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 639–640.

<sup>107</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 23–34; Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 650–659.

<sup>108</sup> Loney og Scully, *The Oxford Handbook of Hesiod*, 45.

<sup>109</sup> Loney og Scully, *The Oxford Handbook of Hesiod*, 44–45; Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 370, 441–446.



sjølvstilt ha innverknad på korleis ein kan tolke tekstane hans. Det finnast også teoriar om at hans familie kan ha vore tenkt til å ha vore av guddommeleg avstamming då han blant anna omtala sin bror som ein Zevs-ætting, og dermed er det sannsynleg at Hesiods familie har høyrte til det lokale aristokratiet, og ikkje vore ei fattig bondeslekt.<sup>110</sup> Det at han levde i ein elitekultur vil ha farga tekstane hans, og ein kan dermed ikkje nytte verka som ein representasjon for heile samfunnet, då han skriv med erfaringar frå eit lag av samfunnet. Ein kan derimot nytte tekstane hans for å sjå på korleis kvinna vart oppfatta og korleis, spesielt menn, meinte at kvinna si rolle skulle vere i samfunnet og i hushaldet.

Hesiods litterære stil er didaktisk, og Hesiod som forfattar vert ofte rekna for å vere opphavsmannen til lærediktsjangeren med sine verk *Theogonien* og *Arbeid og dager*. Særleg sistnemnte er det verket som introdusera fleire karakteristiske trekk for didaktiske tekstar i både gresk og latinsk tradisjon; intensjonen om å lære vekk, der forholdet mellom forfattar og lesar er eit slags lærar og elev forhold.<sup>111</sup> I ettertid har Hesiod inspirert og hatt innflytelse på mellom anna fleire antikke latinske forfattarar. Allereie med Lucretius ser ein nærværet av Hesiod i latinsk didaktisk skriving. Også antikke forfattarar som Vergil og Ovid bidrog til å vidareføre denne lærediktsjangeren som Hesiod byrja å forme med spesielt verket *Arbeid og dager*.<sup>112</sup> I antikken vart ei rekkje litterære verk tilskrivne Hesiod, men med unntak av *Theogonien* og *Arbeid og dager* som er dei einaste tekstane ein veit med sikkerheit er hans verk, har desse tekstane anten gått tapt eller berre vore bevarte i fragment.<sup>113</sup> Det er verket *Arbeid og dager* som står i fokus i dette kapitlet, men eg vil også nytte meg av nokre delar av *Theogonien* for å klargjere nokre delar skildra i *Arbeid og dager*, spesielt delen om den mytiske kvinna Pandora.

*Theogonien* av Hesiod er ei av dei viktigaste antikke kjeldene ein har i dag til gresk mytologi. Verket vert ofte sett på som og omtala som «den greske skapelsesberetningen». Tittelen på verket tyder «Gudenes fødsel» eller «den guddommelige slekten», ei historie som byrjar med Gapet og Jorden som etablera kvar si slekt, og kulminera med at den øvste greske guden Zevs etablera si allmakt. Verket teke føre seg fleire ulike myter deriblant forteljinga om titanen Prometheus, som også vert nemnt i *Arbeid og dager*, og fortel om korleis han stela ilden frå Zevs og gudane, og gjev den til menneska. Dette fører til at Zevs tek hemn ved å gjeve dei kvinna Pandora som bringer ulukke over menneskeslekta.<sup>114</sup>

---

<sup>110</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 12.

<sup>111</sup> Montanari, Rengakos, og Tsagalis, *Brill's Companion to Hesiod* (Leiden, Brill, 2009), 356.

<sup>112</sup> Montanari, Rengakos, og Tsagalis, *Brill's Companion to Hesiod*, 356–60.

<sup>113</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 9, 12.

<sup>114</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 19.

Blant andre verk som ein i antikken hevda at Hesiod har skreve er; *Melampodia* som fortel om den store spåmannen Meampus og andre liknande skikkelsar frå gresk mytologi. Vidare meinte ein at Hesiod hadde skreve *Keyx' bryllup*, *Pirithoos' ferd til Hades*, og *Aigimos*, som alle tek føre seg ulike forteljingar og hendingar frå gresk mytologi. I tillegg kjenner ein til ulike dikt som hadde berøringspunkt med *Arbeid og dager* og av den grunn har vorte knytt til Hesiod. Blant desse finn ein til dømes *De store arbeider*, som truleg var ein lenger versjon av *Arbeid og dager* men som ein veit svært lite om. *Astronomia* var sannsynlegvis ei oversikt over ulike stjernekonstellasjonar og tydingane av desse, og *Kheirons bud* som var ei samling visdomsord av kentauren Kherion som oppdrog dei greske mytologiske heltane Akhillevs og Jason.<sup>115</sup>

### 3.2 *Arbeid og dager*

Utgåva av *Arbeid og dager* eg nyttar er ei norsk omsetjing og gjendikting av Aslak Rostad, og det er denne utgåva eg vil nytte sitere, dersom noko anna ikkje er oppgjett. Utgåva inneheld i tillegg eit forord og ei innleiing, og omsetjing av både *Theogonien* og *Skjoldet*. Gjendiktinga av Hesiod sine verk *Theogonien* og *Arbeid og dager* er basert på Martin L. Wests og Friedrich Solmsens sine tekstutgåver, med mest vekt på Wests versjon der dei to tekstutgåvene skil seg frå kvarandre.<sup>116</sup>

Hesiods verk, *Arbeid og dager*, tek føre seg fleire ulike tema, blant anna mytologiske narrativ, fablar, allegoriar og metaforar, ei kalender-forma oversikt over jordbruksprosedyrar og oppgåver, ordtak, autobiografiske informasjon om Hesiod, hans bror og far, religiøse forbod, og til slutt ei liste over gode og uheldige dagar.<sup>117</sup> I verket er hovudfokuset lagt til den menneskelege sfæren og omhandlar korleis menneska bør leve og oppføre seg ovanfor andre menneske og ovanfor gudane, og korleis menneska kan lukkast innanfor dei grensene som er sett av Zevs sine lovar.<sup>118</sup>

Teksten, som er utforma og delt i linjer, kan i følgje den norske omsetjinga av Aslak Rostad delast inn i fleire kategoriar og skisserast ut i frå kva tema Hesiod tek føre seg, og Rostad har skissert nokre av desse delane slik<sup>119</sup>:

---

<sup>115</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 12–13.

<sup>116</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*, 7.

<sup>117</sup> Montanari, Rengakos, og Tsagalis, *Brill's Companion to Hesiod*, 71.

<sup>118</sup> Montanari, Rengakos, og Tsagalis, *Brill's Companion to Hesiod*, 72.

<sup>119</sup> Her har eg inkludert utgreiinga til Rostad om dei delane som er mest relevant for denne oppgåva, ei meir detaljert oversikt om verkets inndeling og skissering finn ein i Rostads (2014) innleiing, side 20–21.

- *Myta om Prometevs og Pandora* (linje 42-105): forklaring på kvifor menneska rammast av sjukdom og arbeid, som var resultat av at Prometevs og Pandora stal elden.
- *Arbeid* (linje 286-334): Arbeid vert framstilt som ein betre måte å oppnå rikdom og framgang på, enn med vald og krig.
- *Å omgåast menneske og gudar* (linje 335-380): Hesiod gjev generelle betraktningar kring religiøse, sosiale og økonomiske spørsmål.
- *Råd om jordbruk* (linje 381-617): Hesiod gjev her formaningar om ulike gjeremål ein bonde bør følgje og gjer greie for gangen i jordbruksåret.
- *Råd om mellommenneskeleg omgang* (linje 694-723): Hesiod anbefala måtehald som ei rettssnor i sosiale relasjonar.
- *Heldige og uheldige dagar* (linje 765-821): utgreiing om kva dagar i månaden ein bør utføre eller unngå å utføre ulike oppgåver.<sup>120</sup>

Sjølv om jordbruket ikkje er hovudtemaet i heile teksten har jordbruksdelen av verket vorte eit pioner-verk for ei rekke greske og romerske verk kring emnet.<sup>121</sup> I teksten går forfattaren gjennom jordbruksåret nesten i form av ein almanakk, og tek føre seg kva tid og kva dagar av månaden som var mest gunstig for dei ulike oppgåvene og syslane på garden. Hesiod legg spesielt vekt på tid, og kva tid på året ein bør byrje på og ta føre seg dei ulike jordbruksoppgåvene, og det var spesielt viktig i følgje han at å forsikre seg om at alle førebuingane til dei ulike oppgåve vart utførte i god tid. Hesiod tek oss gjennom året frå pløyetid til pløyetid, og sett hovudfokuset sitt på produksjonen av mellom anna korn, men er også inne på produksjon og dyrking av vindruer. Teksten seie derimot ikkje altfor mykje om korleis desse ulike oppgåvene skal utførast, men set fokuset meir på kva som skal og må gjerast til kva tid.

### 3.2.1 Jordbruket og hushaldet i *Arbeid og dagar*

Jordbruket og jordbrukssyslar tek opp ein del plass i verket, og sjølv om ein ikkje kan nytte *Arbeid og dagar* som ein rein fasit på jordbruket i antikkens Hellas, kan det vere med på å skape eit bilete og ei oppfatning av korleis delar av jordbruket gjekk føre seg, og korleis ein bonde burde drifta garden og hushaldet sitt. Til dømes utdjupar Hesiod om korleis pløying og såing

<sup>120</sup> Rostad, innleiing til *Theogonien; Arbeid og dagar; Skjoldet*, 20–21.

<sup>121</sup> Trever, «The Age of Hesiod: A Study in Economic History» (1924), 159.

av jorda bør gå føre seg, både i praksis og tidsmessig, altså kortid på året det bør gjerast i forhold til kva teikn naturen gjev om forholda som eigna seg til desse jordbrukspraksisane.

Hesiod råda blant anna til å ha to plogar på garden: «anstreng deg vel for å skaffe to ploger til gården du eier, én av et heltre og én som er skjøtet, for det er det beste...».<sup>122</sup> Vidare om pløying utdjupar han:

«Skaff deg to okser,  
Ni år gamle, for disse vil ikke ha mistet sin styrke;  
Ungdommen har de intakt, og de utfører ypperlig arbeid.  
Disse vil aldri begynne å slåss mens de trekker en fure,  
Sønderslå plogen og deretter gå ifra arbeidet ugjort.  
La dine okser bli fulgt av en firskåren kar på de førti, [...] én som kan skjømte sitt arbeid og drive en plogfure snorrett  
Uten å se etter venner, men bare har tanke for jobben.»<sup>123</sup>

Her skildra Hesiod både utstyr og kva arbeidskraft som skal brukast til denne bestemte jordbruksaktiviteten. Han er nøye på kva dyr som skal dra plogen, og gjev til og med råd for kva som var ein ypparleg alder på oksa som bør dra plogen, og argumentere med at eit eldre dyr vil fokusere på å utføre arbeidet. Han brukar også litt det same argumentet når han sei at arbeidaren som bør halde styr på plogen bør vere ein godt vaksen mann som var fokusert på arbeidet og ikkje det å skulle sosialisere seg med vennar og kjente, noko som vil distrahere han frå sitt arbeid. Når det kjem til kva tid desse oppgåvene skal utførast rådar Hesiod lesaren til å nytte seg av naturen og naturens eiga «klokke» og syklusar:

«Sørg for å ta deg i akt når du hører at tranene hever stemmen og skriker sitt årlige skrik ifra himmelens skyer.  
Dette er tegn på at kornet skal såes og vinterregntiden snart er i emning...»<sup>124</sup>

«Nettopp når menneske merker at tiden for pløying er inne, da må du sammen med trelle gjere en hederlig innsats: pløy denne tiden ved tørke så vel som når været er fuktig, skynd deg til arbeidet tidlig, for slik vil du fylle din åker.  
Jorden bær vendes om våren, men nypløying sommertid duger.  
Brakkmark må såes mens jorden på åkeren ennå er luftig;

---

<sup>122</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 433–434.

<sup>123</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 436–444.

<sup>124</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 448–451.

Brakkmark beskytter mot uår og lar Aïdonevs få hvile.»<sup>125</sup>

Her er det blant anna tranene (og moglegevis andre trekkfuglar) sin årlege trekkreiser til sine overvintringsstadar som «bestemmer» kortid ein bør så kornet. Såing av korn bør altså gjerast når ein ser og høyrer desse trekkfuglane passere over området (Hellas) på veg sørover, som skjer i oktober og/eller november.<sup>126</sup> Hesiod held så fram med å greie ut om kva «tilstand» jorda bør vere i når ein både pløyer og sår jorda, og han gjev innblikk i jordbruksteknikkar som vart nytta i antikken, som brakklegging av jorda. Her vert det også nemnt litt om arbeidskraft, og at trælane vart sett i arbeid til å både pløye og så jorda. Bonden var hjelpte av andre arbeidarar på garden, anten det var træljar og slavar som var i has eige, eller til og med hjelparar frå andre gardar, og desse må samlast og setjast i arbeid til dei ulike tidene når dei ulike oppgåvene skal utførast på garden.

Når ein les slike tekstar som *Arbeid og dager* må ein derimot ha i mente at ein bør stille spørsmål ved kor sann denne teksten er i forhold til røyndomen, og kor mykje av det som vart framstilt var generelle oppfatningar om jordbruket eller framstillingar av det *ideelle*. Jordbruksframstillinga i Hesiods *Arbeid og dager* kan derimot brukast til å gjeve eit bilete på ulike jordbrukspraksisar, og i forhold til denne oppgåve gjeve oss eit innblikk i korleis Hesiod framstiller og oppfattar kvinna og kvinne rolla.

Sjølve hushaldet og organiseringa av hushaldet i jordbruket tek ikkje stor plass i Hesiods *Arbeid og dager*, men nokre skildringar vart gjeve. Blant anna vart det hinta om ei kjønnsdeling i hushaldet.<sup>127</sup> I denne delen har Hesiod tatt føre seg og fortel om nordavinden, Boreas, og om korleis han herjar spesielt om vinteren.<sup>128</sup> På desse linjene vert det nemnt ei jente som helde seg «inne i huset i selskap med moren», og at i det ho har gjort sitt kveldsstell og vaska og smurt seg med olje «går hun til sengs i det innerste, bortgjemte rommet i huset».<sup>129</sup> Teksten seier ikkje direkte at jenter og kvinner opphelde seg avskilt i hushaldet frå der menn er, men det kan tyde på at det var ei slags inndeling mellom kjønna.

Slike skilje og rominndelingar basert på kjønn går igjen i fleire greske kjelder, deriblant vert det nemnt eit slikt skilje i ei tale skreve ned av Lysias, «On the Murder of Eratosthenes». I tala som vart haldt i ein rettssak der ein mann har drepe ein annan mann som har forført hans kone, fortel huseigar at hans hushald består av fleire etasjar, og at det finnast ei kjønnsdeling av

---

<sup>125</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 458–464.

<sup>126</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 448–449. Sjå også fotnote 57 på side 87 i A. Rostads omsetjing (2014).

<sup>127</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 523.

<sup>128</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 505–534.

<sup>129</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 520–523.

soveromma i huset. Han fortel: «my dwelling is on two floors, the upper being equal in space to the lower, with the women's quarters above and the men's below.»<sup>130</sup> Også Xenofon har i si skildring av hushaldet gjeve uttrykk for at det var ei kjønnsinndeling av romma i huset, der kvinnene har sine egne «woman's quarters».<sup>131</sup> Eg vil kome tilbake til dette med «gendered space» og kjønnsdeling i hushaldet i kapittel 4. Då vil eg sjå nærare på kvinna i hushaldet og organiseringa av hushald, samt kjønnsdeling, sia desse temaa vert gjeve meir plass i Xenofon sitt verk *Oeconomicus*.

### 3.3 Kvinna i *Arbeid og dager*

For Hesiod ser kvinna ut til å i stor grad vere rota til både problem og freistingar, og vart framstilt som både eit manipulerande og eit forførande vesen, og at ein mann som har tiltru til kvinner ikkje veit kva som er godt for han sjølv.<sup>132</sup> Forfattarens mistanke mot kvinner ser ut til å vere driven av bekymringar for produksjonen i hushaldet og kjem av ei oppfatning av ubalanse mellom kjønna.<sup>133</sup> I følgje Hesiod var det stor fare for at kvinna kan leia mannfolka på villspor og føre til at menn utføre og deltek i umoralske handlingar. Derfor åtvarar Hesiod menn om at ein måtte vere forsiktige ovanfor kvinneleg innflytelse og at menn må klare å motstå freistingane og sjarmen til kvinner. Hesiod assosierte også kvinner med negative kvalitetar som bedrageri og lureri, forræderi og utruskap.

Kvinna vart nesten sett på som ein potensiell trugsel mot menn sin sosiale status og stabilitet, så vel som menns levebrød, då kvinna på ulikt sett og vis vil skapte problem for mannen. Kvinna si evne til å bringe ulukke i mennas liv gjorde til at Hesiod rådar menn til å inngå ekteskap for menn seint i livet, og å velje ei ung og dydig kone for å unngå at slike truglar mot mannens liv og virke som kvinner medfører. Det aller verste som kan hende ein mann var i følgje Hesiod at han vel seg ei dårleg kone, som berre vil medføre han problem i livet.<sup>134</sup> Forfattarens negativt ladde syn på kvinna heng tett i hop med hans vedvarande bekymringar om livet på denne tida, og hans kvinnesyn i verket gjev også uttrykk for dei samfunnslege bekymringane om overleving i antikken.<sup>135</sup> Slike syn på kvinner og kvinners rolle i menns liv reflektera det antikke greske patriarkalske samfunnet, der kvinna si posisjon i samfunnet var sett på som underordna mannen.

---

<sup>130</sup> Lysias, *Lysias on the Murder of Eratosthenes*, 9.

<sup>131</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 9.5. Omsett av E. C. Marchant (2013).

<sup>132</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 375.

<sup>133</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'» (2013), 187.

<sup>134</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 703.

<sup>135</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'», 187.

Hesiod si kjønnsdeling var basert på sosial status, og har på den måten ein distinksjon mellom frie kvinner og slave- og tenestekvinner. Kona i huset var ei fri kvinne, og det var andre forventingar og roller som var tenkt til ho. Døtrene i huset og andre kvinnelege slektningar var også frie kvinner. Dei som ikkje vart rekna som frie kvinner var mellom anna slavekvinner, som i seg sjølv var ein eigedom for hushaldet, og Hesiod behandlar dei nettopp som det. Dei kvinnelege slavane fekk tildelt andre roller og arbeidsoppgåver enn det dei frie kvinnene hadde, og då dei frie kvinnene var avgrensa til hushaldet, vart kvinnelege slavar sett til arbeid i mellom anna jordbruket, då slavar var ein eigedom til sine eigarar og for dei som hadde råd til å eige slavar var dei ein del av arbeidskrafta på garden og i jordbruket.

### 3.3.1 Pandora: den første vondskapsfulle kvinna

Det første møtet med kvinner i *Arbeid og dager* er den delen ein finn beretningar om myteskikkelsen Pandora, og det er her forfattarens negative kvinnesyn byrja.<sup>136</sup> Myta fortel om titanen Prometheus som stel elden frå gudane, og Zevs, den mektigaste av dei greske gudane, sender ei straff til menneskeheita, i form av ei kvinne. I myta slepp Pandora laus elendigheita som sjukdom og lidingar til menneska, og kvinna vart då sett på som vondskapsfull og noko som bringer med seg slike lidingar. Kort oppsummert skildrar Hesiod Pandora som rota til alt vondt i verda. Myta om Prometheus og Pandora er først introdusert i hans verk *Theogonien*.<sup>137</sup>

I *Theogonien* er det som mest sannsynleg er Pandora<sup>138</sup>, skildra som «et onde for disse til gjengjeld for idlen.»<sup>139</sup> Zevs ordrar guden Hefaistos til å skape kvinna og han utførte denne ordren med å ta «deler av jorden og formet denne / slik at den lignet en smålåten jente, som Zevs hadde bedt om»<sup>140</sup>. I *Arbeid og dager* skildra Hesiod same situasjon med litt annleis ordlyd «Zevs ga den navngjetne guden Hefaistos beskjed om å blande leire med vann og gi massen et menneskets stemme og styrke. Deretter skulle han forme ei ungentes skjønnhet med ansikt likt dem gudinnene har...»<sup>141</sup> Vidare, i begge verka, vart denne jenta, Pandora, kledd opp og utsmykka av Athene, i *Theogonien* vart ho kledd i ei sølvfarga drakt og tilsløra, i tillegg til at ho fekk ei krone smidd av Hefaistos.<sup>142</sup>

---

<sup>136</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 80–81.

<sup>137</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 560–612.

<sup>138</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 570–601. Pandora er i *Theogonien* ikkje namngjeve, men det er myta om Prometheus og Pandora Hesiod skildrar her over desse linjene. I *Arbeid og dager* namngjev Hesiod Pandora på linje 81.

<sup>139</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 570.

<sup>140</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 571–572.

<sup>141</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 60–63.

<sup>142</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 573–575. Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 73–75.

Ho vart skapt for å vere eit vonde «til å oppveie godet», altså skulle ho vege opp for at menneska hadde fått elden som var eit stort gode for menneskeheita.<sup>143</sup> Sølvmåler om gudane hadde kledd ho og gjort ho vakker «ble både evige guder og jordiske mennesker lamslått / da de fikk se denne onde og fristende snaren som bringer / mennesker sorg, for fra henne kom kvinnenes yndige rase.»<sup>144</sup> Pandora vert skulda for å leggje grunnlaget for kvinna si giftige rase og stamme, og det vert vidare fortalt om korleis kvinner gjev plager til jordiske menn. Kvinna var altså denne vonde og vondskapsfulle straffa som menneska mottek som straff for at Prometheus hadde gjeve dei elden.<sup>145</sup>

I *Arbeid og dager* gjentek Hesiod delar av det han har skreve i *Theogonien* om mytting kring Prometheus og Pandora, men namngjev her Pandora. Her forklarar Hesiod at Pandora vart gjeven i gåve frå alle gudane på Olympus<sup>146</sup>, «til sorg for den brødnærte slekten» som då er menneska.<sup>147</sup> Pandora vart gjeven ei krukke (ofte omset feil eller omtala som ein boks), som ho tok lokket av, og med det spreidde mellom anna elendigheita og sjukdom seg til jorda og over menneskeheita:

«Med sine hender tok kvinnen det veldige lokket av krukken,  
Spreidte ut onder og frambrakte sorg for den jordiske slekten [...] Tidsnok la kvinnen på lokket på krukken og oppfylte dermed ordningen skjoldfyrste Zevs som lar skyene samles, forkynte. Likevel flakker utallige plager omkring her i verden; Jorden er full av elendighet; fult er det frådende havet. Sjukdommer kommer som ubudne gjester til menneskers bopel, Noen om dagen og andre om natten, med sorger til alle, Taust og i stillhet, for Zevs har berøvet dem evnen til tale. Ingen kan derfor gå fri av de planene Zevs har i sinne.»<sup>148</sup>

Pandora fekk her skulda for å ha tilført menneskeheita og jordas slekter elendigheita og sjukdom, som sia den gong har plaga og pint menneska. Det var titanen Prometheus som stal elden frå gudane, og som straff valde Zevs å la guden Hefaistos skape kvinna ut av jorda. Kvinna, som er slu og vond av natur, vart så ei straff for menn(eska) som bringe med seg både sjukdom og andre plagar. Det var ikkje berre kvinna si natur som var noko negativt, det er også

---

<sup>143</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 573–586.

<sup>144</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 588–590.

<sup>145</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 591–592.

<sup>146</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 80–82. Sjå fotnote 13 for *Arbeid og dager* i Rostad (2014): det er noko ueinigheita i tolking av linje 81 om det er Pandora som er ei gåve frå gudane eller om Pandora mottek ei gåve.

<sup>147</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 83.

<sup>148</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 94–105.



kva ho bringer med seg og kva ho bidreg til menneskeheita som er noko vondskapsfullt. Teksten syner med desse skildringane eit veldig negativt kvinnesyn, både frå mytologien si side men også forfattaren si framstilling, påpeiking og vektlegging på at kvinna var det vonde i verda, som berre gjev elendigheit for menn(eska).

### 3.3.2 Kvinna og kvinnerolla

Vidare i verket kjem kvinnerolla og kvinna til uttrykk gjennom ulike utsegn frå forfattaren, som for det meste går ut på at kvinna vart framstilt som kone og hustru, og då ikkje i noka særleg positiv stand. Ein bør ha i mente at dette var ein elitefigur som skriv og uttalar seg om kvinner. Hesiod som ein del av det øvste laget i samfunnet vil truleg ha eit syn på kvinna som skil seg litt frå dei syna som menn i lågare lag av samfunnet har, då sosiale ulikskapar mellom menn truleg har påverka deira syn og meiningar om ulike tema, deriblant kvinna og kvinnerolla.

Hesiod opnar opp for skildring av kvinna med å seie at «mannen som setter sin lit til en kvinne, har tiltro til skurker.»<sup>149</sup> Framstillinga til Hesiod set ikkje kvinna i noko positivt lys, og kjem rett etter ei skildring der han blant anna seie «la ingen bakfager kvinne få narre sitt sinn ved å bruke / listig og smigrende fjesk mens hun snoker omkring i din låve».<sup>150</sup> Her vert kvinna framstilt som bedragersk og slu, og vert samanlikna med skurkar. Det syner tydeleg at forfattaren ikkje hadde mykje tiltru til kvinner, og han meinte at menn som hadde tiltru til kvinner ikkje viste betre og måtte med det ta konsekvensane av å verte utnytta og forrådt, dersom dei ikkje viste at kvinners natur var vondskapsfulle.

Kvinna vert også framstilt som noko negativ i linjene der Hesiod skriv: «Ikke la mannen få vaske sin hud i et badevann kvinner / nylig har brukt, for det fører til fryktelig pine en kort stund.»<sup>151</sup> Her vert kvinna framstilt som urein, og at det badevatnet som kvinna tidlegare har brukt kan vere forgifta. Det kan tolkast slik, at kvinna si vondskap kan vere overførbar og påverke mannen og føre til «fryktelig pine» dersom han brukar same badevatn som kvinna har brukt før han. Igjen vert det ytra eit negativt ladd kvinnesyn, og forfattaren meina tydeleg av kvinner er noko negativt i mannen sitt liv, og som kan påverke mannen for det verre dersom han ikkje er merksam på og unngår visse ting som har med kvinner å gjere.

Til tross for at kvinna vart framstilt slik og sett på som nærmast ein skurk og noko vondskapsfullt, held Hesiod fram med å råde om korleis og kortid ein bør ta seg ei kone:

---

<sup>149</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 375.

<sup>150</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 373–374.

<sup>151</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 753–754.

«Ta deg en hustru når alderen tilsier det er det rette:  
ikke for lang tid før du har oppnådd en alder av tretti,  
ikke for lang tid etter; et velegnet tidspunkt for bryllup.  
Fire års blomstring bør kvinnen få ha og stå brud i det femte.  
Ta deg en jomfru til brud for å gi henne innsikt i dyder,  
men det er viktigst å velge en hustru som bor i din nærhet,  
dersom du vet at du ikke står brudgom til naboers morskap.»<sup>152</sup>

Den ideelle og «rette» kona, i følge Hesiod, var ei ung jente som framleis var jomfru. Ho bør ha hatt «fire års blomstring» for så å vere gifte klar etter sitt femte år med menstruasjon. Alder på desse unge jentene vil dermed variere då det kjem an på kortid jenta først får sin første menstruasjon, noko som sjølv sagt vil variere frå jente til jente. Hesiod meina at jentene skal vere gifteklare kring 13-15 årsalderen, men truleg var det ikkje slik det faktisk var. Dersom ein skal følge Hesiods råd om å vente fire til fem år etter første menstruasjon vil 13-15 år vere for tidleg, då det var vanleg at jenter får sin første menstruasjon i denne alderen.

Mellom anna har Gallant hevda at det er meir sannsynleg at gjennomsnittleg giftemålsalderen på jenter låg på kring 16 til 19 år, men det varierte.<sup>153</sup> Det var sjølv sagt også viktig for Hesiod og antikkens menn at den unge jenta var jomfru. Ein annan fordel med at den nye kona var ung og ulærd var at mannen kan forme og lære henne opp slik som han vil, og at ho så får innsikt i dydar. Ei slik opplæring av den nye kona var noko også Xenofon har poengtert. Xenofon synast det å kunne forme kona si slik ein sjølv vil at ho skal oppføre seg og vere, var viktig. Val av hustru var altså viktig, og Hesiod held fram med å skrive:

«Mannen kan ikke fra noe så godt som en hederlig hustru,  
men han kan ikke få noe som smerter ham mer enn en dårlig:  
Glupsk etter godsaker brenner hun mannen, til tross for hans styrke,  
uten å bruke et svijern, og gjør at han eldes for tidlig.»<sup>154</sup>

Val av feil hustru vil for ein mann vere veldig dårleg, då vondskapsfulle kvinner kan smerte mannen på fleire måtar. Det kan til og med sjå ut til at Hesiod meina at det å velje feil kone kan for mannen vere fatalt, og at ei kvinne var i stand til vere slik ei møde for sin mann at ho gjere at han kan eldast for tidleg og vert ein gammal mann før hans tid eigentleg tilseie at han skal verte gammal. I teksten får nesten valet av hustru meir rom og fokus enn det sjølv kvinna gjere, noko som gjer at ein kan tenkje seg til at forfattaren såg på kvinna og på ekteskapet som eit

---

<sup>152</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 695–701.

<sup>153</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 19.

<sup>154</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 702–705.

stadiet i *mannen* sitt liv, noko han måtte godta og gjennomføre grunna plikta for reproduksjon. Med det vart kvinna nesten som ein nødvendig vondskap i mannen sitt liv. Ho var ei byrde, men ho var også nødvendig for reproduksjon og vidareføring av slekta.

Ein annan faktor som kan spele inn på dette med rett kone var denne medgifta som føl kvinna, altså dei økonomiske fordelane nokre kvinner kjem med. Eit bevis på ekteskapet var altså denne medgifta som den unge kvinna fekk med sin far, og som vart gjeven til hennar ektemann. Ofte utgjorde denne medgifta ein betydeleg del av farens formue, og kan sjåast på som ein del av jentas arv, og så lenge som ekteskapet varte, hadde ektemannen råderett over denne medgifta som følgde med hans kone.<sup>155</sup> Kvinna vil då ha verdi i form av det ho økonomisk kan bringe til mannen, som i innleiinga av ekteskapet vil vere denne medgifta ho bringer.<sup>156</sup> Derfor vil nok medgifta vere ein faktor som spelar inn på kva ein ser på som rett og gale val av kone då denne medgifta hadde økonomisk påverknad på husstanden.

Ei slik medgift kunne til dømes vere jord, og tilføyning av jord på gardsbruket kunne vere ein fordel i den forstand at det gav meir areal til mellom anna dyrking. Større jordbruksareal kunne vere ein måte å utvide garden og å auke jordbruksproduksjonen og då igjen hushaldets og gardsbruket produksjon, noko som kunne ha ei positiv påverknad på hushaldets økonomi. Derfor vil kvinner, eller jenter, som bringer med seg meir og større medgift enn andre nok vere meir attraktive. Nokre av dei fattigaste som ikkje hadde råd til å gjeve døtrene sine medgift, risikerte til og med å ikkje få gifta vekk døtrene sine i det heile tatt.<sup>157</sup>

Kvinna i seg sjølv, får ikkje noko eigen plass i Hesiods tekst men står gjennom heile teksten eigentleg berre i forhold til mannen, og ikkje som eit eige individ i verken hushaldet eller i jordbruket. Sjølv om kvinna har ein svært viktig rolle og plass i hushaldet som både husmor, ansvarleg for å oppdra ungar og ein viktig ressurs i produksjonen for hushaldet, vert kvinna i teksten ståande som ein faktor i mannen sitt liv og ikkje som eit eige individ med ei viktig rolle i både hushaldet og i jordbruket.

### **3.3.3 Jordbrukskvinna i *Arbeid og dager***

Ei anna kvinne som dukkar opp i teksten, er tenestekvinner eller slavar, som Hesiod fortel mottakaren av teksten at han bør skaffe seg til blant anna gardsarbeid og til hjelp i både hushaldet og jordbruket. Her har Hesiod som sagt skilt mellom fire kvinner og ikkje frie kvinner, og slavane vart sett på meir som reiskap og eigedom til garden enn menneske og

---

<sup>155</sup> Lassen, «Oldtiden», 171.

<sup>156</sup> Too, «The Economies of Pedagogy: Xenophon's Wifely Didactics» (2001), 67.

<sup>157</sup> Lassen, «Oldtiden», 185.

individ. Slavar utgjorde den einaste gruppa i samfunnet der menn og kvinner juridisk sett vart behandla likt. Uavhengig av kva kjønn slavane var, kunne eigaren gjere kva han ville med dei, om det var å selje dei vidare, slå dei, eller sette dei til kva som helst slags arbeid. Dei fleste slavinnene arbeidde innandørs, gjerne i nær kontakt med kona i huset. Det arbeid slavinnene utførte utanfor heimen var som regel omarbeiding av råvarer, matvarer eller tekstilar.<sup>158</sup>

Ein ser også at nokre kvinner, truleg slavinner, var delaktig også i jordbruket i form av hausting av frukt og oliven. Hesiod skriv også i *Arbeid og dager* om kvinnelege slavar som var delaktig i andre arbeidsoppgåver i jordbruket, som å hjelpe til med pløyinga med å gå bak oksen.<sup>159</sup> Pløying vert i alle kjelder framstilt som mannsarbeid, og det ligg truleg noko symbolsk bak pløying for menn og derfor er det som regel mannen som er framstilt og avbilda i dette arbeidet.<sup>160</sup> Hesiod syner derimot at her var det ei kvinne som var til stades og deltok i arbeid knytt til pløying, noko som kan indikere at kvinna ikkje var heilt fråverande når det kjem til dette jordbruksarbeidet.

Når det kjem til nærværet og bruken av slavar på gardsbruka er forskingsfeltet delt på kor omfattande bruken av slavar var i jordbruket i antikkens Hellas. Den eine sida hevdar at slavar var mykje nytta i jordbruket, både på dei større og på dei mindre gardane. Spesielt var det dei rikaste gardseigarane og gardane som har mest omfattande bruk av slavar. På desse rikaste gardane var det ofte utelukkande slavar eller anna hyra arbeidskraft som drifta garden og gjorde arbeidet, medan gardseigare sjølv ikkje deltok i arbeidet. På dei mindre og fattigare gardsbruka var det gjerne mindre behov for hyra arbeidskraft og gardseigarane og medlemmane av familien sto sjølve for arbeidet på garden.<sup>161</sup>

Den andre sida av forskingsdebatten hevdar at det ikkje var mykje slavar i jordbruket og at det på dei fleste gardane var bøndene sjølve og familiemedlemne som sto for arbeidet på garden. Vidare dersom det skulle vere behov for ytterlegare arbeidskraft på garden, var det familie og slekt som ikkje budde på garden, naboar og kjente som stilte opp og hjelpte til.<sup>162</sup> Historikar T. Gallant stiller seg noko i midten av debatten og seier at dei fattigaste bøndene truleg ikkje alltid hadde ressursar nok til å halde slavar eller å hyre inn ekstra arbeidskraft og arbeidarar på garden. Slavehald ville derfor for dei fattigaste bøndene og gardsbruka variere ut i frå kor god råda dei hadde til å eige slavar.<sup>163</sup> Slavehaldet vil altså ifølgje Gallant variere både

---

<sup>158</sup> Lassen, «Oldtiden», 189–90.

<sup>159</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 405–406.

<sup>160</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

<sup>161</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 30–31.

<sup>162</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 31.

<sup>163</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 31.

over tid men og mellom kven som hadde ressursar og råd til å halde slavane. Dei rikaste gardsbruka vil derfor truleg nytte seg av at dei har råd til å eige slavar og dei vil derfor vere deltakande i jordbruket og sett i arbeid der dei kan.<sup>164</sup>

I Hesiod i sin tekst framstår ikkje slavehald som noko problem, men heller ei sjølvfølgje, og det kan derfor sjå ut til at Hesiod var ein bonde som hadde god nok råd til å halde slavar, og at han derfor i teksten meina at det er heilt naturleg å ha slavar som står for jordbruksarbeidet og sannsynlegvis anna arbeid som må gjerast på garden. Hesiod seier ikkje mykje om dei fattigare familiane og gardsbruka, men ser ein til andre verk som Aristoteles *Politikk* påpeikar forfatternen blant anna at «[d]e fattige er jo nødt til å bruke kvinner og barn som hjelpere siden de ikke har slaver».<sup>165</sup>

Hesiod står derfor som ein slags overordna figur då han tydeleg var ein mann med ei viss grad av makt som gjev han ressursar til å kunne underlegge seg og tilsette seg slavar, også kvinnelege slavar til å utføre det arbeidet han ser passande for ei kvinne. I tillegg framstår han som ein gardseigar, eller var i ein slik posisjon at det var han som sitter med «makta» på garden og kan delegere oppgåver slik han ser passar til dei ulike arbeidarane og slavane.

Slavane var arbeidarar av begge kjønn som hjelpte til både i hushaldet og elles på garden, og i tillegg hadde ein anna arbeidskraft som vart hyra inn som ikkje berre var slavar.<sup>166</sup> I teksten gjev Hesiod råd om å; «hyre en hjemløs mann og en tjenestekvinne, / helst en som ikke har barn – hun vil være til bry vist hun ammer.»<sup>167</sup> I denne delen er det snakk om arbeidsoppgåver på garden etter at slavane på garden har hausta inn og lagra kornet og det vart låst vekk. Då råda Hesiod om å hyre inn ein mann som sjølv ikkje har eit eige hushald å ta seg av, i tillegg til ei tenestekvinne.

Det som var viktig var at denne tenestekvinna sjølv ikkje hadde barn, for det at ei kvinne som er i arbeid skal måtte amme eller ta seg av borna, ser ut til å vere ein negativ ting. Det at slavane og tenestekvinnene ikkje sjølve skulle ha born, var nok retta mot effektiviteten og at ei kvinne som ammar vil vere til bry fordi ho ikkje kan vere like effektiv som det ei kvinne utan born vil vere. Hesiod seie ikkje mykje om kva arbeid denne hyra arbeidskrafta nødvendigvis skal utføre, men både denne heimlause mannen og tenestekvinna vil nok bli sett i arbeid til ulike til på garden. Sjølv om det ikkje vert presisert, syner desse utsegna frå forfatternen at kvinner var

---

<sup>164</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 31.

<sup>165</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1323a.

<sup>166</sup> Trever, «The Age of Hesiod: A Study in Economic History», 163.

<sup>167</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 602–603.

ein del av arbeidskrafta på garden, om ikkje den frie kvinna, kona og husmora, var i arbeid i jordbruket, så vart iallfall andre kvinner sett i arbeid.

Når det kjem til jordbruket og kvinna si rolle i jordbruket, nemner Hesiod ulike kvinner som ser ut til å vere deltakande i jordbruket, blant anna vert det nemnt ei trælkvinne.<sup>168</sup> Træl og trælkvinne er norske omsetjingar av det ein i antikken kalla slavar, og eg vil difor nytte omgrepet slavar i staden for træljar. I teksten gjev Hesiod vidare råd til korleis ein mann skulle gå fram for å drive ein gard, og råda han deriblant om at «først skal du skaffe et hus og en kvinne, samt okse til pløyning, / ikke en hustru, men trellekvinne, en som kan følge bak okser.»<sup>169</sup> Vidare vert også arbeidarar og slavar nemnt fleire stadar i teksten som arbeidskraft i jordbruket.

Fleire stadar nemner Hesiod slavar, men ikkje alltid spesifisera han om det var snakk om mannlege eller kvinnelege slavar, og sjølv om ein ikkje veit med sikkerheit er det ein stor sjanse for at det var snakk om kvinnelege slavar som er deltakande i dette arbeidet. Det kan ein tenke seg til sidan Hesiod tidlegare i verket har nemnt at ein bonde bør skaffe seg ei «trellekvinne, én som kan følge bak oxen».<sup>170</sup> Det vert ikkje direkte sagt at kvinna var deltakande i jordbruksaktivitetar, anna enn dette, men denne eine setninga om slavekvinna som skal følge bak oxen, syner tydeleg at kvinna på ulike måtar og til ulik grad var deltakande. Sia Hesiod også har skapt denne distinksjonen mellom frie og ikkje frie kvinner, der dei ufrie kvinnene vert sett på som ein eigedom og ikkje som kvinner i same forstand som dei frie kvinnene, vil nok ikkje denne ideen om den ideelle kvinna/kona gjelde for dei ufrie. Det gjer det sannsynleg at sia desse ufrie kvinnene var ein eigedom for eigaren, vart dei også nytta til jordbruksarbeid og ulike arbeidsoppgåver som går utover dei oppgåvene som den frie kvinna i hushaldet hadde.

Ei anna oppgåve som kvinna skal ta seg til og gjere seg nyttig i var veving og produksjon av tekstilprodukt. Slikt arbeid fekk ikkje stor plass i Hesiod sitt verk, men det vart nemnt i ei kort setning i forfattaren si oppramsing av dagar at den tolvte dagen var «dagen en kvinne bør sette en renning og veve.»<sup>171</sup> I motsetnad til andre linjer der kvinner vert nemnt, framstår ikkje denne linja om kvinna som vevar som noko negativt. Forfattaren si framstilling av kvinner kan for det meste lesast som negativt ladd, men denne er nokså nøytral. Denne nøytraliteten mot arbeidet kan vere grunna aktiviteten som kvinna gjere, som er veving eller arbeid knytt til tekstilarbeid. Tekstilarbeid vart oppfatta som ei typisk arbeidsoppgåve for kvinna og dette var

---

<sup>168</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 406. I antikk samanheng er det vanleg å snakke om «slavar», men i omsetjinga av A. Rostad (2014) er det det norske ordet/uttrykket *trælkvinne* som er nytta i akkurat denne linja, og seinare i omsetjinga vert træljar brukt fleire stadar i staden for slavar.

<sup>169</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 405–406.

<sup>170</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 405–406.

<sup>171</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 779.

ein av måtane ho gjorde seg nyttig i hushaldet, og i dette arbeidet var ho plassert i den kvinnelege sfæren som var hushaldet. I tillegg var ho i tekstilarbeidet nyttig i den forstand at ho direkte bidrege til produksjonen og hushaldets økonomi.<sup>172</sup>

Som historikar L. Canevaro påpeikar, var ikkje kvinna i denne arbeidsoppgåva noko trugsel for mannen eller hushaldet, og ho utføre arbeid som er nyttig for hushaldet og denne vevinga kan stå som eit symbol på stabilitet og ei kvinne som helde seg til den sfæren ho bør vere til stades i.<sup>173</sup> Kvinna sin plass i samfunnet og oppfatninga av kvinna var i antikken ein kombinasjon mellom aksept av kvinna og ein slags mistanke eller negativ oppfatning. Dei vart sett til arbeid som ofte ser ut til å ha vore tekstilarbeid, og i dette arbeidet var dei ikkje ein trugsel mot hushaldet, men heller ein ressurs der dei bidrog til økonomien i hushaldet. Framleis ser forfattaren på kvinna som noko «feil», og han lenkar ho til Pandora som vart framstilt som ein trugsel mot menn(eska).<sup>174</sup>

### 3.4 Den guddommelege kvinna

I kontrast til den dødelege og «normale» kvinna som Hesiod skildra og framstiller i eit ganske negativt syn, vart også fleire av dei greske mytologiske gudinnene nemnt. Her har forfattaren eit annleis syn på den guddommelege kvinna enn på den dødelege kvinna. Blant anna finne ein Demeter, den greske jordbruksgudinna, Athene (også omtala som Pallas Athene), den greske gudinna for kunnskap og krig, og Afrodite, den greske kjærleiks og skjønneheits-gudinna. I verket *Arbeid og dager* vert begge omtala meir varmt enn andre, dødelege, kvinner.<sup>175</sup> Dei dødelege kvinnene vart som vist ikkje omtala i noko positivt syn av Hesiod, medan den guddommelege kvinna vart sett annleis på. Til dømes omtala forfattaren nokre av dei guddommelege kvinnene som «gudinnen som skinner som gull, Afrodite»<sup>176</sup>, og «klarøyde Pallas Athene, / Gledens gudinner og Fristelsens store og mektige dronning».<sup>177</sup>

Slike framstillingar av den guddommelege kvinna skil seg betrakteleg frå den skildringa Hesiod har på den dødelege kvinna som i all hovudsak var vondskapsfulle og slu skapningar som menn måtte passe seg for. Desse udødelege kvinnene var derimot både skapt av menn (Athene og Afrodite var begge skapt av menn, ikkje kvinner) og framstilt av menn, og dei vart ståande som typiske bilete av kvinner slik menn ser føre seg kvinna.<sup>178</sup> Spesielt dei to gudinnene

---

<sup>172</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'», 201.

<sup>173</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'», 201.

<sup>174</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'», 201–2.

<sup>175</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 32, 63, 65, 73, 76, 393, 523.

<sup>176</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 65, 523.

<sup>177</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 73–74.

<sup>178</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves* (New York, Schocken Books, 1975), 8.

Athene og Afrodite kan i Hesiod stå som symbol på ulike stereotypiske dødelege kvinner, som hadde ulike roller og ulike «status» for menn.

Athene var nok den mest komplekse av gudinnene, og det er ho vi har mest kjeldegrunnlag og informasjon om. Athene som ei maskulin kvinne, er gudinna for både visdom, krig, strategi og ho er assosiert med mykje av kvinners sitt handverksverksemd. Ho var som sagt patronen for visdom og krig, som begge var eigenskapar tradisjonelt assosiert med menn.<sup>179</sup> Ho var arketypen av den maskuline kvinna som var suksessfull i det som essensielt er ein mannsverden, ved at ho utelukka sin eigen femininitet og seksualitet. Ho var også ei kvinne som var jomfru, og «fødd» av ein mann – ho vart fødd ut av hovudet til Zevs.<sup>180</sup>

I likskap med Athene, vart også Afrodite fødd av ein mann, eller avskorne lemmane til ein mann. Ho vart fødd frå himmelgudens avskorne kjønnsorgan som lenge vart bore på havets bølger, «rundt det kom kritthvit skum fra det dødløse kjøttet, og der ble en ungjente avlet».<sup>181</sup> Denne gudinna representera skjønneheit, seksuell kjærleik og fertilitet. Afrodite vart derimot sett på som ei meir forførande kvinne som både var mindre seriøs enn Athene, og hadde ein meir svikefull og vondskapsfull karakter, som spelar på sin skjønneheit og sin seksuelle kvinnelege karakter.<sup>182</sup>

Afrodite står då i kontrast til Athene som er jomfru og kunnskapsrik, og meir maskulin og mannleg enn Afrodite som mellom anna var utru fleire gongar mot sin ektemann, guden Hefaistos. Athene var nok den gudinna som er mest respektert av dei to, og dette syner også igjen tanken om at kvinner skal vere både jomfru og lydige overfor sin mann. Det at ei kvinne spelar på skjønneheita og fertiliteten sin, var noko som gjorde henne meir slu og vondskapsfull, som igjen kan vere med på å føre til menns nedgang i livet, sia det i følgje forfattaren, var kvinna som var rota til alt vondt (Pandora).

Ei anna gudinne som er nemnt i Hesiods verk er Demeter og Persefone. I Hesiod sitt verk var dei først og fremst sett i samanheng med Pandora, men dei to gudinnene hadde ein sentral plass i den greske mytologien, og spesielt i forbindelse med jordbruket. Andre greske forfattarar som også har skreve om desse jordbruksgudinnene er den greske poeten Homer. Eit av dei homeriske hymnene er skreve til Demeter og tek føre seg myta om Demeter og Persefone. I «Hymn to Demeter» innleia han med «Of Demeter the lovely-haired, the august goddess first I sing, of her and her slender-ankled daughter, whom Aïdoneus seized by favor of heavy-

---

<sup>179</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves*, 4.

<sup>180</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves*, 4-5.

<sup>181</sup> Hesiod, *Theogonien*, linje 188–191.

<sup>182</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves*, 6.



booming, wide-sounding Zeus as she frolicked, away from Demeter of the golden sword and resplendent fruit.»<sup>183</sup> Seinare i hymna vart også landsbyen Eleusis nemnt, og forteljinga har også vorte kjent som dei eleusiske mysteria.

Myta er forteljinga om Demeter, gudinna for jordbruk, fruktbarheit og avlingar, og dottera henna Persefone som var kjent for sin skjønnheit. Ein dag, medan Persefone plukka blomar i ei blomeeng, kom guden for underverda, Hades opp frå bakken og bortføre Persefone for å ta ho til si brud. Ei sorgfull Demeter byrja å vandre kringom på jorda på leit etter dottera si, og med det forsømte ho sine pliktar som jordbrukets gudinne, noko som førte til at avlingane visna og ei stor hungersnaud spreidde seg.<sup>184</sup> Til slutt måtte Zevs, gudanens konge, gripa inn og inngjekk ein avtale med sin bror Hades, om at Persefone skulle opphalde seg delar av året i underverda med Hades, og delar av året med mor hennar på jorda. Perioden der Persefone er i underverda vart forklaringa på vintermånadane då Demeter sørga for si dotter og jorda vart liggande gold og ufruktbar. Når Persefone vende tilbake til jorda og mor hennar, kom våren tilbake og jorda vart igjen fruktbar.<sup>185</sup> Persefones syklus med sitt opphald i underverda, og så tilbakekomst til overflata vart symbolet for dei skiftande årstidene og syklusen for liv, død og atterfødst av avlingar og fruktbarheit i jordbruket.

I *Arbeid og dager* fokusera forfattaren meir på råd og lære enn på mytiske forteljingar, men han referera blant anna til myta og historia om Persefone som vart bortført av guden Hades og Demeters sorg knytt til bortføringa. Denne myta er ei slags opphavsmyte til korleis årstidene og jordbruket sitt livssyklus oppstod, og denne hendinga eller myta vert brukt som ei forklaring på dei naturlege syklusane av årstidene og dette med planting og hausting. I teksten vart Demeter og Persefone framstilt som guddommelege skikkelsar og deira handlingar som påverka den naturlege verda og menneskelivet, men dei sjølve har ikkje noko utvikla karakter eller personlegdom.

I teksten skriv forfattaren mellom anna; «krangler og tvister har ingen betydning for mannen som ikke skaffer seg avling i rikelig monn til å lagre på låven, fruktene frambrakt av jorden, Demeters velsignede grøde.»<sup>186</sup> Gudinna var ein viktig skikkelse i jordbruket då det var Demeter som var ansvarleg for avlingar og fruktbarheit. Viktigheita av denne gudinna nemnast også ved at forfattaren skildrar at «Demeter, gudinnen som æres med kranser».<sup>187</sup> Ikkje berre syner det oss at Demeter var ein viktig skikkelse i gresk mytologi og ein viktig gudinne for

---

<sup>183</sup> Homer, *Homeric Hymns 2, To Demeter*, linje 1–4.

<sup>184</sup> Powell, *A Short Introduction to Classical Myth* (Upper Saddle River, N.J, Prentice Hall, 2002), 101.

<sup>185</sup> Powell, *A Short Introduction to Classical Myth*, 101–3.

<sup>186</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 30–33.

<sup>187</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 300.

jordbruket å tilbe, det syner også at jordbruket og avlingar i seg sjølv ikkje var noko ein skulle ta lett på. Først og fremst var det gode avlingar i jordbruket som var viktig for menneska i antikken då dette ofte var det dei livnærte seg på, og det gjorde Demeter viktig svært viktig i jordbruket. Fruktbarheit var også viktig, då ein var avhengig av eit fruktbart jordbruk som gav gode avlingar, og fruktbarheit var gjerne knytt til kvinner, både dødelege og guddommelege.

I antikken vart det haldt festivalar til ære for Demeter og Persefone. Den mest kjende er dei elusiske mysteria som vart haldt i landsbyen Eleusis, og seinare Athen i det landsbyen Eleusis vart ein del av bystaten Athen.<sup>188</sup> Kva som føregjekk under denne festivalen, eller mysteria, er nettopp det; eit mysterium. Denne Demeter-kulten var hemmeleg, og det å fortelje om eller snakke om kva som skjedde under desse elusiske mysteria var straffbart med døden.<sup>189</sup> Det ein derimot har greidd å finne ut om denne festivalen, var at det ser ut til å ha vore ein jordbruksfestival som var meit for å fremje veksten av korn, og hovud-seremoniane tok stad på hausten.<sup>190</sup>

Ein annan viktig festival var Thesmophoria som var ein festival berre for kvinner, som vart feira over heile den greske verda og varte i fleire dagar. Thesmophoria var også til ære for Demeter, og gifte kvinner reiste frå hus og heim for å utføre hemmelege ritual for å sikre seg fruktbarheit i både for kvinner og for jordbruket.<sup>191</sup> Her går også den mytiske forteljinga om Demeter og Persefone igjen, då viktig element av denne festivalen ser ut til å ha vore myta om Persefone si bortføring til underverda. Kvinnene som deltok ser ut til å ha fasta i periodar under festivalen for å representere Demeter som avstod frå mat då ho leita etter si dotter.<sup>192</sup> Desse jordbruksfestivalane syner kor viktig jordbruket var for antikkens samfunn, og det syner viktigheita med gudinna Demeter og Persefone. Kvinna si deltaking i slike festivalar var også eit viktig element i kva roller kvinner hadde i jordbruket, då deira deltaking i slike festivalar skulle sikre fruktbarheita i jordbruket i året som kom. Kvinna hadde altså ikkje berre roller i si eiga fruktbarheit og reproduksjon, men også i jordbruket si fruktbarheit, både gudinnene og dei dødelege kvinnene.

---

<sup>188</sup> Powell, *A Short Introduction to Classical Myth*, 103.

<sup>189</sup> Powell, *A Short Introduction to Classical Myth*, 103.

<sup>190</sup> Powell, *A Short Introduction to Classical Myth*, 104.

<sup>191</sup> Wallensten, «Thesmophoria» *The Encyclopedia of Ancient History*, redigert av R.S. Bagnall, K. Brodersen, C.B. Champion, A. Erskine og S.R. Huebner (John Wiley & Sons, Ltd, 2012).

<sup>192</sup> Wallensten, «Thesmophoria».

### 3.5 Konklusjon for kapittelet

I dette kapittelet har eg sett på den greske forfattere Hesiod og hans verk *Arbeid og dager* og korleis kvinna og jordbrukskvinna blir framstilt av Hesiod. Verket inneheld ein del som har vorte sett på som ein jordbruksmanual for korleis jordbruket fungerte i antikkens Hellas, og sjølv om kvinna ikkje har vorte via stor plass i teksten, kan ein likevel skape eit bilete av korleis forfattere oppfatta kvinna. Hesiod har ikkje noko særleg positivt syn på kvinna, og ho vert for det meste omtala som noko negativt i mannens liv og som ei byrde. I tillegg må ein ta i betraktning konteksten kring forfattere, og i dette tilfellet er det viktig å ha i mente at forfattere var ein del av dei øvste laga i samfunnet, noko som kan ha farga hans syn og meiningar på ulike ting i samfunnet. Framstillinga kan mogelegvis stå som ei framstilling eller ein ide på ei ideell kvinne, sett frå ein elitemann, enn det som var realiteten for alle kvinner i det antikke greske jordbruket. Likevel kan ein i teksten sjå at kvinna i ulik grad var deltakande i jordbruket og var ein nyttig ressurs for hushaldet.

I jordbruksdelen av *Arbeid og dager* forklarar forfattere ulike aspekt og faktorar ved antikkens jordbruk, og det vert ståande nesten som ein jordbruksmanual. Her går forfattere inn på korleis ulike ting skal gjerast og ulike tips i jordbruket, i tillegg til at han går nøye gjennom kortid ting i jordbruket skal utførast. Dette utgjer «dager» delen av verket som fortel lesaren kva dagar for som var gunstige for kva aktivitetar, og kortid ein skal og ikkje skal utføre ulike arbeidsoppgåver, som til dømes pløying, såing og innhausting av avlingar.

Kvinn i seg sjølv får ikkje veldig stor plass i verket til Hesiod, men det er mogeleg å trekke fram kvinna får å sjå kva rolle og kva tyding ho hadde for jordbruket, i følgje forfattere sjølv. Hesiod har som nemnt eit svært negativt syn på kvinna og henna rolle i mannen sitt liv generelt, men ho var framleis nødvendig og ein ressurs. Men Hesiod sitt overordna syn på kvinna var at ho var ein negativ men nødvendig faktor i mannen sitt liv. Tidleg i verket fortel forfattere om kvinna Pandora som han meina var rota til alt vondt og dette går igjen i at han meina at det var kvinna som skapar elendigheita i livet til mannen, og at ho var ein trugsel for mannens sosiale status og stabilitet. Hesiod kjem derfor med fleire råd og tips til kortid og korleis ein manns kal velje seg ut ei god kone, for det verste som kan skje ein mann var at han får ei dårleg kone som øydeleggjar livet hans.

Hesiod har også via stor plass til gudar og mytar i verket sitt, og sjølv om gudinnene ikkje får veldig stor plass, er dei likevel nemnt og nokre av dei vert skildra. Mest relevant for denne oppgåva er Demeter og Persefone som begge vert assosiert med jordbruket. Spesielt Demeter, som var sjølv jordbruksgudinna var viktig for dei gamle grekarane, og sjølv om

Hesiod ikkje har gjeve ho noko stor plass i verket sitt, er det likevel viktig å trekke fram Demeter då ho sto så sentralt i det antikke greske jordbruket.

Kvinna si rolle i Hesiod sitt verk var noko ulik, ut i frå kva kvinne det er snakk om då han skil mellom frie kvinner og ikkje frie kvinner. Kona i huset, som var ei fri kvinne, har ei rolle som var å vere i hushaldet og drive husarbeid og hjelpe til i produksjon der ho kan, og då i tekstilarbeid som veving. Dei kvinnene som ikkje var frie avgrensar ikkje forfattaren på same måte til hushaldet, og det kan sjå ut til at desse vart nytta meir som arbeidskraft på garden og i jordbruket. Blant anna nemner forfattaren at det var lurt å hyre ei kvinneleg slave til å vere med i jordbruksaktivitetar som å pløye. Denne distinksjonen mellom arbeid for frie og ikkje frie kvinner syner at det var ulike kvinner på gardsbruket som vart nytta og sett til ulikt arbeid, og at sjølv om dei ufrie kvinnene ikkje alltid vart sett på som personar men heller eigedom og arbeidskraft, så fann ein kvinner i jordbruket.

Frie kvinner i huset var gjerne avgrensa til hushaldet, men dei kvinnene som ikkje var frie, som til dømes slavar og andre tenestekvinner, ser ut til å ha vore friare til å delta i ulike jordbruksaktivitetar. Forfattaren har heller ikkje via stor plass til heimen og hushaldet i teksten, men det kjem tydeleg fram at det er dette som er kvinna, iallfall den frie kvinna i hushaldet, sin plass. Sett vekk i frå denne distinksjonen forfattaren gjer mellom frie og ikkje frie kvinner, kan ein samla sett sjå dei ulike roller og arbeidsoppgåver som kvinnene i hushaldet og i jordbruket var deltakande i gjennom Hesiod sin tekst.

Fleire forfattarar og verk frå antikken delar Hesiod sitt syn på kvinner som noko negativt i menns liv, men ein finn også andre forfattarar som har litt annleis synspunkt på kvinner og som også kan oppfatte kvinna som ein ressurs i hushaldet. Hesiod har til dømes eit mykje meir negativt syn på kvinner og kvinna si rolle enn det mellom anna den seinare greske forfattaren Xenofon har, som ser på kvinna som underordna mannen men som likevel gjev ho ein viktigare funksjon i hushaldet. Vidare i neste kapittel vil eg sjå nærmare på Xenofon sitt synspunkt på kvinner og kvinners rolle.

## Kapittel 4 – XENOFON

Xenofon sitt verk *Oeconomicus*, som er skreven i den klassiske perioden, skildrar mellom anna på ulike måtar eit gardsbruk og eit hushald. Skildringa av hushaldet i Xenofon sin tekst gjev eit verdifult innblikk i korleis dei gamle grekarane organiserte hushalda og heimen sin. I verket har Xenofon gjeve plass til kvinna i den grad at ho vert framstilt som sjefen i hushaldet, altså inne i huset, men ikkje noko meir utover dette. Den ideelle kvinna skal i Xenofon sine auge vere ei god husmor som tek seg av hushaldet og dei oppgåvene som skjer i heimen. Kvinna vart altså avgrensa til hushaldet som her vart utelukkande ei kvinneleg sfære, og ho vart ikkje skildra i jordbruket slik som til dømes Hesiod har gjort.

Teksten er likevel relevant for å skape eit bilete av kvinna i hushaldet, og kan også belyse jordbrukskvinna då aktivitetar kring jordbruksproduksjonen ofte føregjekk i heimen og hushaldet. Til dømes var tekstilarbeid og omarbeiding av råvarer og produkt frå jordbruket på garden ein viktig del av kvinner si oppgåve i jordbrukssamfunnet, og ein kan på denne måten sjå at kvinna var deltakande i jordbruket. Det var i hushaldet at råvarar som til dømes ull vart omarbeidd til tekstilar og sydd om til kle og anna tekstilprodukt.

Teksten er relevant for denne oppgåva for både å syne organiseringa av hushalet og for å syne fram kvinna i ulike arbeidsoppgåver og er eit godt verktøy i forsøket på å danne eit heilskapleg bilete av kvinna si rolle i jordbruket, både inne i hushaldet og ute på garden. Tekstilarbeid vil eg også kome tilbake til og sjå på i kapittelet mitt om vasar, då slike motiv var svært typisk i vasekunsten, men først skal eg ta føre meg *Oeconomicus*.

### 4.1 Xenofon

Xenofon var ein gresk forfattar og historikar, men også filosof og militærleiar, som har fått ein sentral plass innan for skriftlege litterære kjelder og politisk kultur frå antikken.<sup>193</sup> Det meste ein veit om den antikke forfattaren Xenofon kjem frå hans eigne tekstar og verk, men den viktigaste kjelda til Xenofon som person er den korte biografien om han, som ein del av Diogenes Laertius' verk om filosofars liv, skriven eingong seint i det andre eller tidleg i det tredje hundre året evt.<sup>194</sup> Problemet med denne kjelda til Xenofons liv er at teksten kan verke noko naiv og upåliteleg, då mange av påstandane kan sporast tilbake til Xenofons eigne tekstar

---

<sup>193</sup> Flower, *The Cambridge Companion to Xenophon* (Cambridge, Cambridge University Press, 2016), xiv.

<sup>194</sup> Flower, *The Cambridge Companion to Xenophon*, 16; Pomeroy, *Oeconomicus*, 1.

og verk, noko som kan skuldast at det var liten interesse i samtidlege generasjonar og etterfølgjarar av Xenofon som person då han sto utan nokon filosofisk skule.<sup>195</sup>

Ut i frå historiske hendingar som gjekk føre seg i Xenofons levetid, kan ein anslå at han var fødd i Athen kring 430 fvt., eller noko seinare, og døy i 355/6, og var son av Gryllus og Diodora.<sup>196</sup> Diogenes skriv i introduksjonen til sitt kapittelen om Xenofon i verket *Lives of Eminent Philosophers*; «Xenophon, the son of Gryllus, was a citizen of Athens and belonged to the deme Erchia; he was a man of rare modesty and extremely handsome.»<sup>197</sup> Xenofon var athensk borgar og nokre kjelder tyder på at familien høyrde til ein av dei høgste rang/klassene og har truleg hatt status som rikmenn. Xenofons utdanning, eigarskap av hans hest og hans relasjon til andre med høg status i samfunnet, både det athenske og andre samfunn, støttar teorien om at Xenofon var av høgare klasse i samfunnet.<sup>198</sup>

Xenofon var student av den kjente greske filosofen Sokrates, og Sokrates er til stades i fleire av tekstane, ofte i form av samtalar. Det er derimot Xenofon sjølv som er røysta bak skikkelsen Sokrates i desse tekstane og ikkje den historiske Sokrates. Dei sokratiske tekstane skildra eller syner ofte til Sokrates si lære og gjev innsikt i hans filosofi. Blant anna i *Memorabilia* og *Symposium* er Sokrates ein sentral skikkelse, og han er blant hovudkarakterane også i *Oeconomicus*.

Xenofon skreiv innanfor ei rekke ulike sjangera og skreiv om tema og idear som interesserte han. Xenofon har skreive blant anna memoarar, historisk romantikk, sokratiske litteratur, tekniske avhandlingar om til dømes jakt, leiing, finans, politikk og historiske verk. Dei ulike verka til Xenofon gjer han til ein av få klassiske forfattarar som eksprementerte og lukkast innanfor så mange ulike sjangera, og han er kjent for å vere både ein dyktig historikar og filosof og syner gjennom sine verk ekspertise innanfor både krigføring, jakt og husdyrhald.<sup>199</sup> Xenofons fjorten verk har alle overlevd, og blant desse finn ein til dømes *Anabasis*, som er både ein memoar, reiseskildring og manual for leiarskap; *Hellenica* som tek føre seg krig og politikk i den greske verda i åra 411 til 362 fvt.; *Cyropaedia* som fortel om Cyrus av Anshan (r. ca. 550–530) som grunnla Persarriket. I verka *Memorabilia*, *Oeconomicus*, *Symposium*, og *Apology* finn ein Xenofon sin mentor Sokrates som ein sentral skikkelse og som er i hjartet av dei sokratiske dialogane til Xenofon.<sup>200</sup>

---

<sup>195</sup> Pomeroy, *Oeconomicus: A Social and Historical Commentary, with a New English Translation* (Oxford New York, Oxford University Press, 1995), 1.

<sup>196</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 2, 5; Marchant, innleiing til *Memorabilia; Oeconomicus; Symposium; Apology*, ix.

<sup>197</sup> Diogenes Laertius, *Lives of Eminent Philosophers*. Omsett til engelsk av R. D. Hicks (1925): 177.

<sup>198</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 2.

<sup>199</sup> Flower, *The Cambridge Companion to Xenophon*, 2, 4, 16.

<sup>200</sup> Flower, *The Cambridge Companion to Xenophon*, 15–16.

I tillegg til sitt forfatterskap hadde Xenofon også ei militær karriere, og kjempa blant anna som leigesoldat i ulike kampanjar, inkludert den peloponnesiske krigen og ekspedisjonen leia av Kyros den yngre.<sup>201</sup> Slike erfaringar innanfor militæret påverka forfatterskapen hans i stor grad, og var noko som gav han direkte kunnskap om både krigføring og leiarskap i militæret. Historiske verk som mellom anna *Anabasis* fortel historia om greske leigesoldatar si utfordrande reise tilbake til Hellas frå Persia. Verket *Anabasis* vert sett på som eit av dei viktigaste informasjonskjeldene om det persiske riket og dåtidas militære praksisar. Viktigheita og interessa for leiarskap kjem også fram i Xenofons verk *Oeconomicus* som i stor grad set leiarskap i fokus, og det er dette verket av Xenofon som vil stå i fokus i denne oppgåva.

Xenofon opphaldt seg også ei tid i eksil frå Athen. Grunnen til dette er ikkje sikkert, men ein mogleg årsak var at han etter slaget ved Koronea som var ein del av Korintkrigen, vart sendt i eksil av athenarane fordi han hadde favorisert spartanarane.<sup>202</sup> Xenofons positive haldning til oligarkisk styre i Athen kan også ha vore ei årsak til at han vart sendt i eksil frå byen. Det er heller meir truleg at Xenofon, som ikkje var så oppteken av politikk, men heller såg etter militære ideal, såg meir opp til dei Spartanske militære dydane og derfor favoriserte Sparta som var meir i samsvar med Xenofon sine ideal.<sup>203</sup> Det vart så sagt at han etter dette ikkje var til stades på det greske fastlandet på fleire år, då han mellom anna slo følgje med Kyros den yngre sine ekspedisjonar der han med mislukka forsøk prøvde å vinne trona i Persarriket.<sup>204</sup> Xenofon leia han troppane tilbake til Hellas, og han heldt fram med å kjempe for Sparta, men det er ukjent om han faktisk kjempa mot Athen eller ikkje.<sup>205</sup>

Grunna gode relasjonar til fleire spartanarar mottek han ein eigedom ved Scillus i Triphylia, i nærleiken av Olympia, men etter nederlaget til Sparta i 371 ved Leuctra og Scillus vart angripen, flytta Xenofon til Korint. Diogenes skriv så at Xenofon forblei i Korint resten av sitt liv.<sup>206</sup> Det er moglegheit for at Xenofon reiste fram og tilbake mellom Athen og Korint, sia Athen oppheva Xenofon si forvising frå byen i 365, men at han døy i Korint slik som blant anna Diogenes skriv. Andre hevda derimot at Xenofon returnerte til sin fødestad, Athen, og opphaldt seg her fram til sin død.<sup>207</sup> Det er også noko ueinigheita om kvar og kortid han døy, men ein tenkjer seg til at han døy mot slutten av 356 fvt.<sup>208</sup>

---

<sup>201</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 2–3.

<sup>202</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 4; Lee, «Xenophon and his Times», 30.

<sup>203</sup> Tredennick og Waterfield, introduksjon til *Conversations of Socrates* (London, Penguin Classics, 1990), 5-7.

<sup>204</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 4; Tredennick og Waterfield, introduksjon *Conversations of Socrates*, 5-7.

<sup>205</sup> Tredennick og Waterfield, introduksjon til *Conversations of Socrates*, 6.

<sup>206</sup> Marchant, innleiing til *Memorabilia; Oeconomicus; Symposium; Apology*, xi.

<sup>207</sup> Tredennick og Waterfield, introduksjon til *Conversations of Socrates*, 7.

<sup>208</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 4–5.



4.1 Kart over delar av Hellas

Avmerka byane Athen, Korint, Olympia, Sparta og Askra i Boiotia.

## 4.2 *Oeconomicus*

*Oeconomicus* var truleg skriven ein gong etter 385 fvt., då Xenofon sjølv byrja drifte sin eigen eigedom i landsbyen Scillous. Verket er i hovudsak eit didaktisk verk som omhandlar dei økonomiske, praktiske og moralske tydingane av jordbruk og leiging og drift av eigedom.<sup>209</sup> Teksten var skriven som ein samtale mellom Sokrates og Critobulus, der Sokrates også fortel Critobulus om ein samtale han tidlegare har hatt med den athenske mannen Ischomachus. Mykje av verkets hovudpunkt går igjen i anna tradisjonell antikk litteratur, slik som Hesiods *Arbeid og dager*. Blant anna framheva Xenofon verdien av hardt arbeid, ekspertise og kunnskap innanfor feltet, god planlegging, ærleg handel, og verdien av ei kone som ikkje var ei økonomisk byrde men heller hjelpsam og deltakande i å auke profitten og inntekta til *oikos*.<sup>210</sup> *Oeconomicus* tek altså føre seg både leiinga av hushaldet og økonomi knytt til hushaldet, og verket er den eldste eksisterande greske teksten som tek føre seg *oikos* på denne måten og fokusera på temaet på slik som Xenofon har gjort her.<sup>211</sup>

Xenofon hadde verken disiplar slik som hans lærar Sokrates hadde, eller noka filosofisk skule slik som til dømes Platon. Det er lite truleg at han skreiv *Oeconomicus* for eit reint athensk publikum då han opphaldd seg store delar av livet utanfor byen og tileigna seg eit stort nettverk av kjenningar både i og utanfor Athen då han arbeidde som leigesoldat. Sia jordbruk låg som grunnstein for antikke økonomiar, er det meir truleg at han skreiv denne teksten for eit større

<sup>209</sup> Marchant, innleiing til *Oeconomicus*, 381.

<sup>210</sup> Marchant, innleiing til *Oeconomicus*, 382–83.

<sup>211</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 15.



meir omfattande og breiare publikum, inkludert athenarar og andre som hadde nytte av ei god innføring og oppskrift på leiing av gardsbruk og hushald.<sup>212</sup>

Teksten tek form av samtalar frå Sokrates sitt synspunkt, der han i dei første delane av teksten (kapittel 1-6) er i snakk med ein velstående ung mann kalla Critobulus. I denne delen av teksten snakkar Sokrates om blant anna fordelane med jordbruk, både økonomiske og fysiske fordelar som at det både er triveleg arbeid, men også lønnsamt, fysisk og helsemessig gunstig arbeid. I neste del av teksten (kapittel 7-10) fortel Sokrates Critobulus om ein samtale han tidlegare har hatt med Ischomachus, og første del av samtalen tek føre seg kvinna i hushaldet og spesielt Ischomachus kone og korleis han har lært ho opp til å verte den ideelle kvinna og overhovud for hans hushald. I siste del av verket (kapittel 11-22) held samtalen mellom Sokrates og Ischomachus fram, men fokuset ligger meir på leiinga av hushaldet og garden.<sup>213</sup>

Sokrates fortel om denne samtalen han tidlegare har hatt med Ischomachus til Critobulus, fordi Ischomachus vart oppfatta som ein «gentleman» og ein som har god kunnskap om temaet, og er eit godt døme på korleis ein skal leie både eit hushald og jordbruk. Denne diskusjonen mellom Sokrates og Ischomachus er rik på idear om korleis ein skal handtere, styre og drifte ei hushald, og bidreg på sett og vis til å danne eit samanhengande sett med prinsipp – som korleis ein sjef i hushaldet kan handle for å etablere og garantere økonomisk suksess, og bidra til det politiske liv.<sup>214</sup> Og som i dei fleste antikke kjelder spelar også det guddommelege ei rolle, og den guddommelege autoriteten over blant anna krig og fred vart anerkjent med at dei forplikta seg til å byrje kvar aktivitet med gudanes hjelp. Gudanes plass i tekstane kjem av trua på at gudane hadde makta til å gjeve eller nekte lukke sjølv til dei som var kunnskapsrike og flittige.<sup>215</sup> Ischomachus påpeikar derimot også viktigeita av at ein sjølve må gjere ein innsats og at det var viktig at menneska sjølve jobbar for å sikre seg det ein ber gudane om hjelp til, som god helse, lojale vener, ære i samfunnet, tryggleik i krig, og auka rikdom.<sup>216</sup>

Det er spesielt den sokratiske dialogen mellom filosofen Sokrates og den velstående mannen Ischomachus, som vil stå i fokus i denne oppgåva. Samtalen mellom Sokrates og Ischomachus omhandlar leiinga av *oikos* (hushaldet, eller familien), ein einskap som inkluderer både medlemmane av familien, slavane og tenarane, husdyr, egedomen, huset, og andre ting

---

<sup>212</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 9.

<sup>213</sup> Xenofon, *Oeconomicus*; Marchant, innleiing til *Oeconomicus*, 381.

<sup>214</sup> Hobden, «Xenophon's *Oeconomicus*» i *The Cambridge Companion to Xenophon*, redigert av Michael Flower (Cambridge, Cambridge University Press, 2016), 160.

<sup>215</sup> Hobden, «Xenophon's *Oeconomicus*», 160.

<sup>216</sup> Hobden, «Xenophon's *Oeconomicus*», 160–61.

som hørde til hushaldet som produksjon og avlingar. Det er også denne delen av verket som syner Xenofon si framstilling og omtale av kvinner, som vil stå i fokus i denne oppgåva.

Tekstens kombinasjon av spørjande og didaktisk framstilling legg til rette for ei produktiv undersøking av økonomisk teori og praksis, der eit veksande hushald var ein del av ei pågåande reise mot moralsk forbetring og politisk leiing.<sup>217</sup> Den delen av *Oeconomicus* som fokusera på jordbruk og hushald er meint som eit slikt lærande og didaktisk framlegging, men det ein må hugse på er at også dette var ein elitemann som skreiv utan å sjølv vere bonde i arbeid i jordbruket. Det at teksten også var lagt til byen gjer at ein ikkje direkte kan kallast jordbruksdidaktikk, men ein tekst som framstiller det eliten såg på som ideelt jordbruk og hushald. Det vert heller eit jordbruksdidaktisk verk frå eit meir administrativt synspunkt då dette var menn som ikkje sjølve arbeidar men som heller står som eigar og administrera bøndene som faktisk er deltakande i jordbruket. Kvinnearbeidet som tekstilarbeid og hushaldsstyre som vert framstilt i teksten, var derimot framleis relevant då dette er ein del av jordbruksarbeidet, og det er denne delen av *Oeconomicus* som er relevant for denne oppgåva.

Når det kjem til kone-didaktikk i den klassiske perioden kan ein seie at det hesiodiske paradigme held fram med å påverke framstillinga av kvinner og korleis dei mannlege elite forfattarane skriv om kvinner.<sup>218</sup> Ved første augekast kan Xenofons si framstilling av kvinner framstår som tilsynelatande meir positivt enn andre antikke framstillingar av kvinna og hennar rolle i samfunnet. Xenofon plassera likevel kvinna i heimen og gjer eit avgrensa hushald til hennar sfære, medan ektemannen og andre arbeidarar i hushaldet tek seg av arbeid som går føre seg utanfor huset.

I likskap med andre antikke forfattarar skil Xenofon mellom frie og ikkje frie medlemmar av hushaldet, og han gjev den frie kvinna i hushaldet andre roller og status enn ufrie kvinner. I eit athensk elite-hushald slik det vart skildra av Xenofon, var kona i huset ansvarleg for arbeidarane og slavane, samstundes som ho står ansvarleg for oppdragelsen og danninga av borna i hushaldet. Kona har i hushaldet hjelp frå ei hushjelp og slavar som skal assistere ho i arbeidet, og gjerne gjere det arbeidet som ikkje er «fint» nok for ei elitekvinne å gjere. Kvinna skal også stå for organiseringa av hushaldet, stå ansvarleg for mat og supplering, og ta seg av huslege syslar i henna avgrensa sfære.<sup>219</sup>

Denne avgrensinga til hushaldet grunnjev Xenofon blant anna med at kvinna var skapt for, og meir eigna for husarbeid, medan mannen var meir eigna for det arbeidet som går føre

---

<sup>217</sup> Hobden, «Xenophon's *Oeconomicus*», 168.

<sup>218</sup> Too, «The Economies of Pedagogy: Xenophon's Wifely Didactics», 69.

<sup>219</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies» (2004), 197.

seg ute på garden.<sup>220</sup> For Xenofon skulle kvinna ta seg av heimen og hushaldet, inkludert born og deira oppdragelse, medan mannen skulle ta seg av det fysiske jordbruksarbeidet og det sosiale livet. Desse rollene til kvinna og mannen var ifølgje forfattaren bestemt av natur.<sup>221</sup> Med denne tankegangen om eit naturbestemt kjønnskilje vert også kvinna i Xenofon skilt frå den offentlege sfæren og i stor grad avgrensa til hushaldet, slik som kvinner ofte har blitt gjort opp gjennom historia. Den sosiale dimensjonen i det greske samfunnet set også ned eit skilje mellom den frie og ikkje frie kvinna, og det gjev bakgrunnen for skiljet i rollene som var forventa av dei ulike kvinnene.

#### 4.2.1 Hushaldet og gardsbruket i *Oeconomicus*

I samtalen med Sokrates brukar Ischomachus sitt eige hushald, si eiga kone og eigne erfaringar i å styre hushaldet som døme. Ischomachus delar med det sin kunnskap om korleis eit ideelt landbrukshushald, og om korleis kvinna si rolle i hushaldet bør gå føre seg for at det skal vere eit suksessfullt hushald. I løpet av samtalen er teksten innom ulike tema som oppdrett og avling, husdyrhald, økonomisk styring og viktigheita av korleis ein styre hushaldet og oppfører seg dydig. Sjølv om denne teksten ikkje er nokon fasit på korleis hushaldet og dei ulike rollene i hushaldet og på garden i det greske antikkens samfunn gjekk føre seg, gjev det oss eit innblikk i dei økonomiske og dei sosiale aspekta hjå dei gamle greske samfunna. Relevant for denne oppgåva er korleis teksten framstiller kjønnsrollene og kvinna si plass i hushaldet og på gardsbruket i det antikke Hellas.

Når det kjem til organisering og inndeling av hushaldet og gardsbruket, skildra gardseigaren Ischomachus korleis han meina at gardsbygninga skal sjå ut:

“Well, I decided first to show her the possibilities of our house. For it contains few elaborate decorations, Socrates; but the rooms are designed for this very purpose, to provide as convenient receptacles as possible for the things that are to be kept in them, and thus each room invited just what was suited to it. Thus the inner chamber by the security of its position called for the most valuable bedding and furniture, the dry covered rooms for the grain, the cool for the wine, the well lit for those works of art and vessels that need light. I showed her decorated living rooms for the family that are cool in summer and warm in winter. I showed her that the whole house fronts south, so that it was obviously sunny in winter and shady in summer.”<sup>222</sup>

---


<sup>220</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 7.22.

<sup>221</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies», 197.

<sup>222</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 9.2-9.4.

Ischomachus forklarar her korleis eit ideelt hus, i følgje han sjølv, skal vere organisert, og kva rom som skal brukast til kva, ut i frå blant anna plassering av romma i huset. Dei ulike romma i huset vart nytta ulikt og det var ulike ting og bruksområde som høyrer heime og bør vere i dei ulike romma. Slike skildringar av inndeling av huset og romma kan vere med på å illustrere nettopp bruken av dei ulike delane av huset. I hovudsak handlar det om å finne dei romma som var mest eigna til ulikt bruk, som til dømes «the inner chamber by the security of its position called for the most valuable bedding and furniture», medan andre rom i huset som var tørre var meir eigna for korn. Dei kaldaste romma var eigna for vin oppbevaring, og rom som var godt opplyste var eigna «for those works of art and vessels that need light».<sup>223</sup>

I ulike hus vil det sjølvstøtt variere kva rom som er passande for kva bruk, grunna ulike faktorar som plassering av huset i landskap, størrelse på romma, og liknande, då blant anna sollys og temperatur spela ei rolle. Dermed vil det ikkje vere lik inndeling og bruk av dei ulike romma i alle hus. Ein kan identifisere eigenskapane til romma i forhold til desse faktorane som er skildra, og kan med det resonnerer seg fram til kva bruksnytte dei ulike romma har vore brukt til. Dersom ein ser på denne skildringa og organiseringa av eit hushald, kan ein vidare ta føre seg arkeologiske utgravingar for å jamføre desse litterære framstillingane av eit hushald og tillegga det til faktiske arkeologiske funn. Med det kan ein supplere og utfylle både dei litterære og arkeologiske kjeldene med kvarandre. Ser ein til arkeologien og arkeologiske utgravingar og funn, kan ein i kombinasjon med Xenofons *Oeconomicus* skape seg eit bilete av korleis eit gardsbruk og hushald truleg kan ha sett ut.




4.2 Kart over Attika: landsbyen Vari og Vari-huset markert (Jones mfl. (1973), s. 357).

Eit døme er Vari-huset (The Vari Cave House) som ligg aust i regionen Attika, langs dei sørlege høgdedragaga av Hymettos fjellkjeda (fig. 4.2). På denne staden har det vore gjort funn

<sup>223</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 9.2-9.5.

av fleire veggjar av stein og låge fundament av stein i rektangulær utforming, som arkeologar har identifisert til å ha vore hovudhuset på gardsbruket (fig. 4.3).<sup>224</sup>



4.3 Illustrasjon av Vari-huset (Jones mfl. (1973), s. 371)

Planteikningar frå mellom anna Vari-huset (fig. 4.3 og 4.4: a), jamført med planteikningar frå andre hus og gardsbruk frå den antikke greske landsbygda, kan bidra til å illustrere eit liknande hushald som det Xenofon skildra i teksten sin. Vari-huset har mellom anna i arkeologien og forskingslitteraturen vorte jamført med Dema-huset (fig. 4.4: b), som er eit anna hus funne i same region i det sør-vestlege Attika. Dema-huset var truleg knytt til eit gardsbruk eller jordbruket, men grunna mangel på funn av andre strukturar eller gjenstandar som ein kan knyte direkte til jordbruk, kan ein ikkje med sikkerheit seie at huset var knytt til jordbruksverksemd.<sup>225</sup>

Dersom ein tek føre seg fleire ulike planteikningar, sjølv frå hus og gardsbruk som ligg langt vekke frå kvarandre og ikkje har noko relasjon seg i mellom, ser ein at det er mykje likskap i korleis husa ser ut. Med omsyn til at posisjonen og plasseringa av huset i landskapet vil variere kvar i huset dei ulike bruksromma var plasserte på planteikninga, kan ein sjå at det er mykje fellestrekk i rominndelinga (fig. 4.4). Dette støtter opp under Xenofon som skriv at rominndelinga av eit hus handlar om å finne delane av eit hus og kva rom var mest eigna til kva bruk.

<sup>224</sup> Jones, Geroulanos, Graham og Sackett, «An Attic Country House below the Cave of Pan at Vari» (1973), 356.

<sup>225</sup> Jones, Graham og Sackett, «The Dema House in Attica» (1962), 103.

Det vil sjølvsagt variere frå hus til hus kva rom som var eigna til kva bruk, men dersom ein klare å identifisere ulike eigenskapar i ulike rom kan ein med jamføring av ulike planteikningar frå arkeologiske utgravingar og skildringar frå antikke tekstar mogelegvis resonnerer seg fram til kva romma vart brukte til.



4.4 Ulike planteikningar av antikke hus (Jones mfl. (1973), s. 432)

Comparative house plans. (a) Vari House; (b) Dema House; (c) Pastas House, Seuthopolis; (d) Olynthus, Villa of the Bronzes; (e) Pastas House, Pella; (f) Olynthus, House Aub; (g) Athens, two houses at north foot of the Areopagus; (h)-(j) Attika, Priest's House at Zoster, original to final form; (k) Colophon, two houses with detached towers and external stairs; (l) tower in Mani with over and under doorways and external stairs; (m) Priene, House 33; (n) Chersonesos, Crimea, farmhouse no. 25, third century BC; (o) Thasos, tower-an-court no.8; (p) Thasos, tower-an-court no. 5; (q) Chersonesos, Crimea, Farmhouse no. 26, second century BC. (T marks towers).

På denne måten er det nyttig med slike skildringar som Xenofon si framstilling av eit gardbruk då det kan hjelpe med å finne ut nettopp slike ting om dei gamle greske hushalda. Ein må derimot sjølvsagt ha i mente at dei skriftlege kjeldene, som Xenofons *Oeconomicus* ikkje er ein fasit og representant for alle hus, men heller eit hjelpemiddel for å sjå på bruksområda til dei ulike romma i eit hushald som liknar det som vart skildra av Xenofon. *Oeconomicus* vart derfor ikkje berre ei skildring som sei noko om rollene til medlemmane i hushaldet men som også kan gjeve oss eit interessant innsikt i den arkitektoniske teikninga og bygginga av hus som vart bygd av dei gamle grekarane, og teksten kan med det verte brukt på å lest på ulike måtar, ut i frå kva formål ein har med bruken av teksten.

Mest relevant for denne oppgåva er rollene og forholdet mellom medlemmane i hushaldet, og då spesielt kvinna si rolle som medlem av familien og i *oikos*. I teksten fortel Ischomachus Sokrates korleis han har trena opp kona si til å drifte hushaldet og halde orden i tinga og romma i husa. Vidare i dette kapittelet skal eg gå inn i teksten og sjå på korleis nettopp denne kvinna vart framstilt av Xenofon, og på kva områder dei ulike kvinnene i *oikos* spelte ei rolle i heimen og på gardsbruket i følgje teksten. Eg vil ta føre meg eit utval tekstutdrag frå

*Oeconomicus*, og forsøke å gjeve ei oversikt over korleis kvinna, og då spesielt ei kvinne som går igjen i teksten vart presentert, og korleis ho kan stå som ein representasjon av korleis forfattern av verket såg føre seg at ei idealkvinne skulle vere og oppføre seg i heimen og i forholdet til sin ektemann og sitt hushald.

### 4.3 Forholdet mellom kvinna og mannen i hushaldet

For Xenofon har ekteskapet fleire funksjonar. Mellom anna var kvinner og menn skapt av gudane for å inngå i ekteskap med ei plikt om reproduksjon og står ansvarleg for overlevinga av menneskearten. Born i ekteskapet gjer at kona og mannen har nokon til å forsørge dei når dei vert eldre, då dei vert sine barns ansvar seinare i livet.<sup>226</sup> Det var derimot ikkje berre reproduksjon som var ein viktig funksjon av ekteskap, i følgje Xenofon. Menn og kvinner var også skapt for å skulle gå saman i ekteskap som skal vere gunstig for dei begge: «they may form a perfect partnership in mutual service».<sup>227</sup> Det kjem fram i teksten at for forfattern var ekteskapet ein viktig fundamental relasjon og faktor for suksessen av hushaldet.<sup>228</sup>

Ekteskapet som eit samarbeid kjem til uttrykk blant anna gjennom at Ischomachus byrjar samtalen sin med Sokrates med å fortelje om ein samtale han har hatt med kona si om korleis dei to må samarbeide for å oppretthalde eit velfungerande hushald. Ischomachus råd om samarbeid i ekteskapet og hushaldet var basert på ei førestilling om at mann og kone skal ha komplementære roller i hushaldet, den eine har sine roller og arbeid inne og den andre har sine roller og arbeid ute. Desse rollene var noko som var bestemt av deira guddommelege etablerte natur, der kvinna var mest eigna til arbeid i hushaldet, medan mannen har føresetnadar og var mest eigna til arbeid ute i jordbruket. Denne samhandlinga og fordelinga av roller gjer at dei begge bidrege til hushaldet og familiens suksess.<sup>229</sup>

For Xenofon ser det ut til at ekteskapets funksjon ikkje berre var reproduksjon og vidareføring av slekta og for arbeid, men det var også ein komplementært partnerskap med ansvar for både eigedom og hushald og for borna deira si utdanning. Xenofon behandla familien som ein sosial relasjon som sin funksjon var produksjon. Med det er han den førte greske forfattarane til å sjå verdien i kvinneleg arbeidskraft, i tillegg til at han ser at husarbeid har ein økonomisk verdi sjølv om det var arbeid som manglar byteverdi i økonomisk forstand.<sup>230</sup> Xenofon erkjenner med det at kvinneleg arbeid har ein verdi og at denne arbeidskrafta gagna

---

<sup>226</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.18-7.19; Kronenberg, «A philosopher and a gentleman (Oec. 7–21)», 56.

<sup>227</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.18.

<sup>228</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 33.

<sup>229</sup> Hobden, «Xenophon's *Oeconomicus*», 158; Xenofon, *Oeconomicus*, 7.18-7.28.

<sup>230</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 59.

hushaldet og familien som ein heilskap. Dersom kvinna utfører si rolle i hushaldet på ein god måte, vil hennar personlege verdi også auke, så vel som verdien av hushaldet og familien. Då er god oppførsel, lydigheit og dydigheit til sin ektemann spesielt viktig.

«But the most pleasant experience of all is to prove yourself better than I am, to make me your servant; and so far from having reason to fear that as you grow older you may be less honored in the household, to feel confident that with advancing years, the better partner you prove to me and the better guardian of the estate for our children, the greater will be the honor paid to you in the household. For it is not because of youthful charms that the sum of things good and beautiful in human life is increased, but through practice of the virtues.»<sup>231</sup>

Kvinna var i følge Xenofon altså i stand til å lære og ta til seg kunnskap om korleis ho skal vere ei god kone, og ved å syne si truverd og kompetanse, kan kona oppnå det som Sokrates i teksten «kalla maskulin intelligens».<sup>232</sup> Ved å oppnå desse eigenskapane kan den frie kvinna tileigne seg både sjølvstende og autoritet i sitt eige hushald, nokon gonger til og med over hennar eigen ektemann.<sup>233</sup> Det vart igjen framheva kva ei god kone var og korleis ho skal oppføre seg, og då at ei kone skal i sitt hushald og i sitt forhold til sin ektemann streve etter å syne seg betre enn mannen, og skaffe seg autoritet over han. Jo betre ei kone ho var for mannen, jo betre hustru og mor i hushaldet var ho. Og vidare ville ho med det verte heidra i sin eigen heim. Det var gjennom hennar daglege utføring av dydane i heimen og hennar styring av hushaldet av kvinna vil verte heidra.

Dersom ein ser til andre forfattarar som til dømes Aristoteles ser heilt vekk i frå at ei kvinneleg «sjef» var mogeleg då det var mannen som var den styrande i hushaldet. I *Politikk* skriv blant anna Aristoteles at «når det gjelder forhold mellom mann og kvinne, er det også fra naturens side et forhold mellom en sterkere og en svakere part, mellom en styrende og en styrt».<sup>234</sup> Aristoteles argumentera for at dette var grunna det faktum at «det mannlige kjønn er nemlig av naturen mer skapt for lederskap enn det kvinnelige, med mindre det har skjedd en slags utvikling i strid med naturen...».<sup>235</sup> Det var altså i følge Aristoteles frå naturens side mannen som var den sterke i forholdet mann/kvinne og at det var han som har autoriteten over kona si, og at dersom det skulle vere slik som Xenofon opnar for at var mogeleg med ei kone som har autoritet over sin eigen ektemann, ville det stride i mot det naturlege.

---

<sup>231</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 7.42-7.43.

<sup>232</sup> Marchant, innleiing til *Oeconomicus*, 383; Xenofon, *Oeconomicus* 10.1.

<sup>233</sup> Marchant, innleiing til *Oeconomicus*, 383.

<sup>234</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1254b.

<sup>235</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1259b.



Desse to døma syner altså to ulike måtar å tenke om kvinna på. Xenofon framhevar at dersom kvinna var godt opplært og har den kunnskapen som skal til for å føre eit vellukka hushald, kan ho til ein viss grad ha ein slags autoritet over sin eigen mann, i tillegg til å vere sjefen i sitt eige hushald. Denne autoriteten over sin eigen mann var nok ikkje bokstavelig talt autoritet i den forstand at ho tek over rolla som sjefen i familien, men heller at det var ho som styrte hushaldet då det var henna sfære i samfunnet. Xenofon fremjar altså at ei kvinne i si rolle som ansvarleg for hushaldet kan skaffe seg ein viss autoritet i hushaldet, men denne autoriteten ho kan tileigne seg var likevel avgrensa til å gjelde berre innanfor henna eige hushald og familien. Elles i livet og kvardagen vil nok kvinna framleis vere underlagt sin mann, sjølv om Xenofon påpeikar at det var mogeleg med ein viss autoritet over sin ektemann.

Aristoteles, i sitt verk om statsstyring og maktforhold i samfunnet, ser heilt vekk i frå at det var naturleg at ei kvinne kan ha noko som helst makt og autoritet over sin ektemann, sjølv i hushaldet der ektemannen var den øvste leiar og deretter kvinner og slavar i hushaldet. Ein viktig forskjell mellom dei to forfattarane er derimot at Xenofon, som skriv om den private sfæren, tek føre seg gardsbruket og hushaldet til ein mann, som tilsynelatande vart framstilt som og ser ut til å verte sett på av dei andre i kretsen hans som ein «gentleman». Medan Aristoteles, som skriv om den offentlege sfæren, ser på statsbygging og eit meir generelt overordna syn over styring av samfunnet, deriblant maktforholdet mellom kvinna og mannen i samfunnet. Xenofon og Aristoteles er derimot einige i at menn og kvinner i eit ekteskap skal utfylle kvarandre, og at eit slikt komplementært forhold var til fordel for samfunnet som heilskap.<sup>236</sup> Likevel kjem det tydeleg fram at desse to antikke forfattarane hadde to ulike syn på kor utprega kvinna og hennar rolle i heimen var.

Når det kjem til arbeidsdelinga mellom kjønna som Xenofon presentera i forhold til jordbruket, kan ein ikkje sjå på dette som ein fasit for alle hushald. Xenofon som sjølv var ein velstående mann skriv ut i frå ein elitemanns perspektiv, og hans oppfatning om arbeidsfordeling og realiteten for bønder av andre sosiale lag i samfunnet vil vere ulik. Blant anna Aristoteles poengtera dette i sitt verk *Politikk* der han skriv «[d]e fattige er jo nødt til å bruke kvinner og barn som hjelpere siden de ikke har slaver.»<sup>237</sup> Aristoteles sitt utsegn syner tydeleg at det var sosiale forskjellar i arbeidsdelinga mellom kjønna på landsbygda.

I likskap med Hesiod skil han mellom frie og ikkje frie kvinner, og slavinnene i hushaldet var tydeleg skilt frå dei frie kvinnene når det kjem til arbeidsoppgåver og kva stillingar dei kan opprette i hushaldet og familien. Den frie kvinna er den kvinna som Xenofon

---

<sup>236</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 186.

<sup>237</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1323a.

omtalar mest i teksten. Det er henne der er snakk om når Xenofon mellom anna seie at ho ut i frå sin gode oppførsel og dydigheit kan til ein viss grad oppnå ei form for maktrolle i hushaldet.

#### 4.3.1 Kjønnssdeling i hushaldet

I hushaldet som Xenofon skildrar i *Oeconomicus* vert det blant anna nemnt at det finnast ei kjønnssdeling i hushaldet som vert presentert i teksten. Dette avsnittet i teksten syner eit slikt skilje mellom soveromma i husa, som var delt i eit kvinneleg soverom (*women's quarters*), og eit som var for menn:

«I showed her the women's quarters too, separated by a bolted door from the men's, so that nothing that ought not to be moved may be taken out, and that the slaves may not breed without our permission. For honest slaves generally prove more loyal if they have produced children, while bad ones, if coupled, become all the more prone to mischief.»<sup>238</sup>

Det kan sjå ut til at dette gjelde både for familiemedlemmane, og for andre medlemmar av hushaldet, som slavar og tenestefolk. Slavane vart separert mellom kjønna for å tilsynelatande unngå at slavane reprodusera og får born, noko som var uønskt for då vil slavane ifølgje forfattaren verte mindre lojale mot hushaldet dei høyrer til når dei sjølve har born og familie å skulle ta seg av.

Andre antikke tekstar som syner slike dømer er tala «On the Murder of Eratosthenes» som var skriven ned av Lysias. Teksten handlar om ein rettssak kring eit drap på ein mann som skal ha forført kona til ein annan mann. Her fortel ektemannen til den forførte kona blant anna om korleis hushaldet hans ser ut, og at det mellom anna består av fleire etasjar. Også i hushaldet Lysias skildra finne ein ei kjønnsinndeling av soveromma (*quarters*), og skil mellom kvinnelege og mannlege rom: «my dwelling is on two floors, the upper being equal in space to the lower, with the women's quarters above and the men's below.»<sup>239</sup>

I både Xenofon og i Lysias vart to avdelte delar av eit hus skildra med to ord som kvar ber likskap med dei greske orda for kvinne og mann. Den kvinnelege delen av huset vart kalla *gunaikonitis* eller *gynaikeion*, medan den mannlege delen av huset vart kalla *andronitis* eller *andron*. Desse romma kunne ligge ved sidan av kvarandre, i ulike endar av huset eller dei kunne ligge i kvar si etasje, og dei kunne bestå av eit eller fleire fysiske rom eller suitar.<sup>240</sup> Kvinnene

---

<sup>238</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 9.5.

<sup>239</sup> Lysias, *Lysias on the Murder of Eratosthenes*, 9.

<sup>240</sup> Nevett, «Gender Relations in the Classical Greek Household: The Archaeological Evidence» (1995), 363; Blundell, *Women in Ancient Greece*, 139.

skulle bruke tida si i dei kvinnelege romme, der dei mellom anna hadde sitt arbeid som omarbeiding av ull og tekstilproduksjon, og det var her kvinna skulle oppdra ungane sine og underhalde seg sjølve. Dei ugifte kvinnene og slavane i hushaldet hadde også desse *gynaikeion* som soverom, noko også den gifte kvinna også hadde dersom ho ikkje sov saman med sin ektemann.<sup>241</sup>

Basert på arkeologiske funn har utgravne athenske hus som regel støtta desse teoriane med kjønnsinndeling av husrommet. Der kvinnelege og mannslege rom kan identifiserast, var dei ofte plasserte på bakkenivå på motsett side av kvarandre i huset, der dei mannlege romma som oftast var nærast utgangen til gata. I rom der ein har funne vev-vektar og andre reiskap som vart nytta i tekstilarbeid, har ein i fleire tilfelle funne restar etter trapper som indikera av kvinnene i huset har hatt mogelegheita til å bevege seg mellom dei kvinnelege romma som vart nytta som arbeidsrom på bakkenivå, til kvinnelege opphaldsrom og soverom i etasjar over, utan å ha måtte forlate den kvinnelege delen av huset.<sup>242</sup>

Slik blir kjønnsfærane inne i dei rikare og meir velståande hushalda skildra i ulike kjelder, men ein har ikkje funn eller bevis som seie noko om fattigare og mindre hushald som bestod berre av familien, hadde ei slik kjønnsinndeling av romma. Det er derimot ikkje usannsynleg at mindre hushald, sjølv dei utan til dømes slavar, hadde rom i huset som var meint for kvinner og rom meint for menn. Det ein derimot kan setje spørsmålsteikn ved er kor «streng» ein var med å følge denne kjønnsdelinga til dagleg.

Teksten til Xenofon har synt oss ei skildringa av eit hushald med kjønnsdeling av romma, men teksten var skriven av ein elitemann, noko ein må hugse på når ein skal vurdere om denne skildringa er noko som var representativt for eit vanleg gresk hushald. Xenofon si skildring kan igjen vere ei slags ideologisk framstilling på korleis antikkens menn tenkte seg at det skulle og burde vere, og derfor framstiller hushaldet sitt på denne måten. Ein annan faktor er at denne framstillinga på eit kjønnsdelt hushald var truleg avhengig av kven det er som skal observere eller vere mottakaren av denne informasjonen om korleis hushaldet var organisert.

Dersom det til dømes var mannlege gjestar i huset som ikkje var ein del av familien, er det truleg at kvinnene vart mindre synlege i huset og at dei mannlege gjestane vart opphaldt i eigne delar av huset, slik at ei slik kjønnsdeling var slik dei oppfatta hushaldet. Medan andre gjestar, som familiemedlemmar eller kvinner, vil sjå ei anna kjønnsdeling der kvinna var meir synleg og kvinna og mannen var meir samla i hushaldet. Det kan rett og slett vere at her er det

---

<sup>241</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 139.

<sup>242</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 139.

eit rollespel, liknande det Meyer såg i sine observasjonar i eit jordbrukssamfunn, medan sanninga er ei anna.

#### 4.4 Dei ulike kvinnene i *Oeconomicus*

I teksten er det spesielt ei kvinne som står i fokus, men ho kan til ein viss grad sjåast som ein representant for kvinna si rolle i det antikke greske hushaldet, men også som det Xenofon såg på som ei idealkvinne. Ischomachus kone er til stades gjennom nesten heile teksten og Ischomachus omtalar deira forhold og hennar rolle i heimen i sin samtale med Sokrates. I teksten seier blant anna Sokrates at ei kone som var ein god partner i hushaldet, var ei som bidrege like mykje som sin ektemann, fordi suksessen av eit hushald var resultat av både kona og mannens arbeid som var til fordel for hushaldet:

«I think that the wife who is a good partner in the household contributes just as much as her husband to its good; because the incomings for the most part are the result of the husband's exertions, but the outgoings are controlled mostly by the wife's dispensation. If both do their part well, the estate is increased; if they act incompetently, it is diminished.»<sup>243</sup>

Det blir altså skildra at ei ideell kvinne var ei god kone som hjelpe til i hushaldet like mykje som det mannen gjorde. Det vert mellom anna skreve at inntektene i hushaldet var resultatet av ektemannens innsats, medan utgiftene vart kontrollerte frå konas dispensasjon, noko som syner litt av arbeidsdelinga i ekteskapet. Dersom både ektemannen og kona gjer sine partar på ein god måte, vil deira eige (brukt som uttrykk på formue, eller det som var i deira eige) auke, men dersom dei opptrer inkompetente vil det påverke hushaldet negativt. Denne skildringa syner ei framstilling av korleis Xenofon tenkjer seg til kvinners rolle i heimen, og at ekteskapet skal vere eit samhald og samarbeid som skal gagne hushaldet og at begge partar må bidra til gode resultat i hushaldet.

Det var altså ikkje berre mannen si oppgåve og jobbe og streve mot eit suksessfullt hushald, men også kona måtte bidra. Kvinna skulle utføre sine plikter og utfylle mannens oppgåver i heimen, og dersom dei begge utførte dei vel og bra nok, ville dette vere i favør for hushaldet som heilskap og auke deira formue. Ei slik framstilling og skildring av ei ideal kvinne står i kontrast til andre kjelder, som til dømes Aristoteles, som skildrar kvinna som eit meir passivt medlem av hushaldet som berre sitter på utstilling.

---

<sup>243</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 3.15-3.16.

Vidare har ein sjølvstøtt synet på kvinna som mor. Kvinna i morsrolla var kanskje det kvinnesynet som var mest utbreidd av alle, då det var kvinna som skal bære fram og oppdra ungar, og stod med det ganske ansvarleg for å vidareføre familie og slekt på ein god måte. Det ein ser med Xenofon derimot er at det er ikkje berre morsrolla som var kvinners rolle i hushaldet, og med det har han eit litt annleis syn på kvinner enn det kanskje andre antikke (og seinare) forfattarar har.

Likevel var morsrolla ei viktig rolle for kvinna i Xenofons verk, og han skriv om dette: «the fact is [...] just as it naturally comes easier to a good woman to care for her own children than to neglect them...».<sup>244</sup> Xenofons syn på kvinna si morsrolle kjem fram ved at det vert sagt at ei god mor og kvinne var ei som tok vare på og oppfostra sine born. Ei god kvinne ville altså naturleg føle på kjensla av å skulle ta godt vare på borna sine og det skal vere naturleg å ta vare på borna enn å forsøma dei. Vidare vart denne gode mora brukt til å fremje at ei god kvinne, slik som ei god mor som tek vare på sine born, vil ho også ta vare på og sjå etter sine eigendelar. Ikkje berre vart det forventat av ei kvinne skal vere ei god mor og sjå etter borna i huset, men ho skal også syne at ho var ei god kvinne i at ho tok vare på og steller med sine eigendelar og at ho tek glede i å sjå etter og ta vare på både sine born og sine eigendelar.

I hushaldet finner ein også andre kvinner enn berre kona, som hadde ulike roller innanfor hushaldet. Ein har til dømes slavar og arbeidarar som alle hadde ein funksjon og oppgåver i eller for familien. Ischomachus har nøye utvalgt seg både kona, hushjelpene og arbeidarane, og det var spesielt viktig for han at arbeidarane hans var til å stole på og at han kan lite på at dei kan bli sendt ut å arbeide på egedomen hans og gjere andre ærend for han.<sup>245</sup> I likskap med ulike autoritetar som nyttar ros, lønningar, skuld og straff, for å fremje og skape interesse for motivasjon for å handle i slik stand at det gagnar samfunnet som heilskap, nyttar så Ischomachus liknande metodar for å lære opp både si kone og sine hjelparar og tenarar til å vere lydige og dydige. Han nyttar seg av slike læremetodar for å skape både lojalitet og effektiv arbeidskraft som var i favør av hushaldet og som gjev resultat.<sup>246</sup>

For at både hushjelpe og arbeidarane skal ville det beste for hushaldet og yte deretter, var det viktig at Ischomachus og hans kone som husets overhovud behandlar slavane og arbeidarane sine på ein skikkeleg måte. Dersom dei vert behandla på ein god måte vil det vere i deira interesse å bli verande i hushaldet og tene dei. Denne lojaliteten vart også utretta med at den ansvarlege hushjelpe og formannen (leiar for arbeidarane) i hushaldet var delaktig i *oikos*

---

<sup>244</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 9.10.

<sup>245</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 65.

<sup>246</sup> Kronenberg, «A philosopher and a gentleman (Oec. 7–21)» (2009), 58.

sitt tap og vinningar.<sup>247</sup> Ischomachus hushald vart organisert med ei arbeidsfordeling som var skapt for å kompensere for det faktum at ingen av individa i hushaldet var sjølvforsynt, men var avhengig av eit lojalt samarbeid og strev for resultat for at individa og hushaldet skal lukkast.<sup>248</sup>

Dei kvinnelege slavane og hushjelpa som arbeider inne i huset skal i følgje Ischomachus, vere opplærde og ha fått instruksjonar frå kona i huset, då det var blant hennar oppgåver å lære opp ein stab som føl hennar instruksar og arbeidsfordeling.

«[...] there are other duties particular to you that are pleasant to perform: to teach spinning to a slave who had no knowledge of it when you received her, and to double her value to you: to take in hand a girl who is ignorant of housekeeping and service, and after teaching her and making her trustworthy and serviceable to end up with someone invaluable: to have the power of rewarding the well-behaved and useful members of your household and of punishing anyone who turns out to be bad.»<sup>249</sup>

Dette syner også at innanfor hushaldet og blant kvinnene var det også eit hierarki og ei slags måling på kva og kor mykje ei kvinne var verdt. Det er snakk om ein tenar (*maid*) som vert brukt som døme; ho var lite verdt når ho kjem inn i hushaldet som utrent og utan ferdigheitar, men etter at kona i huset har lært ho opp skikkeleg slik at ho var til god nytte og bruk i hushaldet har ho med desse ferdigheitene også skaffa seg verdi i hushaldet – ho var verdt mykje meir no enn då ho som ulærd kom inn i hushaldet.

#### 4.4.1 Kvinnearbeid

Ei svært viktig arbeidsoppgåve for kvinner i hushaldet var arbeid med tekstil og produksjon av tekstilprodukt. Arkeologiske undersøkingar og funn frå greske hushald har gjeve bevis for blant anna veving i huset. Funn av vev-vekter på golvet av eit forlate hus, og anna utstyr og reiskap nytta i veving funne i fleire utgravne og undersøkte hus, syner at tekstilarbeid var eit vanleg syssel i hushaldet.<sup>250</sup> Dei arkeologiske utgravingane som har gjeve funn av reiskap brukt i tekstilproduksjon, kan ikkje i seg sjølv fortelje oss noko om kven som utførte dette arbeidet. Her er derimot dei litterære kjeldene frå antikken svært tydelege på at det var kvinnearbeid.<sup>251</sup>

---

<sup>247</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 65.

<sup>248</sup> Kronenberg, «A philosopher and a gentleman (Oec. 7–21)», 68.

<sup>249</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.41.

<sup>250</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies», 192.

<sup>251</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies», 192.

Xenofon syner til slik tekstilproduksjon i teksten der Ischomachus forklara hans samtalepartnar at han hadde vore nøgde med at kone hans allereie, dersom veving og arbeid med ull var den einaste kunnskapen og arbeidserfaringa ho hadde når ho var ny i hushaldet. Her seie Ischomachus; «If when she came she knew no more than how, when given wool, to turn out a cloak, and had seen only how the spinning tasks are allocated to the slaves, isn't that as much as could be expected?».<sup>252</sup> Det at det var ønskeleg at kona allereie har denne kunnskapen og erfaringa med tekstilarbeid, seie litt om at tekstilproduksjon var arbeidsoppgåver som var viktig for både jenter og kvinner å lære seg.

Tekstilproduksjon er eit tema Xenofon også har skreve om i eit anna verk, *Memorabilia*, der han fortel om ein mann, Aristarchus, som har kjøpt inn råvare i form av ull for å produsere tekstil i heimen sin. I ein samtale med Sokrates, forklara Aristarchus at han har gått til innkjøp av ull for så å setje i gong kvinnene i huset til å omarbeide denne råvara til produkt han vidare kan selje og ha inntekt av. Arbeidet vart gjort i hans eige hushald og han skildrar arbeidet slik; «The women worked during breakfast and stopped at the lunch hour. There were happy instead of gloomy faces; suspicious glances were exchanged for pleasant smiles. They liked him as a guardian and he was fond of them because they were useful.»<sup>253</sup> I følge Aristarchus var dette eit gjevande arbeid for dei kvinnelege medlemmane i hushaldet då det gav dei glede i kvardagen og arbeidsoppgåver som var meint for dei.

Det er mogleg at slikt tekstilarbeidet kan verke nesten litt uviktig, men i antikken var det ei viktig arbeidsoppgåve for kvinner, og kvinnene i hushaldet, bade unge og gamle dreiv tekstilarbeid.<sup>254</sup> Tekstilproduksjon var den einaste produktive kvinnelege aktiviteten som dei gamle grekarane tradisjonelt erkjente til å vere eit økonomisk bidrag.<sup>255</sup> Arbeidet gjekk ut på å omarbeide råvarer som ein fekk frå jordbruket til det vart til tekstilprodukt som til dømes kle. Det var ikkje snakk om å kjøpe tekstil for å sy til kle, dei byrja med ull som dei spann og vevde, for så å sy om til kle. Alle i hushaldet trengte kle, og spesielt born trengte ofte nye og større kle. Spesielt vinterkle vart det jobba mykje med, sia det var viktig for Middelhavets folkegrupper å ha varme og gode vinterkle.<sup>256</sup>

Tekstilar produsert i heimen var nok først og fremst meint som plagg for familiens medlemmar.<sup>257</sup> Veving for familiens eigne behov var noko ein fann i mange greske hushald,

---

<sup>252</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 7.6.

<sup>253</sup> Xenofon, *Memorabilia*, 2.7.

<sup>254</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies», 192.

<sup>255</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 141; Pomeroy, *Oeconomicus*, 61.

<sup>256</sup> Lang, «Women's Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies», 193–94.

<sup>257</sup> Tsakirgis, «Whole Cloth» i *The Ancient Greek Economy* redigert av Edward Harris, David Lewis og Mark Woolmer (Cambridge, Cambridge University Press, 2015), 180.

men avhengig av talet på personar som var involverte i spinninga og vevinga, i tillegg til tilgangen på ull, kan ekstra kle og plagg vevast i periodar for så å lagrast til seinare og kunne brukast i mellom anna bytehandel eller sal.<sup>258</sup> I dei fattigare hushalda spann og vov ein for det meste til privat bruk, men dersom mogeleg var det nok også produsert for sal for å auke familiens inntekt. I rikare hushald kan noko av denne forbruksproduksjonen ha skjedd i heimen, medan ytterlegare plagg som overtid hushaldets kapasitet til å produsere, eller plagg som var gjort på finare vev, i luksusmateriale eller med spesialiserte utsmykkingar, ha vorte kjøpte frå eksterne kjelder.<sup>259</sup>

Det materielle beviset for spinning og veving på gardsbruka i det attiske landskapet og landsbygda var små, men dei eksistera.<sup>260</sup> Blant anna vart det funne spinnehjul utanfor Varihuset, og i Demahuset har det vore gjort funn av mellom anna to spinnehjul og to vev-vektar.<sup>261</sup> Dette tyder på at det har vore tekstilproduksjon i desse hushalda på landsbygda. Dersom t.d. sauer vart beita i nærleiken av desse attiske gardsbruka og hushalda, kan dette indikere at første fase av tekstilproduksjonen har starta her på landsbygda med beiting av husdyr og klipping av ull.<sup>262</sup> Då er det sannsynleg at ulla både vart nytta i eige bruk, sia ein har bevis for tekstilproduksjon i hushalda her, men det er også ein mogelegheit for at delar av råvara og ulla vart selt vidare for omarbeiding og produksjon i andre hushald.

Dersom dette var tilfelle, var nok dette, i tillegg til å vere viktig produksjon for eige bruk av tekstilar, ei viktig inntektskjelde for familiane på landsbygda. Tekstilproduksjon var ei svært viktig arbeidsoppgåve for kvinnene i hushaldet og var også ein viktig del av opplæringa til jenter i hushaldet som skulle bringe denne kunnskapen vidare til sitt eige hushald og seinare til sine egne born og arbeidarar. Tekstilarbeidet følgde kvinnene gjennom heile livssyklusen. Arbeid med tekstilproduksjon var også eit typisk motiv i vasemåleri frå antikken, noko eg vil ta føre meg i neste kapittel (fig. 5.2-5.8).

#### 4.4.2 «A queen bee» – dronninga i bikuben, og arbeidarane hennar

«`And how,` she asked `do the queen bee`s tasks resemble those that I have to do?`  
“`How? She stays in the hive,` ».<sup>263</sup>

---

<sup>258</sup> Tsakirgis, «Whole Cloth», 182.

<sup>259</sup> Tsakirgis, «Whole Cloth», 184.

<sup>260</sup> Tsakirgis, «Whole Cloth», 176.

<sup>261</sup> Jones mfl., «An Attic Country House below the Cave of Pan at Vari», 373; Jones, Graham og Sackett, «The Dema House in Attica», 83.

<sup>262</sup> Tsakirgis, «Whole Cloth», 176.

<sup>263</sup> Xenofon, *Oeconomicus*, 7.32-33.



Kvinna hadde også andre viktige oppgåver i heimen utanom sitt tekstilarbeid og huslege syslar. Kona i huset, den frie kvinna, var ansvarleg for maten og matrasjoneringa i heimen. Ho var også ansvarleg for arbeidarane og slavane i huset. I *Oeconomicus* vert det fleire stader i teksten brukt ein metafor for at kvinna i hushaldet skal fungere på same måten som dronninga i ei bikube – «the queen bee in the hive».<sup>264</sup> Tekstens hushalds-ekspert, Ischomachus, samanliknar hushaldet med ei bikube der hans (ideelle) kone skal fungere som dronninga.

Andre kvinner i hushaldet, både frie og ufrie kvinner, gjerne tenarar og slavar, skulle fungere som arbeids-biene i bikuben, og det var huseigars kone som sto ansvarleg for å lære opp desse og passe på at dei gjorde jobben sin. På same måte som at arbeids-biene i ei bikube vov kammer og produserte honning, sto slavar og tenarar ansvarleg for blant anna produksjon der råmateriale vart tilarbeidd til varer som til dømes ulike tekstilar.<sup>265</sup> Veving og produksjon av tekstilar var i antikkens Hellas ein viktig kvinneleg syssel, og i den private sfæren var dette eit av hushaldets viktigaste bidrag til hushaldet sitt økonomi.<sup>266</sup>

Ischomachus behandling av sine slavar og hushjelp (*housekeeper*) er ein parallell til måten han behandlar si kone på, då han såg på dei som eit bidrag til eit suksessfullt hushald dersom dei gjer eit godt arbeid og var lydige for dei som leia hushaldet.<sup>267</sup> Kona står som ansvarleg for å sjå etter helsa til hushjelpene; «one of the duties that fall to you, [...] you will have to see that any slave who falls ill is cared for».<sup>268</sup> Sia desse var ein del av hushaldet, og det var kona som stod ansvarleg for eigendelane i hushaldet, stod ho også i følgje sin ektemann, ansvarleg for å ta vare på slavane og tenarane i hushaldet. Skulle dei ha dårleg helse eller verte sjuke, skulle ho sørge for at dei fekk den hjelpe dei treng.

«‘How? she stays in the hive,’ I replied, ‘and does not allow the bees to be idle; but those who ought to work outside she sends off to their work; and whatever each of them brings in, she knows and receives it, and keeps it till it needs to be used. And when the time comes to use it, she apportions a fair share to each. She likewise presides over the weaving of the combs in the hive, that they may be well and quickly woven, and cares that the brood of little ones be duly reared up. And when the young bees have been duly reared and are fit for work, she sends them off to found a colony, with a leader to guide the new generation.’»<sup>269</sup>

---

<sup>264</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.17, 7.32-34, 9.15.

<sup>265</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 63.

<sup>266</sup> Blundell, *Women in Ancient Greece*, 141.

<sup>267</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 65.

<sup>268</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.37.

<sup>269</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.33-34.

« [...] your duty will be to stay indoors and dispatch those slaves whose work is outside, and superintend those who are to work indoors, and to receive what comes in and dispense as much of it as must be spent, and watch over as much as is to be kept in reserve, and take care that the amount stored up for a year is not spent in a month. And when wool is brought in to you, you must see that clothing is made for those who need it. You must also see to it that the dry grain is in good condition for making food...»<sup>270</sup>

Kona sin hovudjobb i hushaldet var å fungere som overhovud og delegere ut arbeid til dei andre medlemmane av hushaldet. Dei som skulle arbeide utanfor huset vart sett i arbeid der, medan dei som har oppgåver og arbeid innhyses vart set i arbeid der. Dei andre kvinnene i hushaldet skulle etter utdelt arbeid gjere det dronninga (kona) har gjeve dei i oppgåve å gjere. Så ikkje berre skulle kona i huset passe på å gjere sine eigne oppgåver som kone og overordna i huset, ho skulle også passe på at andre gjorde sitt arbeid og sine oppgåver. Ut i frå Xenofon sine synspunkt gjelder dette også mannen, då han hadde sine arbeidsoppgåver både ute og innhyses, som kona skulle sjå til at han gjorde, både i og kring *oikos*.

Xenofon skriv også at det produksjonen og arbeidet gjev frå gardsbruket skal gjevast til kona når arbeidsdagen var over, så skal kona i huset ta vare på det som vart brakt inn fram til det skal takast i bruk. Fordeling av til dømes matforsyningar og avlingar stod ho ansvarleg for å fordele på ein slik måte at det skulle vere tilstrekkeleg med forsyningar ut over året, og at det ikkje skulle vere brukt opp etter kort tid. Når tida var inne for at det skulle brukast eller nyttast skulle kona fordele forsyningane rettferdig mellom dei som skulle ta nytte av det. Andre råvarer som ull skulle ho sjå til at vart omarbeidd slik at dei som har bruk for det vil få nye klede og tekstilar. Dei som stod for denne produksjonen av ulike råvarer var derimot andre i *oikos*, som slavar og tenarar, som var underordna kona som var sjefen i hushaldet.

#### 4.5 Konklusjon for kapittelet

Xenofon sitt verk *Oeconomicus*, er utforma som ein samtale mellom Sokrates og Critobulus, og i denne samtalen fortel Sokrates om ein samtale han tidlegare har hatt med den velstående mannen Ischomachus. Teksten er meint som eit didaktisk verk som skal lære om dei økonomiske, praktiske og moraske viktighetane av jordbruket og det å drifte eigen eigedom. Sjølv om *Oeconomicus* er meint som ein lærande tekst om jordbruket, må ein vere klar over at teksten både teke stad i byen, og at forfattaren sjølv var ein elitemann og ikkje bonde. Det ein

---

<sup>270</sup> Xenofon, *Oeconomicus* 7.35-37.

derimot kan få ut av teksten som er relevant for denne oppgåva er kvinna si rolle i hushaldet og korleis samfunnet såg på kvinna si rolle.

*Oeconomicus* kan også nyttast for å skape eit bilete av hushaldet i det antikke samfunnet, som til dømes gjev Ischomachus forklaringar og skildringar av inndelinga av rom i huset og dei ulike romma sine eigenskapar og bruksområde. Dersom ein teke slike skildringar frå litteraturen og samanliknar med funn frå arkeologien får ein fysisk illustrert slike skildringar frå tekst, noko som gjev oss innblikk i korleis dei arkitektoniske elementa av eit hushald var i antikken. Arkeologien har også synt denne kjønnsdelinga av rom som Xenofon nemner, der det finnast eit eller fleire rom i huset som var tiltenkt kvinner og andre som var tiltenkt menn.

I verket kjem forfattaren sin ide om ei ideell kvinne til uttrykk. Den ideelle kona skal vere ei god husmor som tek seg av og organisera hushaldet, ho skal ta seg av medlemmane av hushaldet og familien, i tillegg til at ho skal vere ein god partnar for sin ektemann. Xenofon var oppteken av at ekteskap skal vere eit samarbeid og at begge partar skal jobbe mot å betre resultatene i hushaldet. Ser ein tilbake til Hesiod, framstiller han kvinna som ein meir passiv del av hushaldet og at ho ikkje var god til noko anna enn å gjere sine plikter som kone og produsere born. Xenofon har eit litt annleis syn på kvinna si rolle, og at kvinna og ekteskapet har fleire funksjonar i hushaldet enn berre reproduksjon. Eit slikt syn tyder derimot ikkje at Xenofon sto som noko kvinneforkjempar, men heller at han såg kvinna som ei forlenging av hushaldet og ein del av arbeidskrafta som skulle arbeide for resultat og betring av hushaldet som heilskap.

Xenofon avgrensa kvinna til hushaldet og syner korleis kvinna hadde ein eigen sfære som ho var plassert i, medan mannen hadde ein friare og større sfære i samfunnet som var det som var utanfor hushaldet. Kona si rolle, i følge Xenofon, vart altså å fungere som eit slags overhovud for hushaldet når mannen ikkje var til stades og ho vart fleire gonger samanlikna med dronninga i ei bikube. Denne samanlikninga seier noko om den rolla kona hadde som overhovud i hushaldet, og ho stod ansvarleg for dei andre medlemmane i hushaldet, og skal aktivisere og sette slavar og andre i arbeid. Kvinna si rolle er i Xenofon fordelt ulikt utover hushaldet der nokre, gjerne dei ufrie kvinnene gjorde husarbeid som å vaske og lage mat, medan andre, både frie og ufrie kvinner dreiv med til dømes tekstilproduksjon. Den frie kvinna og kona i huset skal samstundes som ho deltek i arbeidet sjå til at alle gjorde som dei skulle.

## Kapittel 5 – VASEMÅLERI SOM KJELDE

### 5.1 Arkeologisk og ikonografisk kjeldemateriale

Eit arkeologisk kjeldemateriale som gjev oss avbilingar frå antikken er vaser med vasemåleri. Det ein i dag kanskje vil assosiere med omgrepet vase, er til dømes vasar til å ha blomar i og liknande, men i denne oppgåva vil eg bruke vase som eit samleomgrep for behaldarar dei nytta seg av i antikken. I desse behaldarane lagra dei til dømes mat, olje, vatn eller andre ting. Gresk kunst er kjelda til det meste av vestleg kunst, og det er ingen anna type kunst som har overlevd i så stor grad som det desse måla keramiske behaldarane, potter og vasar har.<sup>271</sup>

Innanfor feltet er det gjort uttalege funn av vaser som stammar frå antikken mange stader i verda med vasemåleri som kan fortelje oss noko om ulike aspekt ved det antikke samfunnet. På slike vasemåleri finn ein mellom anna igjen kvinna og måleria syner oss og kan seie noko om kvinna sitt arbeid og rolle i antikken. Desse vasene har vorte funne ved hjelp av til dømes utgravingar eller overflateundersøkingar på ulike stader til ulike tider.

Når det kjem til den greske antikken, er arkeologiske funn og undersøkingar svært verdifulle, då arkeologien gjev oss mogelegheita til å fylle nokre av hola som dei litterære og historiske kjeldene etterlete. Feltet kan gjeve oss informasjon som representera dei faktiske aktivitetsmønstra, ufiltrert av val som forfattarar har teke i sin produksjon av skriftlege kjelder, og rekkevidda av materiale frå dei ulike delane av Hellas kan potensielt nyttast for å undersøke sosiale relasjonar i ulike geografiske områder og på ulike sosiale områder og/eller økonomiske nivå.<sup>272</sup> Ein møter derimot sjølvst på utfordringar også med arkeologien, og materiale frå arkeologifeltet kan ikkje nyttast til å tette alle kunnskapshol, men det er viktig forskning som sper på med informasjon som ein elles ikkje kunne ha funne i til dømes litterære kjelder.

I arkeologien finn ein ulike metodar som blant anna utgravingar (*excavations*) der ein greve ut til dømes bygningar eller gjenstandar frå jorda eller andre funnstadar, og overflateundersøkingar som går ut på å undersøke og observere terreng og overflate, utan «inngrep» på funnstadane slik som ved utgravingar. Utgravingar er ein arkeologisk metode som kanskje er best eigna til urbane områder og funnstadar som kan gjeve fleirfaldige funn, noko som viser igjen i at dei største arkeologiske funna i Hellas er knytt til utgravingar i urbane områder.<sup>273</sup> Eit typisk funn på ved slike utgravingar og undersøkingar er vasar og/eller

---

<sup>271</sup> Cook, *Greek Painted Pottery* (Routledge, 1997), 3.

<sup>272</sup> Nevett, «Gender Relations in the Classical Greek Household: The Archaeological Evidence», 365.

<sup>273</sup> Snodgrass, *Archaeology and the Emergence of Greece* (New York, Cornell University Press, 2006), 448.

potteskår, der mange av desse vasane og potteskåra er måla på, og som syner ulike scene frå antikken; til dømes kvardagslege situasjonar, arbeid, og mytar frå den gamle greske religionen.

Det arkeologiske kjeldemateriale syner også kvinna på ulike måtar, og vasemåleria gjev uttrykk for mellom anna arbeid utført av kvinner i heimen og hushaldet, i tillegg til ulikt jordbruksarbeid. Vasar er det arkeologiske kjeldemateriale ein har mest av frå antikken, og dei kjem i mange formar og stilar, og frå ulike periodar og stadar i Hellas. Det er ikkje mogeleg å ta føre seg alle vasane som framstiller kvinner i arbeid, og eg har derfor gjort eit utval av vasar eg skal ta føre meg i denne oppgåva. Eg vil i hovudsak ta føre meg vasar som har vorte datert til anten arkaisk eller klassisk tid, for det meste mellom 550 til 350 fvt., då desse periodane samsvarar best med dei tekstane eg har tatt føre med tidlegare i oppgåve.

### 5.1.1 Vasar frå antikken

Attiske figur dekorerte potter og vasar har vorte godt bevarte i store mengder. I dag er tallause mengder vasar, potter, potteskar og fragment frå antikken utstilt eller ivaretatt på museum og samlingar over heile verda.<sup>274</sup> Grunnen til at slike vasar har overlevd i så stor grad, er grunna kvaliteten på materialet som desse gjenstandane er laga av og eigenskapen materialet har til å ikkje gå i oppløysing eller verte brote ned av naturen. Ein annan grunn til mangfaldet er at dei gamle grekarane nytta ikkje vasane og pottene på same måte som ein brukar keramikk i dag.<sup>275</sup> Dei vart brukte til oppbevaring og dekorasjon, men store mengder måla vasar vart også plasserte i graver som ofringar til dei døde. Dei vart brukte i andre samanhengar der dei vart etterlate heile, slik at arkeologar og utgravingar i moderne tid har funne dei i ulik, men for det meste god, stand.<sup>276</sup>

Typiske scener ein kan finne på vasane og pottene er atletiske scener, myter og myteskikkelsar, krigarar og krigar, og kvinner i samtale med kvarandre.<sup>277</sup> Mest relevant for denne oppgåva er dei motiva som syner kvinner i arbeid eller aktivitetar knytt til eit arbeid, og som kan seie oss noko om kvinna si rolle i jordbruket og hushaldet. Når det kjem til vasar og scenar der kvinner er avbilda, er motiva ofte scener som syner kvinner som pyntar seg, arbeidar med ull og tekstil, tek seg av born, hentar vatn, laga mat, ete mat og drikke, dans og musikk, kvinner i samtalar, sørgja over dei døde, og engasjement i religiøse settingar.<sup>278</sup>

---

<sup>274</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 4.

<sup>275</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 5.

<sup>276</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 5.

<sup>277</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 4.

<sup>278</sup> Topper, «Approaches to Reading Attic Vases» i *A Companion to Women in the Ancient World* redigert av Sheila Dillon og Sharon James (Oxford, Blackwell Publishing, 2012), 141.

Når det kjem til teknikk er det spesielt to teknikkar som er i fokus i desse periodane; svart figur og raud figur. På vasar der teknikken med svart figur er nytta er figuren teikna som ein silhuett, men gjort levande med hjelp av inngraverte detaljar og tilføringa av fargar som skapte ein elegant miniatyrstil. Denne svart figur stilen var godt eigna for representasjon av handlingar og hendingar, men etter kvart som den attiske vasemåleri stilen utvikla seg, og interessa for å framstille og uttrykke stemning og eksperimentere med anatomi endra denne teknikken seg.<sup>279</sup> Ein fekk då etterkvart utvikla det som vert kalla raud figur teknikken eller stilen, som erstatta bruken av silhuett og gravering med ein friare metode for teikningar av omriss med målte lineære detaljar. Denne raud figur-stilen vart ein av dei første manifestasjonane av den klassiske anden og vart etablert mot slutten av den arkaiske perioden, og dreiv etterkvart ut svart figur-stilen utover den klassiske perioden.<sup>280</sup>

### 5.1.2 Dei ulike keramikkbeholdarane

Vasar og keramikkbeholdarar dekorerte med ulike måleri og motiv kjem i mange størrelsar og fasongar (sjå figur 5.1 for illustrasjon over dei ulike vaseformane). Før eg tek til på min gjennomgang av dei ulike måleria skal eg kome med ei kort omgrepsforklaring der eg går gjennom og forklarar dei ulike typane keramikkbeholdarane og vasane eg skal ta føre meg, og kort litt om kva desse vart nytta til i antikken.

*Lekythos* (fleirtal: *lekythoi*) er ei av dei mest vanlege formene for vase, og er i hovudsak ei oljeflaske. Dei vart brukt til anten parfymeliknande olje eller for olje til hushaldningsformål som matlaging, men det ser ut som at det også kan ha vorte nytta som krukke for ulike formål. Den smale halsen på *lekythos* vasane gav ei jamn men liten straum av olje og det gjorde det lettare å helle ut av behaldaren. Sia *lekythos* vase ofte vart gravlagt i graver og etterlate som gåve til dei døde, har eit stort tal av slike vasar vorte bevarte.<sup>281</sup>

Ei anna kjent form for keramikkbeholdarar i antikken var *pyxis* (fleirtal: *pyxides*). Dette var ein liten sylindrerforma boks med lokk, men kunne ha ulike variasjonar i utforminga elles. Desse boksane vart ofte nytta til lagring og oppbevaring av kosmetikk, røykelse eller smykke, men også for medisinske salvar.<sup>282</sup>

Ein *epinetron* (fleirtal: *epinetra*) er ein arbeidars lår- og knebeskyttelse som vart brukt av kvinner i tekstilproduksjon. Gjenstanden er ein halv sylinder som er open i den eine enden

---

<sup>279</sup> Cook, *Greek Painted Pottery*, 2–3.

<sup>280</sup> Cook, *Greek Painted Pottery*, 3.

<sup>281</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases* (Los Angeles, J. Paul Getty Museum, 2002), 112.

<sup>282</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 134–37.

og lukka i den andre, der den lukka delen vart liggande rundt framsida av kneet på kvinna.<sup>283</sup> Kva *epinetron* vart brukt til er ikkje heilt sikkert, men den vart nytta i eit steg i prosessen av framstillinga av ull, truleg etter karding av ulla og før spinninga. Fibrane vart truleg gnidd mot toppen av *epinetron* og vart gjort ru av det innsnitta mønsteret i gjenstanden. Ofte var den lukka kne-enden av dei *epinetron* som er funne som gravgoods dekorerte med kvinnehovud, noko som truleg representerte ull arbeid og veving som kvinnearbeid.<sup>284</sup>

Ein *pelike* (fleirtal: *pelikai*) er ei krukke som i hovudsak vart nytta til oppbevaring av væske, som til dømes olje og vin. Krukkene var også eigna til oppbevaring av andre matvarer, både tørre og våte. Frå kring 450 fvt., vart slike *pelike* krukker også nytta som urner eller behaldarar for oska til dei døde. Denne typen vase var brei i munninga, gjerne pæreforma med ein kontinuerleg boge frå hals til fot, og hadde to vertikale handtak. Dei fleste *pelike* var raud figurar.<sup>285</sup>

*Hydria* (fleirtal: *hydriai*) er ei vase eller krukke som i hovudsak vart nytta til å frakte og lagre vatn i. Ei slik vase hadde to horisontale handtak på sidene meint for å løfte vasa når den var full, og eit vertikalt handtak på baksida brukt når ein skulle helle frå krukka. Frå illustrasjonar av bruk av slik *hydriai* veit ein at krukka vart boren horisontalt når den var tom og vertikalt når den var full. *Hydria* vart også nytta som behaldarar med andre formål enn berre frakting av vatn; dei hadde også viktige formål når det kom til gravferd då den vart nytta som gravbeholdar for born, som sekundære urner for kremasjonsoske, og gåver brakt til grava.<sup>286</sup>

Ei av dei vanlegaste antikke vasane, var drikkebeuger eller koppar kalla *kylix* (fleirtal: *kylikes*). Desse *kylikes* fantes i fleire ulike formar, men i hovudtrekk var det ei slags skål med to handtak, på ein fot. Det breie spekteret av formar varierte frå grunne bollar til djupe skålar, med høg eller låg fot, ulike horisontale handtak med bogar eller rette formar.<sup>287</sup>

Ei anna av dei vanlegaste vaseformane er *amfora* (fleirtal: *amforas*). Vasane hadde vertikale handtak på begge sider og var laga for å vere lette å bere. *Amforas* hadde ofte lokk, men det er få av desse som har overlevd. Det finnast to grunnformer; *amfora* og hals-*amfora*. Dei tidlegaste *amforas* var hals-*amfora* der nakken på vasa slutta seg til skuldra i ein skarp vinkel, medan den «vanlege» *amfora* hadde ein kontinuerleg boge frå nakke til fot. Desse vasane var til generell bruk i antikken og kunne innehalde væske (som: honning, mjølk, olje,

---

<sup>283</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 88.

<sup>284</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 88.

<sup>285</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 127.

<sup>286</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 98–99.

<sup>287</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 108–9.

vil eller vatn), tørrvarer eller småmat (som: oliven). I tillegg har dei også vorte brukte som behaldarar for oske av avdøde.<sup>288</sup>

Ein *chous* er ei av formane av ein *oinochoe* som var ein slags mugge, eller «vinhellar» som vert den direkte omsetjinga av *oinochoe*. I hovudsak vart desse nytta til servering eller til å ause vin. Ein *chous* var spesielt assosiert med Anthesteria, ein athensk festival som feira vinguden Dionysos og dei daude. Det var vanleg og drikke frå ein *chous* og helle drikkeofringar frå desse muggane ved grava.<sup>289</sup>



5.1 Ulike vasetypar (Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, s. 154-155.)

## 5.2 Uttrykk for kvinna sitt arbeid i vasekunst

Kvinna vart framstilt og kjem til uttrykk på fleire måtar på ulike vasemåleri frå antikken. Når det kjem til arbeid er det spesielt eit tema som går igjen når kvinna vart avbilda på vasemåleria. Arbeid med tekstilar og tekstilproduksjon var ei svært viktig arbeidsoppgåve for kvinnene i antikken. Når det kjem til gardsarbeid og jordbruksarbeid er det ikkje like mykje utval av kvinner i arbeid, men det finnast ein del vasemåleri som syner kvinna som er deltakande i

<sup>288</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 66.

<sup>289</sup> Clark, Elston, og Hart, *Understanding Greek Vases*, 118.



mellom anna innhausting av avlingar. Dette er for det meste avbildingar av kvinner som står eller sitter under frukttre i frukthagar, og plukkar frukt.

Ein finn også avbildingar av kvinner som utfører arbeid og oppgåver i og utanfor heimen som er knytt til husarbeid. Til dømes ser ein kvinner som hentar vatn i store behaldarar og vasar som er tenkt som oppbevaring for vatn. Ein har også vasmåleri som framstille kvinner som vaskar i det som kan minne om bøtter, og som steller med dyr på garden. Kvinna har også vore avbilda i arbeid knytt til innhausting og omarbeiding av jordbruksprodukt, til dømes syner vasmåleri kvinner som arbeida med å male korn. Dette er arbeidsoppgåver som er kjent for å vere kvinnearbeid i antikken.

### 5.2.1 Tekstilarbeid og husarbeid

Arkeologiske funn av vev-vektar i hus frå antikken indikera viktigheita av veving og tekstilproduksjon i heimen, og var ei oppgåve og arbeid som vart utført av kvinner.<sup>290</sup> Også vasmåleri frå antikken syner at denne aktiviteten var svært viktig arbeidsoppgåver for kvinner, då dette er motiv som går igjen ofte i måleri der kvinner er framstilt.<sup>291</sup> Arbeide med tekstilar og tekstilproduksjon var den einaste arbeidsoppgåva og produktive aktiviteten for kvinner som dei gamle grekarane erkjente for å vere eit økonomisk bidrag til hushaldet og samfunnet.<sup>292</sup> Tekstilarbeid har også vorte ståande som symbolet på ei kvinnes dyd og det representerte henna bidrag til familien og hushaldets inntekt, noko som truleg er grunnen til at dette var eit så populært motiv på attiske vasar.<sup>293</sup> Tekstil var ikkje utelukkande eit jordbruksarbeid eller eit arbeid som vart utført berre på gardsbruka, kvinnene i byen var også viktige arbeidarar i tekstilproduksjonen.

Som nemnt i tidlegare kapittel gjekk dette arbeidet ut på omarbeiding av råvarer frå jordbruket til å verte tekstilprodukt som til dømes kle og andre tekstilar ein hadde bruk for i antikken. Dei vanlegaste stoffa som vart nytta av dei gamle grekarane var ull og lin, men også andre stoff som hamp, asbest og lær. Ull og lin vart handspunne til garn og så vevd på varpvekta vevstolar som produserte store rektangulære stykke som kunne nyttast til kle. Desse plagga bestod som regel av store rektangulære stykke av materiale som vart drapert og festa på plass.

---

<sup>290</sup> Stansbury-O'Donnell, *A History of Greek Art* (Wiley Blackwell, 2015), 115.

<sup>291</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 62.

<sup>292</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 61.

<sup>293</sup> Oakley, *A Guide to Scenes of Daily Life on Athenian Vases* (University of Wisconsin Press, 2020), 11.

Det er svært frå tekstilar som er bevarte frå den antikke verda, så mykje av kjeldene ein har på tekstil er frå andre kjelder som litterære og nettopp kunstnariske kjelder som vasemåleri.<sup>294</sup>

Dei fleste tekstilane var truleg for dagleg bruk og kunne vere enkle og nyttige, men frå litterære kjelder veit ein at nokre tekstilar kunne også ha intrikate mønster og fargar, og nokre var utforma som scener i ei forteljing.<sup>295</sup> Dei finaste og mest profesjonelle tekstilane kunne vere svært dyre og var ein viktig ressurs for hushaldet. Fordelen med denne vara var at dei var lette og enkle å transportere og oppbevare, og ikkje like utsett for å veret øydelagt slik dei fleste andre jordbruksprodukt var. For arkeologien er derimot tekstilar dessverre ei av dei mest skjeldne av artefaktar då dei forfell og vert nedbrotne så fort, sjølv i lukka og meir beskytta funnstader som graver.<sup>296</sup>

Tekstilarbeid fungerte som ein ideologisk markør på kvinner i fleire ulike kjeldemateriale; både i tekst og i kunst. Spinning og veving er arbeidsoppgåver som begge uttrykker kvinna som feminin og dydig, og derfor har reiskap nytta i tekstilproduksjon som til dømes spinnehjul, handrokkar og vev-veker, ofte vorte nytta som gudeofringar og gravgods i kvinnelege graver, parallelt med våpen og jordbruksreiskap som har vorte funne i mannlege gravar.<sup>297</sup> Vasane som var gravgods hadde gjerne motiv som ein ville skulle representere kvinna og henna arbeid, noko som kan vere ei forklaring på kvifor ein har så mykje framstillingar av kvinna som driv tekstilproduksjon då dette var ein del av ideala ein hadde for ideal kvinna.

Det var dette kvinna ville bli assosiert med, og preferansane for motiva låg gjerne i at ein ville framstille eit arbeid som var symbolsk for kvinna. Det at desse motiva som er funne på gravgods står som ein representasjon av den avdøde vert då også ei viktig kjelde for kvinna sitt liv i antikken då dei både kan seie noko om ideala om kvinna, men også om kvinna si rolle og kvinna sitt arbeid i det antikke samfunnet. Desse motiva vert ikkje berre framstillingar av kva kvinnearbeid kunne vere, men representasjonar for kva arbeid kvinnene faktisk gjorde.

Ull- og tekstilarbeid har i mange gravskrifter og epitafia vert assosiert med kvinneleg arbeid generelt, og slikt tekstilarbeid har som vist vorte nytta i mange scener og avbilingar av kvinna i vasekunst. Ein finn derfor både avbilingar og måleri som syner kvinna avbilda med reiskap knytt til tekstilarbeid utan at dei faktisk utfører slikt arbeid i avbilingar, og ein finn måleri som faktisk avbildar og syner kvinna i arbeid med tekstilar.<sup>298</sup> Det er det siste eg skal

---

<sup>294</sup> Bispham, Harrison, og Sparkes, *The Edinburgh Companion to Ancient Greece and Rome*, (Edinburgh, Edinburgh University Press, 2006), 226.

<sup>295</sup> Stansbury-O'Donnell, *A History of Greek Art*, 115–16.

<sup>296</sup> Stansbury-O'Donnell, *A History of Greek Art*, 115–16.

<sup>297</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 62.

<sup>298</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 62.

fokusere på i denne delen og vil syne kvinna i arbeid. Den første vasa eg skal ta føre meg her er ei svart figur vase som syner tekstilproduksjon i fleire ulike stadie:



5.2 Vase nr. 310485, lekythos (Beazley Archive Pottery Database (BAPD)).



5.3 Utsnitt av vase nr. 310485, lekythos (BAPD).

5.4 Utsnitt av vase nr. 310485, lekythos (BAPD).

Datert til mellom 575 fvt. og 525 fvt.. Funne i landsbyen Vari.

Måleriet syner kvinner i arbeid med ulike oppgåver knytt til tekstilarbeid avbilda på ein lekythos. Figur 5.2 syner heile vasemåleriet medan figur 5.3 og 5.4 syner sjølve vasa frå ulike sider:

Denne *lekythos* syner eit vasemåleri som illustrera tekstilarbeid og syner fleire ulike prosessar med det å omarbeide ull som råvare til ferdig vevd produkt (fig. 5.2).<sup>299</sup> Denne vasa har vorte tilskriven «The Amasis Painter», og har vorte datert til ein stad mellom 575 fvt. og 525 fvt., og den vart funnen i landsbyen Vari.<sup>300</sup> Denne attiske *lekythos* vasa i svart figur stil syner ei rekkje greske kvinner i arbeid med tekstil arbeid; nokre som gjer klar ull, brettar ferdig vevde stoffstykke, spinning, veving, og nokre som veg ull i råvareform.<sup>301</sup>

Avbildinga syner oss illustrasjonar av dei ulike stadiene i tekstilproduksjonen og ein kjenner blant anna igjen oppgåver som det å gjere klar ulla for at det skal kunne gjerast om til garn, noko som det kan sjå ut som at kvinna som sitter (fig. 5.2) og kvinnene som står over korgar med ull har ansvaret for (fig. 5.2 og 5.4). Truleg ser dei over ulla og garnet for å passe på at det var grei kvalitet på og at ulla var rein og klar for å vevast. Ein ser også to kvinner til høgre i vasemåleriet som tilsynelatande veg ull, anten i garnform eller rein ull (fig. 5.2).

Vidare ser ein kvinner som står framfor ein vev (fig. 5.3), der dei er i gong med å veve ulla om til tekstil, truleg store rektangulære tekstilstykker som kunne brukast til mellom anna kle. Kvinna til som står i høgre ende av veven flyttar skyttelen mellom den loddrette trådane som på botnen var bundne til vevvektar. Den andre kvinna som står ved veven ser ut til å banke på plass den nysette horisontale tråden.<sup>302</sup> På vasemåleriet ser ein også to kvinner som står saman om å brette ferdig vevde tekstilstykker (fig. 5.4). Slikt arbeid var typiske oppgåver som kvinna hadde ansvar for og som var ein del av prosessen innanfor tekstilarbeid. Eit slikt vasemåleri er ein nyttig illustrasjon på korleis kvinnene arbeidde og kva oppgåver og roller dei hadde når det kom til arbeid med tekstilproduksjon.

Tekstilarbeid går som nemnt igjen i mange vasemåleri, og det var ein typisk måte å framstille kvinna i slikt arbeid. Sjølv om det kan vere vanskeleg å skilje dei ulike kvinne, var både frie og ikkje frie kvinner med på dette arbeidet. Det er også truleg at desse kvinnene var i ulike delar av livssyklusen, og både yngre og eldre kvinner deltok i arbeidet med tekstilar. Eit anna døme på kvinna i tekstilproduksjon er den attiske *pyxis* behaldaren, måla i raud figur stilen og datert til ein stad mellom 475 fvt. og 425 fvt.<sup>303</sup>

---

<sup>299</sup> Vase «310485, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum.», BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/E7C63896-2746-4D05-9922-C52B925C707C>.

<sup>300</sup> Vase «310485, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum.», BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/E7C63896-2746-4D05-9922-C52B925C707C>.

<sup>301</sup> Barber, *Women's Work: the first 20,000 years: women, cloth, and society in early times*, (New York, Norton, 1994), 220.

<sup>302</sup> Oakley, *A Guide to Scenes of Daily Life on Athenian Vases*, 11.

<sup>303</sup> Vase «210088, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum, 06.1117», BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/E8B693BB-BF95-4AAB-8A5F-22DA01011B8A>.



5.6 Vase nr. 210088, pyxis (BAPD).



5.5 Vase nr. 210088, pyxis (BAPD).

Pyxis vase datert til mellom 475 fvt. og 425 fvt.. Bileta syner to ulike sider av same pyxis. To ståande kvinner og to sittande kvinner som utfører ulike oppgåver innanfor tekstilproduksjon.

Måleriet på denne *pyxis* krukka framstiller fire kvinner som utfører ulike arbeidsoppgåver i tekstilproduksjon. To av kvinnene er sittande og ein kan skimte det som kan sjå ut som tråd eller garn som dei helde opp. Dei to andre kvinnene på måleriet står framfor dei sittande kvinnene og ein kan sjå at den eine kvinna også held i garnet (fig. 5.5). Den siste ståande kvinna helde opp eine handa der ein kan sjå at ho held eit reiskap som kan likne på anten ein handrokk eller ein handtein (fig. 5.6). Handrokk og handtein er reiskap som ein veit vart nytta i tekstilproduksjon i antikken, og det er reiskap som er avbilda på fleire ulike vasemåleri, noko som indikera viktigheita av desse reiskapane og som knyter det til kvinna i antikken.

Eit anna døme på slik kunst som syner kvinna i arbeid er ikkje ei vase i den forstand at det er ein behaldar som vart nytta til lagring, men ein keramikkgenstand som vart brukt av kvinner som ein lår- og knebeskyttar, kalla *epinetron* (fig. 5.7 og 5.8). Dei vart brukt av kvinnene i prosessen med å gjere klar ulla til å kunne spinnast og seinare vevast. Akkurat denne som eg har valt meg ut med måleria på sidene er i svart figur stil og vart funnen i regionen Boiotia, og den har vorte datert til perioden mellom ca. 550 fvt. og 500 fvt.<sup>304</sup> Målaren av dette måleriet er ukjent, men gjenstanden har vorte tillagt «The Golonos Group», som er ei lita gruppe

<sup>304</sup> Epinetron, «303426, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum, 10.210.13». BAPD, Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/C25E55F8-E37D-4540-98C6-37B43A11783F>.



med attiske svart figur vasar med vassmålarar ein ikkje veit namnet på.<sup>305</sup> Måleriet på denne *epinetron* syner mellom anna to kvinner som sitter og driv tekstilarbeid, og ei ståande kvinne. Den andre sida av *epinetron* syner liknande scener der tre kvinner er deltakande i arbeid knytt til tekstilarbeid.



5.7 Vase nr. 303426, *epinetron* (BAPD).

5.8 Vase nr. 303426, *epinetron* (BAPD).

Datert til mellom 550 fvt. og 500 fvt.

Funne i Boiotia.

*Epinetron med måleri som syner kvinner som utfører ulike arbeid og oppgaver knytt til tekstilarbeid. I fronten av gjenstanden, som vil ligge over kneet, ser ein eit kvinnehovud.*



I framkant av gjenstanden (fig. 5.7 og 5.8), i den enden som vil ligge over kneet til kvinna som brukar den, ser ein også eit kvinnehovud. Hovudet kan nok stå som eit symbol på at det var kvinner som tok i bruk denne gjenstanden, og måleria er tett knytt opp mot bruken av denne gjenstanden. Sjølv om det ikkje er veldig synleg i måleriet var det nok sannsynleg at også desse kvinnene i måleriet nyttar seg av ein slik eller liknande gjenstand i sitt arbeid med ull. Det at gjenstanden er identifisert som ein *epinetron*, og at dekorasjonen på denne gjenstanden, både måleria og det statueliknande hovudet, er så tydeleg kvinneleg, gjer det ganske sikkert at dette var eit kvinneleg reiskap som vart nytta i tekstilproduksjon.

Akkurat denne gjenstanden har truleg ikkje vore i bruk i tekstilarbeid då den er utsmykka med slike måleri. Det er meir truleg at denne heller har vore ei gravgåve, då dei fleste vasar med måleri på har vore gravgåver sia bruk av vasar ville ha gjort dekorasjonar og måleri slitt og etterkvart utydelege. Mange *epinetron* som vart brukt i arbeidet var heilt utan dekorasjonar

<sup>305</sup> «The Golonos Group» på British Museum. Lest: 22.04.24.  
<https://www.britishmuseum.org/collection/term/BIOG58485>

og måleri, og berre eit fåtal var dekorerte på denne måten, noko som kan vere ein indikator på at akkurat denne har vore til pynt og ikkje bruk. Denne *epinetron* har truleg vore gjevne som symbol på den mottakande kvinna si rolle, truleg ei fri kvinne, kanskje ei husmor, som har vore aktivt deltakande i tekstilproduksjon og bidrege til hushaldet på denne måten. For oss vil denne gjenstanden kunne tolkast på omlag same måte då den gjev oss innblikk i både reiskap som vart nytta i tekstilproduksjonen, men også ulike måtar tekstilproduksjonen har føregått, som vist på måleria på denne *epinetron*.

Kvinna hadde også andre arbeidsoppgåver i hushaldet, og husarbeid var truleg ved sidan av tekstilproduksjon noko av dei viktigaste arbeidsoppgåvene til dei ulike kvinnene i hushaldet. Eit døme på slike huslege syslar ser ein på ein attisk raud figur *pelike* krukke, som er dater til mellom 500 fvt. til 450 fvt. og tilskriven målaren Pan. Dette er ei vase med eit enkelt måleri av ei kvinne som ser ut til å drive noko husarbeid, truleg noko form for vasking (fig. 5.9 og 5.10).<sup>306</sup>



5.9 Vase nr. 206329, pelike (BAPD)

5.10 Teikning av motiv på vase nr. 206329, pelike (BAPD)

Datert til mellom 500 fvt. og 450 fvt. Pelike krukke som syner ei kvinne som truleg vaskar noko.


Det kan sjå ut til at det står ein slags behaldar framfor ho som inneheld kle og er truleg ei slags vaskebøtte eller krukke, og i hendene hennar har no noko som kan anten vere eit reiskap ho nyttar seg av eller det kan vere noko ho skal eller har vaska. Måleriet vert tolka til at dei illustrera ei typisk arbeidsoppgåve i hushaldet som var tiltenkt for kvinner, altså vasking av kle.<sup>307</sup>

<sup>306</sup> Vase «206329, ATHENIAN, Madrid, Museo Arqueologico Nacional, 11201». BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/A108B80F-DE83-4481-95C5-3E43EB86EA86>.

<sup>307</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 93.

Eit anna motiv som er typisk for vasemåleri der kvinna er avbilda er knytt til vatn og gjerne fontener og fontenehus. Kvinna hadde også i oppgåve å hente vatn til hushaldet, og mange av vasemåleria syner kvinner i denne oppgåva der dei ofte er i fontenehus og fyller *hydriai* krukker med vatn for å ta med til huset. Eit døme på slike fontenehus er ei svart figur *hydria* krukke som er tilskriven «The Priam Painter» og har vorte datert til kring 520-510 fvt. (fig. 5.11 og 5.12).<sup>308</sup> Denne krukka syner mellom anna seks kvinner som er samla ved eit fontenehus, som var eit av dei få sosiale aktivitetane kvinnene tok seg utanfor heimen. Kvinnene er ute for å hente vatn til heimen og hushaldet, og nyttar desse *hydriai* for å frakte og lagre vatnet.<sup>309</sup>

Vasemåleriet på denne *hydria* seie oss både noko om rolla til kvinna og om korleis denne aktiviteten vart utført. Kvinna var ansvarleg for å hente vatn til hushaldet og ho nytta slike krukker for å bere med seg vatnet, og truleg vart det også lagra og oppbevart i slike behaldarar. På måleriet ser ein kvinner som både er i samtale med kvarandre og kvinner som fyller og står med fleire slike vasskrukker.



5.11 Objekt nr. 1961.23, *hydria* (The Toledo Museum of Art)

5.12 Objekt nr. 1961.23, *hydria* (The Toledo Museum of Art)

Datert til ca. 520-510 fvt. Hydriai krukke som syner kvinner i fontenehuset som henta vatn, og ber på *hydriai* krukker

<sup>308</sup> «Hydria (Water Vessel)». Objekt nr. 1961.23 i The Toledo Museum of Art's collection. Henta frå: <http://emuseum.toledomuseum.org/objects/56425>

<sup>309</sup> «Hydria (Water Vessel)». Objekt nr. 1961.23 i The Toledo Museum of Art's collection. Henta frå: <http://emuseum.toledomuseum.org/objects/56425>



I tillegg til å gjeve oss innblikk i kvinna sine aktivitetar og arbeidsoppgåver, seie vasemåleriet oss noko om funksjonen og bruken av sjølve vasa og den arkeologiske gjenstanden. Som ein ser har denne vasa ei typisk utforming for *hydriai* krukker, og vasemåleria syner oss korleis kvinna held og bere krukka når den er tom. Når *hydriai* var tom og utan vatn bar kvinna den gjerne på hovudet og haldt i det avlange og vertikale handtaket på baksida av krukka. I midten ser ein ei kvinne som helde i dei horisontale handtaka i det ho fyller vasa (fig. 5.11).

Kvinnene i hushaldet var også ansvarlege for mat og matlaging. Xenofon tilskriv blant anna matrasjonering som ei oppgåve for den frie kvinna i hushaldet, men matlaging som til dømes baking av brød var også ei oppgåve som hørde kvinna til. I gresk litteratur generelt var brød-baking definitivt ei oppgåve i heimen som kvinna sto for.<sup>310</sup> Ein kan ikkje med sikkerheit seie om det var den frie kvinna som sto for bakinga eller om desse oppgåvene vart delegert til slavar og hushjelp, men sannsynlegheita er stor for at dette var arbeid for den ufrie kvinna, iallfall i dei hushalda ein fann ufrie kvinner. Baking var ei viktig og essensiell oppgåve, og sia kornet måtte malast til mjøl og bakast til kvardagsbrød var det ei svært tidskrevjande oppgåve. Ein måtte mellom anna halde liv i og mate bål for å steike brød, og ein måtte stadig halde auge med baksten då den uregelmessige varmen måtte passast på.<sup>311</sup> Sjølv om baking av brød var ei veldig vanleg husarbeid, er det svært frå måleri som syner akkurat denne aktiviteten, og matlaging generelt er lite avbilda på attiske vasar.<sup>312</sup>

Prosessen med å male kornet til mjøl var ein viktig del av bakinga, og funn frå greske urbane utgravingar syner at maling av korn var vanleg å gjere i heimen, og slipesteinar som har vore funne i hushald støttar opp om dette.<sup>313</sup> Eit måleri frå antikken som syner delar av arbeidet med å male korn er ein attisk raud figur *kylix* kopp, datert til kring 500 fvt. (fig. 5.13).<sup>314</sup> Tidlegare har dette måleriet på som er måla på ein *kylix* kopp frå antikken som syner to kvinner som står bøygd over kvar sin benk med utstrekke armar og held eit objekt, vorte tolka som at to kvinner bakar brød, men dette er arbeid som vanlegvis vart gjort i noko tilsvarande bakebolle eller kummar. I følgje Lewis er det derimot meir truleg at dette måleriet syner to kvinner som mala korn, ved hjelp av ein slags oval kvernstein («ellipsoid stone»)<sup>315</sup>

---

<sup>310</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 66.

<sup>311</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 66.

<sup>312</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 66.

<sup>313</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 66.

<sup>314</sup> «Attische Trinkschale». Objekt nr. 1966.21 frå Staatliche Museen zu Berlin, Antikensammlung. Henta frå: <https://recherche.smb.museum/detail/676905/attische-trinkschale>.

<sup>315</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 66–67.



5.13 Objekt nr: 1966.21. (Berlin, Staatliche Museen)

Datert til kring 500 fvt.

Vasemåleri frå ein kylix kopp som syner to kvinner bøygd over kvar sin arbeidsbenk.

Denne attiske koppen er ein av dei einaste slike vasemåleria som syner ei slik kvardagsleg oppgåve, men andre aktivitetar som bruken av stampar og mortar, gjerne nytta for å skrelle korn for maling, eller for å banke belgfrukt eller fisk er arbeid som oftare er illustrerte i våsemåleri.<sup>316</sup>

### 5.2.2 Jordbruksarbeid

Jordbruk og jordbruksarbeid er motiv som er generelt lite framstilt på attiske vasemåleri. Det er overraskande då jordbruk og husdyrhald var to av dei viktigaste bidraga til den athenske økonomien. Dei fleste athenske familiane var bønder eller knytt til jordbruket på ein eller annan måte.<sup>317</sup> På dei få vasane som syner jordbruket er dei aller fleste illustrasjonar av menn som er i arbeid, og få kvinner i jordbruksaktivitetar. Lewis grunngjev det at kvinna ikkje er avbilda i jordbruket fordi ein skulle oppretthalde framstillinga om ideologien om at kvinna sin sfære var innandørs og at det var mannen som var aktiv i jordbruksarbeidet.<sup>318</sup>

Kvinna var likevel deltakande i ulike arbeidsoppgåver som er meir direkte knytt til jordbruket, men dette er arbeid som er svært lite avbilda på vasemåleria. Likevel finn ein motiv der kvinner var deltakande i innhausting av avlingar, omarbeiding og behandling av råvarer, og dyrestell. Dette var oppgåver og arbeid som var viktig at vart utførte i jordbruket og for gardsbruket. Då var det gjerne kvinna som fekk som oppgåve å utføre slikt arbeid, og ein finn nokre slike avbildingar på greske vasar som syner at kvinne deltok i jordbruks relatert arbeid.

<sup>316</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 67.

<sup>317</sup> Oakley, *A Guide to Scenes of Daily Life on Athenian Vases*, 85.

<sup>318</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83.

To terrakotta fragment frå ein attisk *kylix*, datert til sein arkaisk tid om lag 490 fvt.<sup>319</sup> På det eine fragmentet kan ein skimte føtene og nedre del av klesdrakta på ei kvinne som ser ut til å stå ved sidan ein benk eller ei oppbevaringskiste (fig. 5.14). Kva denne kvinna har føre seg eller driv med er ikkje mogeleg å vite då ein berre har dette vesle utsnittet av måleriet, men på fragmentet kan ein også sjå avbildingar av reiskap, truleg ein stampar som vart nytta saman med mortar (sjå fig. 5.15 og 5.16), og ein kan tenkje seg til at kvinna utfører noko slags arbeidsoppgåve. På det andre fragmentet frå same vase, ser ein ei kvinne og ein ung mann som står over ein mortar og begge helde opp kvar sin mortar, noko som indikera på at dei samarbeida om arbeidet.



5.14 Objekt nr. 2011.604.1.34. Fragment av kylix (Metropolitan Museum).




5.15 Objekt nr. 2011.604.1.34. Fragment av kylix (Metropolitan Museum).

På fragmentet (fig. 5.15) ser ein mellom anna to individ som nyttar seg av eit stampar reiskap. Frå litteraturen har ein skildringar frå mellom anna Hesiod som fortel at stampa og morteren var typisk laga av tre.<sup>320</sup> Slike illustrasjonar som syner bruken av mortar og stampe er funne på ulike attiske vasar med svart figur stil, men berre eit raud figur vasemåleri er kjent. Ei attisk

<sup>319</sup> «Terracotta Fragments of a Kylix (Drinking Cup)». The Metropolitan Museum of Art. Henta frå: <https://www.metmuseum.org/art/collection/search/667516>

<sup>320</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, 423.

svart figur *amfora* frå mellom 540 fvt. og 530 fvt., tilskriven «the Swing Painter» syner to kvinner i arbeid der dei brukar kvar si stampe over ein mortar (fig. 5.16 og 5.17).<sup>321</sup>



5.16 Objekt nr. GP-6993. *Amfora* (The State Hermitage Museum).

5.17 Objekt nr. GP-6993. Utsnitt av måleri (The State Hermitage Museum).

*Amfora vase, datert til mellom 540 fvt. og 530 fvt., som syner to kvinner som brukar stamp og mortar.*

Vasemåleriet på denne *amfora* syner to kvinner i arbeid, og er ein indikasjon på at kvinner ikkje berre tok seg til husarbeid og tekstilarbeid. Ein kan sjå denne typen arbeid som meir enn berre husarbeid, då dette var viktige oppgåver knytt til jordbruket i den form av at det er omarbeiding av råvarer ein har fått frå jordbruket, og som vart omarbeid før det vart produsert eit endeleg resultat som til dømes kornet som vart nytta til brødbaking.

Vidare var spesielt innhausting av avlingar ei oppgåve som kvinner ofte vart framstilt i på ulike vasemåleri. Frukt frå tre var ei viktig kjelde til mat for athenarane, og fleire vasar syner kvinner som plukka eller samlar frukt frå tre. Kvinna på vasemåleria variera mellom å stå eller sitte under trea, og nokre syner til og med at ein klatrar i trea for å samle inn frukt. Eit døme på kvinner som er aktiv i innhausting av frukt er ei attisk raud figur *hydria* datert til mellom 500 fvt. og 450 fvt. (fig. 5.18).<sup>322</sup> Vasemåleriet syner tre kvinner som plukkar frukt, der kvinna til

<sup>321</sup> Vase «Black-Figure Amphora», objekt nr. GP-6993, The State Hermitage Museum. Henta frå: <https://www.hermitagemuseum.org/wps/portal/hermitage/digital-collection/10.+porcelain%2c+faience%2c+ceramics/410490>

<sup>322</sup> Vase «205648, ATHENIAN, San Simeon (CA), Hearst Historical State Monument». Henta frå BAPD: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/9F7CB0AF-80B6-466F-99E5-F09392FC1311>

venstre står og strekke seg mot frukta på treet, medan ho helde det som kan sjå ut som eit eple i venstre hand. Kvinna i midten av måleriet sitter medan ho legger frukt i ein halvkuleforma korg, og ei tredje kvinne til høgre i måleriet lener seg over denne korga og legger frukt i korga.<sup>323</sup>



5.18 Vase nr. 205648, hydria (BAPD).

Datert til mellom 500 fvt. og 450 fvt.

Raud figur hydria som syner tre kvinner som plukkar frukt under eit frukttre.



5.23 Vase nr. 306762, lekythos (BAPD).

5.24 Vase nr. 306762, lekythos (BAPD).

Datert til 550 fvt. og 500 fvt.

Svart figur lekythos som syner to kvinner som sitter under eit frukttre og plukkar frukt, truleg i ein frukthage.



<sup>323</sup> Oakley, *A Guide to Scenes of Daily Life on Athenian Vases*, 87–88.



Ei attisk svart figur *lekythos*, datert til mellom 550 fvt. og 500 fvt, syner også kvinner som plukkar frukt (fig. 5.19 og 5.20).<sup>324</sup> På vasemåleriet på den attiske *lekythos* kan ein sjå to kvinner som sitter under eit frukttre og plukkar ein slags type frukt. På bakken framfor kvinnene står det to korgar som dei legger den plukka frukta i.

Også den attiske svart figur *hals-amfora* datert til mellom 525 fvt. og 475 fvt., syner liknande motiv (fig. 5.21).<sup>325</sup> Vasemåleriet syner den greske vin guden Dionysos sittande under eit frukttre i ein frukthage, i tillegg til ei kvinne som står og plukkar frukt frå treet. Det at ei kvinne er i nærværet av ein gud i det ho utfører slikt arbeid kan vere ein indikasjon i seg sjølv på at dette var respektabelt arbeid for ei kvinne. I tillegg var det også viktig arbeid i jordbruket generelt, sia avlingane måtte plukkast og haustast inn, og det kan sjå ut frå vasemåleria at dette var eit typisk arbeid for kvinner å utføre. Slike måleri syner også at kvinna ikkje var så avgrensa til hushaldet som det til dømes antikke forfattarar som Xenofon har hevda.



5.25 Vase nr. 306054, *hals-amfora* (BAPD).

Datert til mellom 525 fvt. og 475 fvt.

Svart figur *hals-amfora* som syner Dionysos sittande under eit tre, og ei kvinne som står under same tre og plukkar frukt.

Ein attisk raud figur *chous* mugge syner også kvinna i aktivitet knytt til innhausting (fig. 5.22). På denne muggen datert til mellom 450 fvt. og 400 fvt., ser ein ei kvinne som helde opp eit lite barn strekker barnet mot ei drueklase. Det indikera at kvinna og barnet plukkar druer, og det er også avbilda ein mugge som liknar ein *chous* og ein hund på vasa.<sup>326</sup>

<sup>324</sup> Vase «306762, ATHENIAN, Athens, Agora Museum, P24522». BAPD. Henta frå:

<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/B77C0F97-934D-4C72-825D-2901838FF7AA>

<sup>325</sup> Vase «306054, ATHENIAN, Rome, American Academy, 547». BAPD. Henta frå:

<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/033495CF-BC2B-4A1F-A589-CF179A4D0112>

<sup>326</sup> Vase «10227, ATHENIAN, Erlangen, Friedrich-Alexander-Universität, I321». BAPD. Henta frå:

<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/45544F05-EB17-4CB7-A665-0E1A2324F6A2>



5.26 Vase nr. 10227, chous (kopp) (BAPD).

Datert til mellom 450 fvt. og 400 fvt.

Raud figur chous mugge som syner ei kvinne og eit born som plukkar druer.

Denne vasa syner tydeleg ei kvinne og eit barn som plukkar druer.<sup>327</sup> Vasemåleriet seie ikkje i seg sjølv det at kvinna var deltakande i jordbruket og innhausting av druer, men det at plukking av frukt er eit motiv som er måla, syner at dette er ein aktivitet som kvinner gjerne kunne vere deltakande i. Dersom plukking av druer var ein ting kvinner ikkje skulle drive med, hadde ein nok ikkje måla dette på ei vase, så det at kvinna vart avbilda i ein slik situasjon kan i seg sjølv stå som ein representasjon på at det var ein «akseptabel» aktivitet for både kvinner og born. Kvinna var som tidlegare nemnt ansvarleg for stell og pass av born, og det at kvinna også måtte ta seg av borna gjer det ikkje usannsynleg at også born var med på slike aktivitetar saman med kvinna.

Eit anna motiv som knyt kvinna direkte til jordbruksaktivitetar er motiv der ein ser kvinner som steller eller fôrar husdyr.<sup>328</sup> Her kan ein spørje seg om dette kan reknast som kvinneleg jordbruksarbeid eller om dette var huslege syslar som inkludera husdyrstell. Det som er sikkert er at det iallfall kan stå som ein indikasjon på at kvinna ikkje var så avgrensa til innarbeid og hushaldet som det mellom anna Xenofon hevdar ho bør vere. Dette syner at kvinna også hadde arbeid utanfor heimen, og ut i frå kven som vurderer det kan det skildrast som jordbruksarbeid på gardsbruket og familiens eigeidom.<sup>329</sup>

Det er nok ikkje det mest krevjande jordbruksarbeidet som er avbilda, men det syner likevel kvinna i arbeid utanfor heimen som ikkje var knytt til det typiske husarbeid og tekstilarbeid som kvinna som regel blir avgrensa til å vere deltakande i. Ei vase som syner stell

<sup>327</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 156.

<sup>328</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 84.

<sup>329</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 84.

av husdyr er ein attisk raud figur kopp, datert til kring 480 fvt. (fig. 5.23).<sup>330</sup> Ei raud figur *lekythos* datert til kring 460 fvt., syner ei eldre dame som matar ein gris (fig. 5.24).<sup>331</sup>



5.27 Vase nr. 41548, kopp (BAPD).

Datert til kring 480 fvt.

Raud figur kopp som syner ei kvinne som matar to gess.



5.28 Vase nr. 207712, *lekythos* (BAPD).

Datert til kring 460 fvt.

Raud figur *lekythos* som syner ei eldre dame som matar ein gris.

Begge desse vasane (fig. 5.23 og 5.24) er dømer på at kvinner var deltakande i husdyrstell og ein del av ulike jordbruksoppgåver. Det denne raud figur *lekythos* også gjev oss informasjon om var at eldre kvinner også var deltakande i slike arbeidsoppgåver. Det er tydeleg at den avbildta kinna er ei eldre kvinne då alderdom vart signalisert på vasar med at personane hadde kvitt hår og at figuren gjerne har ei framover bøygd haldning.<sup>332</sup>

Husdyrstell er gjerne sett på som ei arbeidsoppgåve innanfor jordbruket og det at kvinner, både yngre og eldre, vart avbildta i slike situasjonar syner at kvinna også hadde ansvar

<sup>330</sup> Vase «41548, ATHENIAN, Berlin, Antikensammlung, Berlin, Pergamonmuseum, F2306», BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/D105194F-2951-4290-A3FF-9C5F93E67C43>

<sup>331</sup> Vase «207712, ATHENIAN, Naples, Museo Archeologico Nazionale, H3353», BAPD. Henta frå: <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/6F060597-413E-4744-A58D-DAD29246A236>

<sup>332</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 54.



i jordbruket. Det syner oss også at kvinne i ulike stadier av livssyklusen var deltakande i ulike arbeidsoppgåver; både barn, unge jenter og dei eldre kvinnene var deltakande i ulike arbeidsoppgåver på gardsbruket og i hushaldet. Det er ikkje mange vasemåleri som syner den eldre kvinna på denne måten, men det at ein finner døme på det representera at også eldre kvinner også hadde oppgåver dei utførte. Truleg var også kvinner i dei siste stadia av livssyklusen deltakande i til dømes tekstilarbeid. Det er også truleg at eldre kvinner var med på å lære opp yngre generasjonar, og på den måten var aktivisert og deltakande i ulike arbeidsoppgåver og aktivitetar.

Det ein altså ser ved å nytte seg av blant anna vasemåleri til å undersøke kvinna er at kvinna som regel var til stades i alle typar jordbruksfelt og utfører mange ulike jordbruksoppgåver, utanom der å skulle pløye jorda. Pløying var eit typisk mannsarbeid og alle vasemåleri eller andre kjelder som syner og tek føre seg pløying syner og skildrar menn i dette arbeidet. Framstillinga av menn i arbeid med plog og pløying kan ha ei symbolsk tyding ved at det var mannsarbied og derfor skulle mannen vere den som kom til uttrykk når det var snakk om å pløye jorda.<sup>333</sup> Utan om pløyingsarbeid er derimot kvinna å finne i nesten alle jordbruksaktivitetar. Ei slik deltakande kvinne er noko ein også ser i andre jordbrukssamfunn, der ein ser at mannen sto for pløyinga av jorda, medan kvinna tok seg av resten av oppgåvene i dyrkinga.<sup>334</sup>

### 5.3 Utfordingar kring vasemåleria

Eit spørsmål og utfordring som dukkar opp når ein tek føre seg og skal tolke desse vasemåleria, er om kor representativ desse avbildingane av kvinna eigentleg er. Til dømes dukkar dette spørsmålet opp når ein ser på vasemåleri der kvinna er avbilda i ulike aktivitetar, men måleria syner kvinner i klesdrakter som ikkje akkurat er typisk for arbeid.

Ser ein til vasemåleria som syner kvinna som delteke i innhausting av frukt og likande, ser ein gjerne kvinner som var fint kledd og få av måleria har element som korgar eller krukker som har vorte fylt med allereie plukka frukt. I mange av desse representasjonane ser ein også kvinna som sitter eller står kringom frukttrea som ber frukta. Kan det at sjølve handlinga å plukke frukta ikkje vart synt i måleria, indikere at det ikkje var arbeidet i seg sjølv som var

---

<sup>333</sup> Meyer, *Antikkens historie*, 183.

<sup>334</sup> Chevillard og Leconte, «The Dawn of Lineage Societies: The origins of Women's Oppression» i *Women's work, men's property: the origins of gender and class*, redigert av Stephanie Coontz og Peta Henderson, (London, Verso, 1986), 81; Lewis, *The Athenian Woman*, 83.

viktig? Det kan tyde på at det ikkje er sjølve arbeidet som er sentralt, men at desse framstillingane av kvinna er meir symbolsk.<sup>335</sup>

Eit mot-spørsmål til dette vert då, kvifor skal ein framstille og avbilde kvinna på denne måten dersom dette ikkje var relevante representasjonar? Dersom det å plukke frukt og delta i innhausting av avlingar i jordbruket var aktivitetar som ikkje sømme seg for kvinna, eller den frie og velkledde kvinna, kvifor var dette eit så populært motiv?

Dette spørsmålet går også igjen når ein ser på vasar med måleri der kvinner hentar vatn i fontenehusa og ber på og fyller *hydriai*, i fine klesdrakter som ein ikkje normalt ville tenkt er vanleg å ha på seg i slike arbeidsoppgåver. Ein kan då undre seg over kvifor dei ber slike klesdrakter når dei utfører slike aktivitetar, og om det ligg noko symbolsk bak det. Likevel vil det vere ein slags realitet i slike måleri, og kunstnarane ville truleg ikkje ha framstilt kvinner i ei slik oppgåve dersom det ikkje var kvinna som utførte slikt arbeid til vanleg, og om det ver noko som vart sett på som ei oppgåve kvinner ikkje skulle utføre.

Då er det meir truleg at det ligg ein symbolsk meining bak slike antrekk, men at det framleis ligge mykje representasjon av realiteten bak også. Kvinna kjem til uttrykk i vasemåleria på ein annan måte enn det gjer i litteraturen, og slike måleri kan derfor vere eit godt hjelpemiddel for å danne eit betre og klårare bilete av kvinna i både hushaldet og i jordbrukssamfunnet i antikken.<sup>336</sup> Det var kvinna si oppgåve å hente og bringe vatn til hushaldet, og det vert synt i desse avbildingane frå antikken. Både frie kvinner, ufrie, slavar og dei fattigare kvinne var deltakande i denne arbeidsoppgåva. Det kan også ligge noko symbolsk med det at det er den frie kvinna som er avbilda, sjølv om dette truleg var ei oppgåve utført av både frie og ufrie kvinner. Slike spørsmål vil ein nok ikkje få noko svar på, men måleria står framleis som representasjonar frå fortida og gjev oss innblikk i antikkens kvinners liv.

Eit anna spørsmål som ein kan ta igjen her er dette med framstilling, og kven som står for denne framstillinga. I likskap med litteraturen er det ofte menn som står for måleria, og kvinna som ein ser i måleria vert med det kvinner frå menn sitt synspunkt. Bileta av kvinna på vasane kan derfor ver utydelege og uklare i sin representasjon, men i dei sosiale haldningane om kvinna som ein kan observere er det mykje som gjenspeila forholdet mellom menn og kvinner som ein inn i dei andre kjeldene. Det er fordi dei attiske vasemåleria i hovudsak var eit mannleg synspunkt på kvinna.<sup>337</sup>

---

<sup>335</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 87.

<sup>336</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 90.

<sup>337</sup> Williams, «Women on Athenian vases: problems of interpretation» i *Images of Women in Antiquity*, redigert av Averil Cameron og Amélie Kuhrt, (London, Croom Helm, 1983), 105.

Om ein då ser til andre jordbrukssamfunn, som det Meyer har observert, kan ein også sjå igjen denne mannsdominerte framstillinga av kvinna, som seinare viste seg å vike frå røynda.<sup>338</sup> I likskap med vasemåleria, syntte mennene i det moderne jordbrukssamfunnet fram ei kvinne og kvinnerolle som dei sjølve ville at folk utan for deira samfunn skulle sjå. Eit slik ønske om ei framstilling kan vere tilfelle i vasekunsten også, som med litteraturen, der menn var meir opptekne med å syne fram den ideelle kvinna dei ser passande å syne fram.

Små «hint» frå både litteraturen og vasane syner derimot at kvinna kanskje hadde ein større plass i til dømes jordbruket enn det som ein skulle tru ved første augekast. Ein ser også ein sosial dimensjon i dette, då den frie kvinna var meir avgrensa enn det ufrie kvinner var. I tillegg til at den sosiale statusen til familien og hushaldet hadde ei rolle å spele i kor «fri» kvinna eigentleg var. Som Aristoteles blant anna skreiv, var kvinner og barn meir deltakande i jordbruket i dei familiare som var fattige bønder, då dei gjerne ikkje hadde råda til å hyre inn hjelp eller eige slavar.<sup>339</sup>

Her vart det då også ein sosial dimensjon, der eliten og dei høgare i samfunnet avgrensa kvinna meir enn dei lågare i samfunnet. Denne sosiale dimensjoner er derimot noko som ikkje er like lett å sjå i vasemåleri som det er i til dømes litteraturen. Det kan vere eit utfordring å skulle skilje frie og ikkje frie kvinner ut i frå eit bilde, men hint som klesdrakter kan her vere til hjelp. Som kvinnene i fontenehusa som var velkledde (fig. 5.11 og 5.12), tyder på at det er frie kvinner som er avbilda, medan kvinner som bere mindre «pene» klesdrakter kan verte tolka som hjelparar eller slavar. Til dømes kan ein sjå føre seg at kvinnene som vaskar (fig. 5.9) eller kverna korn til mjøl (fig. 5.13 og 5.16) er anten kvinner i fattigare jordbrukshushald, eller det kan vere slavar og tenarar som utfører desse oppgåvene.

Med det kan vasemåler gjeve oss ei breiare bilete og forståing for kvinna og arbeidskvinna i det antikke jordbruket, både frie og ikkje frie kvinner kjem her til uttrykk gjennom aktivitetar og arbeid som vasking, matlaging, tekstilarbeid og jordbruksarbeid. Slike vasemåleri illustrera vanlege reiskap, som tekstilreiskap, bøtter, vasar og andre gjenstandar som var vanleg i eit attisk hushald, og vidare gjev oss eit innblikk i kvinna si rolle og liv i antikken.<sup>340</sup>

## 5.4 Konklusjon for kapittelet

I dette kapittelet har eg tatt føre meg eit utval av vasemåleri frå antikken for å prøve å belyse ulike arbeidsoppgåver kvinna i det antikke jordbruket hadde ansvaret for eller var deltakande i.

---

<sup>338</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>339</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1323a.

<sup>340</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 90.

Gjennom mi analyse av desse ulike formane for kvinnearbeid i vasemåleri kan ein sjå at spesielt omarbeiding av råvarer, tekstilproduksjon, vasking, henting av vatn og huslege syslar var viktige arbeidsoppgåver kvinna stod for i hushaldet. I tillegg ser ein at kvinna var deltakande i anna arbeid knytt til jordbruket, som innhausting av avlingar, og omarbeiding av råvarer frå jordbruket. Alt dette var arbeid som kvinna anten var ansvarleg for eller var deltakande i, og var essensielt arbeid for hushaldet sin funksjon.

Spesielt viktig var tekstilproduksjonen som var kvinna si viktigaste økonomiske bidrag til hushaldet. Spinning, veving og behandling av ulike materiale var vanlege oppgåver som kvinna utførte i tekstilproduksjonen. Motivet kan jamførst både med litterære og arkeologiske kjelder, då ein ser at tekstilarbeid går igjen i eit mangfald av kjeldemateriale, noko som i seg sjølv kan fortelje oss at tekstilarbeid var ein essensiell del av kvinna si rolle i antikken.

Sjølv om det er mindre synleg og kjeldemateriale er avgrensa i antikkens avbildingar av kvinna, er det likevel synleg at kvinna deltok i ulike oppgåver knytt til jordbruket. Spesielt innhausting av avlingar og omarbeiding av råvarer er det som for det meste knytt kvinna direkte til jordbruket. I vasemåleria er ikkje den sosiale dimensjonen like lett å understreke, men ein veit frå andre kjelder at i dei fattigare familiane var nok kvinna meir deltakande i arbeidet med jordbruket enn det kvinna var i dei velstående familiane og hushalda, der det er meir sannsynleg at kvinna var meir avgrensa. Det syner også at kvinna ikkje utelukkande var avgrensa til hushaldet, men at ho i ulike situasjonar og ulike sosiale lag var deltakande i jordbruksarbeid.

Å skulle bruke vasemåleri frå antikken som ein fasit for kvinna si rolle er ikkje realistisk, men ein kan nytte vasemåleri for å sjå på ulike element og aspekt ved kvinna og kvinna sitt arbeid i antikken. Sjølv om ein kan stille spørsmål ved kor representativt desse måleria er, kan ein sjå desse vasemåleria som ei framstilling av kvinna, og kanskje spesielt den kvinna som menn ville syne fram. Vasemåleria seier likevel litt om kvinna sin posisjon i antikken og kva som var forventa av henna, frå menn si side.

Så sjølv om det ikkje vil kunne nyttast som ein fasit, kan ein nytte vasemåleri saman med til dømes litterære og arkeologisk kjeldemateriale for å forsøke å skape seg eit bilete av kvinna si rolle i antikkens jordbrukssamfunn. I neste kapittel vil eg forsøke å jamføre alt kjeldematerialet eg har tatt føre meg i denne oppgåva så langs, for å finne svar på korleis kvinna og kvinnerolla i jordbruket kjem til uttrykk i dei ulike kjeldemateriala, og korleis desse kjeldene kan utfylle kvarandre for å skape eit bilete av den antikke greske jordbrukskvinn.

## Kapittel 6 – JAMFØRING AV KJELDEMATERIALET

I dette kapitlet skal eg ta føre meg det kjeldematerialet eg har analysert i kapittel 3 og 5, og ved hjelp av jamføring og samanlikning av desse vil eg forsøke å syne korleis desse ulike kjeldene kan vere med å belyse kvinna sitt liv og kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket. Eg vil sjå på både likskapar og ulikskapar mellom dei to tekstane av Hesiod og Xenofon, og sjå på korleis kvinna kjem til uttrykk i desse tekstane. Vidare vil eg sjå på korleis tekstane og det arkeologiske materiale samspekar, og kva likskapar og ulikskapar ein finn mellom dei ulike kjeldene som saman kan skape eit bilete av den antikke kvinna i det greske jordbruket.

Mykje av kjeldene ein har om kvinner i antikken kjem frå litterære tekstar, som til dømes Hesiod og Xenofon, men ein kan også finne igjen kvinna i andre kjelder, som arkeologisk kjeldemateriale i form av til dømes vasemåleri som framstiller kvinna i ulike situasjonar og hendingar. Dersom ein tek føre seg dei litterære tekstane av Hesiod og Xenofon med eit fokus på framstillingane av kvinna si rolle i antikken, kan ein jamføre dei med framstillinga ein finne i vasemåleria frå same periode. Gjennom ei slik samanlikning kan ein sjå at vasemåleria gjev eit litt meir variert og nyansert bilete av kvinna sine aktivitetar og utanfor heimen i jordbruket.

### 6.1 Litterær framstilling av kvinna i jordbruket

Dei to tekstane *Arbeid og dager* og *Oeconomicus* gjev oss innblikk i korleis jordbruket og samfunnet fungerte i antikken, og det kan vere med på å skape eit bilete av eit elles lite dokumentert aspekt ved jordbruket i antikken. Likevel må ein stille spørsmål om kor representativt og dekkende desse litterære framstillingane er, då faktorar som at begge forfattarane var elite menn som skreiv for sitt publikum må takast i betraktning. I tillegg kan ein tenkje seg til at denne litteraturen er tungt prega av samfunnsidealet i samtida og framstilling av mellom anna kvinna ber preg av dette. Desse framstillingane spelar meir på den ideologien forfattarane og samfunnet ville førespeile, enn det som eigentleg var røynslene og den faktiske situasjonen.

Kvinn i Xenofon skil seg frå kvinna i Hesiod sitt verk *Arbeid og Dager* der kvinna har fått mykje mindre plass i organiseringa og styringa av hushaldet. Hesiod framstiller den frie kvinna si rolle som ei hustru og kone for mannen, der hennar oppgåve var å føre slekta vidare. Han nemner ikkje stort meir enn at kvinna var kona til mannen, og at ho har ansvaret for heimen. Hesiod skil mellom frie kvinner og ikkje frie kvinner, men Hesiod var meir open for å plassere den ufrie kvinna i jordbruksarbeid enn det Xenofon er. I *Oeconomicus* syner Xenofon meir at

alle kvinner har ei rolle i heimen til å bidra i hushaldet og var gjerne avgrensa til denne sfæren, både frie og ikkje frie kvinner. Xenofon si kvinne har også ein større rolle i ekteskapet i den forstand at Xenofon såg på ekteskapet som eit samarbeid der både kvinna og mannen må bidra til hushaldet og familiens økonomi.

Hesiod si kvinne var meir nyttig og deltakande i jordbruket enn Xenofon si kvinne var. Derimot ser ein at der Xenofon si kvinne vart framstilt som meir nøytral skikkelse, som var ansvarleg for reproduksjon og huseleg stell i mannen sin heim og liv, var Hesiod si kvinne meir som ei byrde. Den arkaiske perioden var ein periode med individualisme i poesien. Pomeroy hevda at Hesiod sin fientlegheit mot kvinna var ein del av den generelle bitterheita i perioden som kom av at dei antikke forfattarane var prega av å leve i ein periode med både sosial og økonomisk urettferd.<sup>341</sup> Også Canevaro tolkar at forfattaren sin mistanke mot kvinner var driven av bekymringar for produksjonen i hushaldet og kjem av ei oppfatning av ubalanse mellom kjønna.<sup>342</sup>

Hesiod framstilte kvinna som ei byrde for både mannen og samfunnet, og til forskjell frå Xenofon si kvinne var ho sett på som eit vondskapsfullt vesen. Hesiod såg på kvinne som ein nødvendighet, men ho var også ei økonomisk byrde. Hesiod samanlikna også kvinnene generelt med den første kvinna, Pandora, som basert på mytene var grunnen til at alt vondt kom over menneska.<sup>343</sup> Kvinna vart med det sagt å vere opphavet til all ulukke og negativitet i mennene sine liv. Så Hesiod skildrar ei meir fri kvinne i den forstand at ho ikkje var like avgrensa til sin eigen sfære, som var hushaldet slik som Xenofon gjer, men Hesiod hadde eit langt meir negativt syn på kvinna og framstod nesten som kvinnefiendtleg gjennom si framstilling av kvinna.

Når ein kjem over slike framstillingar av kvinna, kan ein også spørje seg om kor sann er ho eigentleg. Ein veit frå variasjonar i ulike kjelder at kvinna vart framstilt på ulike måtar, og det var forskjellar i kor deltakande i jordbruket kvinna vart framstilt til å vere. Slike skilnadar ser ein mellom dei to tekstane, men ein ser det enda tydelegare dersom ein vender seg mot arkeologiske kjelder og vasemåleri som syner at kvinna mellom anna var aktiv i innhausting av avlingar og plukking av frukt. Kan ei slik framstilling som tekstane syner oss vere ideologisk basert på verdiar som det aktuelle samfunnet vil at utanforståande skal oppfatte deira samfunn som? Kan ein då trekke linjer mellom samfunnsidealet og framstillinga, noko som gjer til at røynda i ulik grad vart skjult ved å prioritere samfunnsideal og grunntankar i samtida, over

---

<sup>341</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves*, 48.

<sup>342</sup> Canevaro, «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'», 187.

<sup>343</sup> Pomeroy, *Goddesses, Whores, Wives and Slaves*, 48.

verkelegheita i eit slags ideologisk rollespel? Dette rollespelet var jo mellom anna noko Meyer observerte i sine studier av moderne samfunn som til ei viss grad tilsvara det antikke jordbrukssamfunnet.<sup>344</sup>

## 6.2 Den ideologiske kvinna, eller den faktiske kvinna?

Rollespelet handla om ein ideologi og det å framstille samfunnet innanfor rammene til desse ideologiske tankane. Ei slik framstilling er noko ein ser også i dei litterære kjeldene, der kvinna vart framstilt ut i frå desse ideane som antikkens menn hadde om ei idealkvinne. Når det kjem til dei skriftlege kjeldene er kvinna sitt arbeid ofte utelukkande framstilt som husarbeid som føregår innandørs. Spesielt Xenofon skil mellom innarbeid og utarbeid, der arbeid som føregår inne i huset var kvinna si sfære, og arbeid som føregår ute på garden og i jordbruket var utelukkande mannen sitt arbeid. Det var mannen som stod for produksjonen av råmateriale til hushaldet, som ull, vin og matvarer.

Råvarene vart først kona sitt ansvar når dei kom innanfor hushaldet og det vart henna tur å omarbeide desse råvarene.<sup>345</sup> Vasemåleria illustrerar også kvinnelege aktivitetar i hushaldet som både Hesiod og Xenofon skriv om. Kvinnene er som synt ansvarleg for til dømes tekstilproduksjonen og omarbeiding av råvarer som vart produsert på garden. Som Pomeroy viser til, var tekstilarbeidet også det einaste arbeidet som antikken såg på som kvinneleg bidrag til hushaldet og samfunnets økonomi.<sup>346</sup> Viktigheita av dette arbeidet kjem til uttrykk med det store mangfaldet av motiv som inkluderer tekstilproduksjon på vasemåleria.

Synet på kvinna si rolle som Xenofon presentera i *Oeconomicus* og som ein ser i mange vasemåleri er for det meste ideologisk driven. Sjølv om også vasemåleria framstiller eit slikt samfunnsideal, ser ein i vasemåleria at kvinnene var deltakande i ulike aktivitetar og oppgåver, som ein ut i frå samfunnsidealet i samtida typisk ville tolka som utarbeid og mannsarbeid. Hesiod gjev liten plass til kvinner utandørs, men dette var ikkje kvinner som går under denne 'idealkvinna' då han berre gjev plass til slavinner og tenestekvinner i arbeid utanfor heimen.

Dersom ein ser til andre kjeldetypar og tek i bruk metodar som komparativ metode, ser ein at kvinna si faktiske rolle omfattar meir enn berre det som vart framstilt av mellom anna Xenofon, og Hesiod. Lewis viser mellom anna til forskning som har synt at i tradisjonelle middelhavsjordbruk utføre kvinna meir enn halvparten av dei daglege jordbruksoppgåvene på

---

<sup>344</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>345</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83.

<sup>346</sup> Pomeroy, *Oeconomicus*, 61.

garden, og ein har ingen grunn til å tru at greske områder vike frå dette i noko stor grad.<sup>347</sup> Ein av grunnane til at dei greske forfattarane framstilte den ideologiske kvinna i staden for den faktiske arbeidskvinna, kan vere behovet til forfattarane å oppretthalde denne det gjeldande samfunnsidealet. Norma i antikken var eit samfunnsideal som fremjar arbeidet på garden og i jordbruket som ein mannsdominert sfære og huslege syslar som ei kvinneleg sfære.

Ei slik ideologisk framstilling ser ein også i Meyer sine observasjonar i det moderne tyrkiske jordbrukssamfunnet, der ein såg ei kvinne som vart framstilt til å høyre til i den kvinnelege sfæren, som var i heimen og hushaldet.<sup>348</sup> Her var kvinna sjefen over husarbeidet, og mannen tok seg av alt anna arbeid som gjekk føre seg utanfor heimen. Det Meyer derimot observerte då han vart meir integrert i dette jordbrukssamfunnet og såg korleis kvardagen eigentleg fungerte, var at kvinna var mykje meir deltakande i mellom anna jordbruket og gardsarbeidet enn det han først hadde oppfatta. Mennene i dette jordbrukssamfunnet ville framstille kvinna som meir avgrensa enn ho eigentleg var, og mindre deltakande i jordbruket enn det som var realiteten. Denne landsbyen Meyer observerte utførte eit rollespel der kvinna og mannen hadde sine sfærer og sitt arbeid, men realiteten var at kvinna var mykje meir deltakande i arbeid som ein først har tiltenkt var mannsarbeid.<sup>349</sup> Kvinna var framleis avgrensa på ulike hald, men ho var mykje meir deltakande og 'fri' enn det ho vart framstilt som i det ein kan tenke seg er ein ideologi samfunnet vel å syne for omverda.

Lewis argumentera for at det framstår som at eit sterkt ideologisk element ligg til grunn for representasjonen av arbeid, og at sjølv om desse vasemåleria til ein viss grad kan vere til hjelp for å sette hol i litteraturen, og omvendt, er det framleis ulike oppgåver og aktivitetar som vart ignorert. Mindre huslege oppgåver som husvask, rydding, stell av husdyr, og utdanning av døtrer, vart ikkje framstilt like tydeleg på måleria. Xenofon nemner spesifikt kona sitt ansvar for omsorg for dei sjuke i hushaldet, men dette er ikkje noko som vart avbilda på vasemåleria.<sup>350</sup>

Noko arbeid som er nemnt men ikkje via like stor plass til i litteraturen, kjem til uttrykk i vasemåleria, og i tillegg til å syne viktigheita av slikt arbeid gjev oss illustrasjonar på korleis dette arbeidet vart utført og gjekk føre seg i antikken. Tekstilarbeid er det arbeidet kvinnene blir hyppigast framstilt i på måleria, truleg på grunn av viktigheita av dette arbeidet for hushaldet men og grunna sin plass i den dominerande ideologien om kjønnsroller. Matlaging var eit kvinnearbeid som i motsetnad til tekstilarbeid er relativt lite synt i vasemåleria, sjølv om dette

---

<sup>347</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83; Chevillard og Leconte, «The Dawn of Lineage Societies», 77–81.

<sup>348</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>349</sup> Meyer, «Urtiden», 109–10.

<sup>350</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 90.



var eit viktig arbeidsoppgåve for kvinna. Jordbruksarbeid var nesten ikkje synt fram i vasemåleria, spesielt vart ikkje kvinna inkludert i avbildingar av det som vart sett på som typisk mannsarbeid.<sup>351</sup>

Denne skilnaden mellom framstillinga av kvinna kan ein sjå igjen i samanlikninga mellom dei antikke tekstane og vasemåleria. Tekstane syner ei kvinne i sin eiga sfære der ho utfører husarbeid og var avgrensa til hushaldet, medan mannen tok seg av alt av gardsarbeid og jordbruksaktivitetar. Ideologien om mannsarbeid og kvinnearbeid går også igjen i vasemåleria som framstiller jordbruket. Vasane synte derimot eit meir nyansert bilete enn det tekstane gjorde då dei faktisk syner kvinna i arbeid utanfor heimen, men vasemåleria stør seg framleis på ideologien om ein kjønnsdelt arbeidssfære i jordbruket. Det var mennene som vart framstilte for å utføre dei tyngste jordbruksoppgåvene, medan kvinna var meir avgrensa til å utføre 'enklare' jordbruksoppgåver som innhausting av avingar, for det meste frukt og druer, og omarbeiding av råvarer, for det meste ull.<sup>352</sup>

Det at dette arbeidet ikkje er synt i vasemåleria tyder derimot ikkje at kvinna ikkje var aktiv i slikt arbeid, spesielt dersom ein ser til den sosiale dimensjonen. Forfattarar som Hesiod og Aristoteles har begge nemnt kvinner som var deltakande i ulike jordbruksoppgåver.<sup>353</sup> Hesiod snakkar til dømes at ein på garden bør hyre inn ei slavinne eller kvinneleg hjelp som kan vere til hjelp ved pløying og som kan gå bak oksen.<sup>354</sup> For dei familiane som derimot ikkje hadde råda til å hyre inn hjelp eller eige slavar var nøydde til å ta i bruk den arbeidskrafta dei hadde. Aristoteles understreka at bønder som var fattige og hadde lite ressursar var avhengige av eigen arbeidskraft og at heile familien og hushaldet, både kvinner og born var nøydde til å hjelpe til i jordbruket.<sup>355</sup> Scheidel argumentera også i si forskning for at det var viktig for dei fattigaste familiane og husstandane at alle bidrog, også kvinnene. Kvinnene på dei mindre og fattigare gardsbruka var truleg meir deltakande i jordbruket enn det dei rikaste konene og husmødrene frå rikare familiar som hadde betre råd til å hyre inn og lønne ekstra arbeidskraft.<sup>356</sup>

Gallant tatt føre seg debatten om slavar i hushaldet, og stiller seg i midten av debatten der han konkludera med at dei som hadde råda til å eige slavar, ville truleg nytte seg av det då det var nyttig arbeidskraft ein kunne bruke i jordbruket. Dei fattigare bøndene derimot, hadde truleg ikkje ressursar nok til å halde slavar eller å hyre inn ekstra arbeidskraft garden. Derfor

---

<sup>351</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 90.

<sup>352</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83.

<sup>353</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*; Aristoteles, *Politikk*.

<sup>354</sup> Hesiod, *Arbeid og dager*, linje 602–603.

<sup>355</sup> Aristoteles, *Politikk*, 1323a.

<sup>356</sup> Scheidel, «The Most Silent Women of Greece and Rome», 210.

måtte dei nytte seg av eiga arbeidskraft i familien, eventuelt med hjelp frå andre. Naboskap og hjelp av venar og kjente var også ei viktig arbeidskraft.<sup>357</sup> Kvinna vart då også ein viktig arbeidsressurs, og truleg var kvinna deltakande i det aller meste av jordbruksarbeid, sjølv om ho ikkje vart framstilt eller avbilda til å vere det.

Eit typisk motiv av kvinner på vasemåleri, er som vist i kapittel 5, kvinner i arbeid som veving og omarbeiding av ull (fig. 5.2-5.8). Ei kvinne i tekstilarbeid var ein del av det som antikkens menn såg på som den ideelle kvinna, og desse tekstilmotiva syner kvinna der ho omarbeida råvarer som har vorte hausta på gardsbruket. Ein veit ikkje noko om kven som har gjort arbeidet med å samle ulla, og mange vil nok automatisk anta at det var mennene som har stått for desse arbeidsoppgåvene. Det kan derimot vere like sansynleg at det var kvinna som stelte med husdyra og samla ull til eigen produksjon i tekstilarbeidet. Kvinna vart på nokre, men få, måleri framstilt til å utføre husdyrstell som mating av dyr (fig. 5.23 og 5.24), og det er ikkje usansynleg at kvinna utførte også andre oppgåver som var knytt til husdyr.

Andre motiv som går igjen i vasemåleria er kvinna som driv med omarbeiding av jordbruksproduksjon, innhausting av avlingar, som til dømes druer og andre typar frukt. Nokre vaser syner til dømes kvinna som omarbeida kornprodukt ved at ho nyttar seg av stamp og mortar for å mele korn (fig. 5.13-5.17). Fleire vaser syner kvinner som til dømes står eller sit under frukttre i frukthagar med mellom anna korgar som dei plukkar frukt i (fig. 5.18-5.22). Innhausting av avlingar var ein viktig del av arbeidet som vart gjort på garden og jordbruket, og sjølv om ho ikkje var veldig synleg i kjeldene, var kvinna deltakande i jordbruksarbeidet.

### 6.3 Vurdering – kjeldemateriale og metode

Ved å sette desse kjeldetypane opp mot kvarandre og å jamføre dei to litterære tekstane med arkeologisk kjeldemateriale i form av vase og vasemåleri kan ein sjå at framstillinga av kvinna si rolle er noko ulikt. Framstillinga frå vasemåleria skil seg frå tekstane sine skildringar av kvinna, med at dei gjev oss eit breidare og meir mangfaldig bilete av kvinna sine aktivitetar, kvinna si deltaking i mellom jordbruket, og samla sett av kvinna si sosiale rolle. Måleria syner oss eit meir nyansert bilete der kvinner i ei rekkje arbeidsoppgåver og sosiale situasjonar som strekkjer seg utover det tradisjonelle bilete av kvinna som vart framstilt i litteraturen.

Lewis understreka at vasemåleria var likevel prega av samfunnsidealet om ei ideell kvinne.<sup>358</sup> Det var ofte framstillingar som ein også såg andre stader, og som viser seg å ikkje

---

<sup>357</sup> Gallant, *Risk and Survival in Ancient Greece*, 30-33.

<sup>358</sup> Lewis, *The Athenian Woman*, 83-86.

syne realiteten heilt slik den var. Det ideologiske rollespelet av ei framstilling av kvinner i jordbrukssamfunnet såg ein også i meir moderne samfunn. Ser ein tilbake til kapittel 2 og Meyer sine observasjonar av det tyrkiske jordbrukssamfunnet, ser ein ei slik framstilling av kvinna som er prega av dette samfunnsidealet. Rollespelet som alle i samfunnet er deltakande i, syner i utgangspunktet ei kvinne som er avgrensa til sin eigen sfære.<sup>359</sup> Relaiteten viser seg å vere annleis då kvinna i større grad enn først antatt deltok, og gjerne også var ansvarleg, for fleire ulike arbeidsoppgåver i jordbruket som ein for det meste tenkjer seg er mannsarbeid.

Ein ser også at kvinner i ulike stadier av livssyklusen, som Gallant presenterte, var deltakande i ulike arbeidsoppgåver og aktivitetar (fig. 5.23). Xenofon skildrar mellom anna ei ung kvinne som kjem inn i hushaldet som kone, og ho har allereie lært seg å arbeide med tekstilproduksjon.<sup>360</sup> Dette er mest sannsynleg noko ho lærte i barndomsheimen, gjerne har mor eller ei bestemor lært ho opp i slike arbeidsoppgåver. Kvinna sitt arbeid vidare vil så verte å lære opp sine egne døtrer, og eventuelt andre kvinner som var eller kjem inn i hushaldet som ikkje har slik kunnskap. Dette fortel oss at både unge jenter, vaksne kvinner, og truleg også dei eldre kvinne i hushaldet, var deltakande i tekstilarbeid som var eit viktig kvinnearbeid. I vasemåleri (fig. 5.23) ser ein også avbilda ei eldre kvinne som fôrar husdyr, i dette tilfellet ein gris. Det fortel oss at kvinna i alle stadie av livssyklusen var deltakande i jordbruket.

På vasemåleria ser ein i fleire tilfelle kvinner som delteke i ei rekke aktivitetar som overgår det som vart framstilt av Hesiod og Xenofon i deira tekstar. Kvinna vart ofte avbilda i jordbruksaktivitetar som omarbeiding av råvareprodukt og innhausting av frukt, noko som indikera at kvinna spelte ei viktigare rolle i produksjonen av mat og arbeid på garden, enn dei antikke forfattarane gjer. Ein ser også likskapar mellom dei litterære og dei ikonografiske kjeldene, då begge i ulik grad syner kvinna i ulike arbeidsoppgåver inne i hushaldet. Her vart kvinna framstilt i arbeids som til dømes tekstilarbeid, spinning og veving, og anna husarbeid.

Dei antikke forfattarane var oppteken av å framstille kvinna i husarbeid, men det vasemåleria gjer, er at dei avgrensa ikkje kvinna til berre hushaldet slik som tekstane i ulik grad har gjort. Det tyder på at kvinna si rolle ikkje berre var avgrensa til heimen, men også inkluderte ei aktiv deltaking i både økonomiske og produksjons aktivitetar som var viktig for heile hushaldet og jordbrukssamfunnet. Vidare syner anna forskning resultat som ein ved hjelp av komparativ metode, kan legge til det antikke jordbrukssamfunnet.<sup>361</sup> Gjennom slik metodikk er det mogeleg, i kombinasjon med å nytte seg av det varierte kjeldemateriale, å skape eit bilete

---

<sup>359</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

<sup>360</sup> Xenofon, *Oeconomicus*. 7.41.

<sup>361</sup> Meyer, «Urtiden», 107–17.

av korleis situasjonen eigentleg var for den antikke jordbrukskvinna, og kva roller ho hadde. Roller ein kanskje ikkje før tenkte var assosiert med kvinner, grunna ei framstilling basert på samfunnsidealet som menn plasserte ho innanfor, men som viker frå røynda.

## KAPITTEL 7– KONKLUSJON

Denne oppgåva har tatt føre seg ulike kjeldetypar og kjeldemateriale for å belyse kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket, både i hushaldet og utanfor heimen og hushaldet. Eg har sett på korleis kvinna, kvinna si rolle i jordbruket og på gardsbruket har vorte framstilt i eit utval av gresk litteratur, og i arkeologisk materiale i form av vasemåleri. Ved hjelp av mellom anna komparativ metode har eg forsøkt å syne korleis ein kan sjå på det antikke jordbruket og kvinna sin plass i denne delen av det antikke samfunnet.

Kvinna si rolle i det greske antikke jordbruket vart framstilt ulikt i dei antikke tekstane, *Arbeid og dager* av Hesiod, og *Oeconomicus* av Xenofon. Fellestrekk som går igjen i begge desse tekstane er framstillinga basert på samfunnsidealet i samtida. Hesiod si framstilling av den frie kvinna er avgrensa til å vere ei kone og husmor, medan Xenofon gjev kvinna ei større rolle og funksjon i heimen og ekteskapet. Likevel gjev Hesiod større fridom til den ufrie kvinna i den forstand at ho har roller også i jordbruket utanfor heimen. Hesiod si kvinne vart derimot sett på som ei byrde, medan Xenofon er meir nøytral og gjev kona i hushaldet ansvaret for heimens drift.

Hesiod gjer ein distinksjon mellom den frie kvinna og ikkje frie kvinna. Ironisk sett var den frie kvinna mykje meir avgrensa enn den ufrie kvinna, i den meining at den frie kvinna vart sett inn i ein kvinneleg sfære som omfattar hushaldet og typisk kvinnearbeid, men ikkje så mykje meir utover det. Ufrie kvinner, som slavar og tenestekvinner vart i motsetnad til den frie kvinna i hushaldet, sett til meir arbeid ute på garden. Desse kvinnene ser ut til å vere deltakande i mellom anna jordbruksaktivitetar som til dømes pløying av åkeren, og truleg anna arbeid på åkrane som såing, plukke stein og ugras. Dette var arbeid som den frie kvinna til Hesiod ikkje var deltakande i, men Hesiod var ein elitemann som har råda til å hyre inn eller eige arbeidskraft utover familien, og hans situasjon var nok noko annleis enn for fattigare og mindre gardsbruk. På mindre gardsbruk var det meir sannsynleg at alle familiemedlemmar, også dei frie kvinnene, var deltakande i jordbruksarbeid då det var viktig å nytte seg av slik 'gratis' arbeidskraft når ein ikkje hadde råda til å hyre inn arbeidskraft slik som Hesiod hadde.

Tilgang og behov for arbeidskraft er også ein annan faktor som truleg spela inn for mange jordbruksfamiliar; ein måtte nytte seg av den arbeidskrafta ein hadde tilgjengeleg, og spesielt dei som ikkje hadde råda til å hyre inn anna hjelp. Desse ideelle kvinnene som Hesiod og Xenofon framstiller i sine tekstar var meint for eliten og elitefamiliar som hadde mogelegheit og råda til å eige slavar og hyre inn hjelp til å ta seg av arbeidsoppgåver og jordbruksarbeid

som eliten såg på som ikkje skikka for sine kvinner. Ser ein til fattigare familiar var nok kvinna derimot like deltakande i jordbruket som det mannen var, då ho var ein nyttig arbeidskraft som det var eit privilegium for eliten å ikkje utnytte seg av.

I motsetnad til jordbrukskvinna som ein finne både i Hesiod sin tekst, har Xenofon skrive om ei kvinne som var utelukkande plassert inne i hushaldet. Tydeleg ut i frå Xenofon sine meiningar var heimen og hushaldet kvinna si sfære. Også Xenofon skil mellom frie og ikkje frie kvinner, der den frie kvinna og spesielt kona i huset var ansvarleg for hushaldet og henna rolle likna den ei dronning i ei bikube. I tillegg skulle ho vere deltakande i tekstilarbeid og tekstilproduksjon, som var det einaste kvinnelege arbeidet som i antikken vart sett på som eit økonomisk bidrag til hushaldet og samfunnet.

Når ein les desse skildringane av kvinna oppstår det spørsmål kring kor sannferdige desse framstillingane er, og om dei kan ha vore meir ideologisk motiverte av samfunnets verdiar. Arkeologiske kjelder i form av vasemåleri syner kvinner som faktisk var deltakande i jordbruksarbeid, noko som tyder på at tekstane sine samfunnsideelle framstillingar ikkje nødvendigvis reflektera heile sanninga og røynda. Dermed kan ein stille seg spørsmål om korleis desse samfunnsideala påverka framstillinga av røynda, og om det har ført til at verkelegheita vart forvrengt til fordel for dei ideologiske agendane i samtida.

Det ein har sett i andre jordbrukssamfunn er eit rollespel som omhandlar samfunnsideologien og framstillinga av samfunnet innanfor ramma av desse ideologiske tankane. Rollene som vart tildelt kvinna i det moderne jordbrukssamfunnet var prega av eit samfunnsideal om ei avgrensa kvinnesfære. Verkelegheita var derimot litt annleis, og det viste seg at kvinna var mykje meir deltakande og ansvarleg for jordbruksarbeid enn det som først var antatt grunna dei samfunnsideelle framstillingane.

Denne typen representasjon kan ein altså observere i dei litterære kjeldene frå antikken, der kvinna ofte vart framstilt ut ifrå dei ideane antikkens menn hadde om ei ideell kvinne. I dei skriftlege kjeldene vart kvinna sitt arbeid ofte avgrensa til hushaldet og arbeid innandørs. Xenofon skil tydeleg mellom innarbeid og utarbeid, og gjev kvinna ansvaret for arbeidet innandørs og dannar dermed den kvinnelege sfæren innanfor husets fire veggar. Den mannslege sfæren var utandørs der han tek seg av arbeidet på garden og i jordbruket. Vasemåleria er også ideologisk motiverte, og illustrera også kvinneleg arbeid inne i huset, som til dømes tekstilarbeid og omarbeiding av jordbruksprodukt. Vasemåleria er derimot også meir nyanserte.

Jamføringa av antikke tekstar og vasemåleri syner ulike framstillingar av kvinna si rolle. Både tekstane syner ei kvinne avgrensa til sin eigen sfære, medan vasemåleria nyansera dette med å vise oss kvinner som var deltakande i arbeid utanfor heimen. Samfunnsidealet om

mannsarbeid og kvinnearbeid går igjen i vasemåleria, men måleria syner ei kvinne som var mindre avgrensa enn det tekstane syner. Vasane gjev innblikk i husarbeid, men også kvinner sitt arbeid med tekstil (fig. 5.2-5.8), hente vatn til hushaldet (fig. 5.11-5.12), og omarbeiding av råvarer frå jordbruket (fig. 5.12-5.16). Vidare framstille måleria kvinner som var aktive i innhausting av avlingar (fig. 5.17-5.21), og andre viktige jordbruksoppgåver som stell av dyr (fig. 5.22 og 5.23).

Generelt syner både litteraturen og vasemåleria samfunnsideal i antikken. Sjølv om vasemåleria også representera eit samfunnsideal, syner dei i større grad at kvinna deltok i ulike aktivitetar og arbeid i jordbruket. Mest sannsynleg var røynda meir kompleks og nyansert enn det desse framstillingane gjev uttrykk for. Kvinna var meir deltakande i ulike jordbruksarbeid enn det bae dei antikke forfattarane i denne oppgåva skildra. Forsking indikera at kvinna utførte ofte minst halvparten av ei daglege jordbruksoppgåvene på garden, og ser ein til liknande jordbrukssamfunn kan ein sjå ei svært aktiv jordbrukskvinne. Dei antikke forfattarane valde truleg å framstille den ideologiske kvinna i staden for den faktiske jordbrukskvinna for at dei skulle oppretthalde samfunnsidealet om ein kvinnesfære og ein mannssfære.

Samanlikning av dei ulike kjeldetypane kan gjeve oss eit meir heilskapleg og nyansert bilete på kvinna i antikken. Ved å jamføre litteraturen med arkeologisk materiale kan ein få eit breiare og meir mangfaldig bilete av kvinna si rolle, henna deltaking i jordbruket, men også om dei sosiale ideane om den ideelle kvinna. Vasemåleria og dei litterære tekstane har også synt oss at kvinna truleg var deltakande i ulike arbeidsoppgåver og aktivitetar gjennom ulike stadier av livssyklusen. Heilt frå kvinnene var unge jenter, og gjennom heile livet heilt til dei var eldre kvinner, var dei deltakande i ulike arbeidsoppgåver i hushaldet og i jordbruket.

Det er ikkje ei enkel oppgåve å skulle avdekke kvinna og kvinna si rolle i det antikke greske jordbruket, då ein har avgrensa med kjeldemateriale som kan syne oss eit realistisk bilete på korleis livet og arbeidet til kvinna i den greske antikken var. Ved hjelp av ulike antikke tekstar og arkeologisk kjeldemateriale kan ein skape eit forslag til ein representasjon av korleis gardskvinna i antikken levde. Ved hjelp av arkeologisk materiale i form av ikonografiske kjelder frå vasar og potter, kan ein få eit innblikk og eit illustrert bilete av nokre av aspekta ved kvinners liv som antikke tekstar skildrar. Jamført kan desse kjeldetypane brukast som reiskap for å tette hol i kjeldematerialet som kjeldene aleine ikkje kan fylle.

Tekstane og vasane samsvarar ikkje heilt då ein finn ulike framstillingar av kvinner. Ein vil ikkje kunne reprodusere sanninga og røynda om korleis fortida såg ut. Likevel kan ein nytte dette viktige kjeldemateriale for å spe på med informasjon, for å forsøke å skape ein representasjon av korleis fortida såg ut. Her er det snakk om kva rolle kvinna hadde i det antikke

greske jordbruket, og gjennom slike undersøkingar som er synt i denne oppgåva kan ein sjå at kvinna spelte ei langt viktigare og større rolle i jordbruket enn det ein oppfattar ved første augekast.

Samla sett syner forskinga, ved hjelp av blant anna komparativ metode og eit variert kjeldemateriale, at bilete av den antikke jordbrukskvinna og henna rolle vike frå den ideologiske framstillinga som ein var prega av i antikken. Slik forskning og jamføring av ulike kjelder bidrege til ei betre forståing av kvinna sine faktiske roller og viktigheita av kvinneleg arbeidskraft i det antikke jordbruket.



# REFERANSELISTE

## Litterære kjelder

Aristoteles. *Politikk*. Omsett av Tormod Eide. Oslo: Vidarforlaget, 2007.

Diogenes Laertius. *Lives of eminent philosophers: 1*. Omsett av R. D. Hicks. Loeb Classical Library. Cambridge, MA: Harvard University Press, 1925.

Hesiod. *Theogonien; Arbeid og dager; Skjoldet*. Omsett av Aslak Rostad. Oslo: Gyldendal, 2014.

Homer. *Homeric Hymns: Homeric Apocrypha; Lives of Homer*. Omsett av M. L. West. Cambridge, MA: Harvard University Press, 2014.

Lysias. *Lysias*. The Loeb classical library. Cambridge, MA: Harvard University Press, 2014.

Xenofon. *Memorabilia; Oeconomicus; Symposium; Apology*. Omsett av E. C. Merchant og O. J. Todd. Loeb classical library. Cambridge, MA: Harvard University Press, 2013.

## Arkeologiske kjelder

«10227, ATHENIAN, Erlangen, Friedrich-Alexander-Universität, I321». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 27. april 2024. <https://www.carc.ox.ac.uk/record/45544F05-EB17-4CB7-A665-0E1A2324F6A2>.

«41548, ATHENIAN, Berlin, Antikensammlung, Berlin, Pergamonmuseum, F2306». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 26. april 2024. <https://www.carc.ox.ac.uk/XDB/ASP/recordDetails.asp?recordCount=1&start=0>.

«205648, ATHENIAN, San Simeon (CA), Hearst Historical State Monument, 529.9.596». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 26. april 2024. <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/9F7CB0AF-80B6-466F-99E5-F09392FC1311>.

«206329, ATHENIAN, Madrid, Museo Arqueologico Nacional, Madrid, Museo Arqueologico Nacional, 11201». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 22. april 2024. <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/A108B80F-DE83-4481-95C5-3E43EB86EA86>.

- «207712, ATHENIAN, Naples, Museo Archeologico Nazionale, H3353». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 26. april 2024.  
<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/6F060597-413E-4744-A58D-DAD29246A236>.
- «210088, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum, 06.1117». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 23. april 2024.  
<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/E8B693BB-BF95-4AAB-8A5F-22DA01011B8A>.
- «303426, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum, 10.210.13». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 22. april 2024.  
<https://www.beazley.ox.ac.uk/record/C25E55F8-E37D-4540-98C6-37B43A11783F>.
- «306054, ATHENIAN, Rome, American Academy, 547». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 27. april 2024. <https://www.carc.ox.ac.uk/record/033495CF-BC2B-4A1F-A589-CF179A4D0112>.
- «306762, ATHENIAN, Athens, Agora Museum, P24522». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 26. april 2024. <https://www.carc.ox.ac.uk/record/B77C0F97-934D-4C72-825D-2901838FF7AA>.
- «310485, ATHENIAN, New York (N.Y.), Metropolitan Museum». Beazley Archive Pottery Database, Vitja 22. april 2024. <https://www.beazley.ox.ac.uk/record/E7C63896-2746-4D05-9922-C52B925C707C>.
- «Attische Trinkschale». Staatliche Museen zu Berlin, Vitja 25. april 2024.  
<https://recherche.smb.museum/detail/676905/attische-trinkschale>.
- «Hydria (Water Vessel)». The Toledo Museum of Art. Vitja 23. april 2024.  
<http://emuseum.toledomuseum.org/objects/56425>.
- «The Golonos Group». The British Museum, Vitja 22. april 2024.  
<https://www.britishmuseum.org/collection/term/BIOG58485>.
- «Terracotta Fragments of a Kylix (Drinking Cup)». The Metropolitan Museum of Art. Vitja 26. april 2024. <https://www.metmuseum.org/art/collection/search/667516>.
- «Black-Figure Amphora». The State Hermitage Museum, objekt nr. ГР-6993. Vitja 25. april 2024. <https://www.hermitagemuseum.org/wps/portal/hermitage/digital-collection/10.+porcelain%2c+faience%2c+ceramics/410490>.

## Litteratur

- Barber, Elizabeth Wayland. *Women's Work: The First 20,000 Years: Women, Cloth, and Society in Early Times*. New York: Norton, 1994.
- Bispham, Edward, Thomas Harrison, og Brian Sparkes. *The Edinburgh Companion to Ancient Greece and Rome*. Edinburgh, United Kingdom: Edinburgh University Press, 2006.  
<http://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/detail.action?docID=1962127>.
- Blundell, Sue. *Women in Ancient Greece*. Cambridge, Mass: Harvard University Press, 1995.
- Burke, Peter. *Eyewitnessing: The uses of images as Historical Evidence*. London: Reaktion Books, 2009.
- Canevaro, Lilah Grace. «The Clash of the Sexes in Hesiod's 'Works and Days'». *Greece & Rome* 60, nr. 2 (2013): 185–202.
- Chevillard, Nicole, og Sébastien Leconte. «The Dawn of Lineage Societies: The origins of Women's Oppression». I *Women's work, men's property: the origins of gender and class*, redigert av Stephanie Coontz og Peta Henderson, 76–107. London: Verso, 1986.
- Clark, Andrew J., Maya Elston, og Mary Louise Hart. *Understanding Greek Vases: A Guide to Terms, Styles, and Techniques*. Los Angeles: J. Paul Getty Museum, 2002.
- Cook, R. M. *Greek Painted Pottery*. 3. utgåve. Routledge, 1997.
- Fachard, Sylvian. «Asty and Chora: City and Countryside». I *The Cambridge Companion to Ancient Athens*, redigert av Jenifer Neils og Dylan K. Rogers, 21–34. Cambridge Companions to the Ancient World. Cambridge: Cambridge University Press, 2021.  
<https://doi.org/10.1017/9781108614054.003>.
- Flower, Michael A., red. *The Cambridge Companion to Xenophon*. Cambridge: Cambridge University Press, 2016. <https://doi.org/10.1017/9781107279308>.
- Foxhall, Lin. «The Village beyond the Village: Communities in Rural Landscapes in Ancient Greek Countrysides». *Journal of Modern Greek Studies* 38, nr. 1 (2020): 1–20.  
<https://doi.org/10.1353/mgs.2020.0001>.
- Foxhall, Lin, og H. A. Forbes. «Sitometreia: The Role of Grain as a Staple Food in Classical Antiquity». *Chiron. Mitteilungen Der Kommission Für Alte Geschichte Und Epigraphik Des Deutschen Archäologischen Instituts* 12 (1. januar 1970): 41–90.  
<https://doi.org/10.34780/2971-2269>.
- Gallant, Thomas W. *Risk and Survival in Ancient Greece: Reconstructing the Rural Domestic Economy*. Cambridge: Polity Press, 1991.

- Hansen, Mogens Herman. «95 Theses about the Greek ‘Polis’ in the Archaic and Classical Periods. A Report on the Results Obtained by the Copenhagen Polis Centre in the Period 1993-2003». *Historia: Zeitschrift für Alte Geschichte* 52, nr. 3 (2003): 257–82.
- Hansen, Mogens Herman. *Polis: An Introduction to the Ancient Greek City-State*. Oxford: University Press, 2023.
- Hobden, Fiona. «Xenophon’s Oeconomicus». I *The Cambridge Companion to Xenophon*, redigert av Michael A. Flower, 152–73. Cambridge Companions to Literature. Cambridge: Cambridge University Press, 2016.  
<https://doi.org/10.1017/9781107279308.011>.
- Isager, Signe, og Jens Erik Skydsgaard. *Ancient Greek Agriculture: An Introduction*. London: Routledge, 1992.
- Jones, J. E., A. J. Graham, L. H. Sackett, og M. Ioannes Geroulanos. «An Attic Country House below the Cave of Pan at Vari». *The Annual of the British School at Athens* 68 (1973): 355–452.
- Jones, J. E., L. H. Sackett, og A. J. Graham. «The Dema House in Attica». *The Annual of the British School at Athens* 57 (1962): 75–114.
- Kronenberg, Leah. «A philosopher and a gentleman (Oec. 7–21)». I *Allegories of Farming from Greece and Rome: Philosophical Satire in Xenophon, Varro, and Virgil*, 54–72. Cambridge: Cambridge University Press, 2009.  
<https://doi.org/10.1017/CBO9780511729973.004>.
- Lang, Bernhard. «Women’s Work, Household and Property in Two Mediterranean Societies: A Comparative Essay on Proverbs XXXI 10-31». *Vetus Testamentum* 54, nr. 2 (2004): 188–207.
- Lassen, Eva Maria. «Oldtiden». I *Cappelens Kvinnehistorie*, redigert av Ida Blom, Bd. 1, 1992.
- Lee, John W. I. «Xenophon and his Times». I *The Cambridge Companion to Xenophon*, redigert av Michael A. Flower, 15–36. Cambridge Companions to Literature. Cambridge: Cambridge University Press, 2016.  
<https://doi.org/10.1017/9781107279308.004>.
- Lewis, Sian. *The Athenian Woman: An Iconographic Handbook*. London, United Kingdom: Taylor & Francis Group, 2002. <http://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/detail.action?docID=1144688>.
- Liston, Maria A. «Reading the Bones: Interpreting the Skeletal Evidence for Women’s Lives in Ancient Greece». I *A Companion to Women in the Ancient World, I A companion to*

- Women in the Ancient World*, redigert av Sharon L. James og Sheila Dillon 125–40. Oxford, UK: Blackwell Publishing Ltd., 2012.  
<https://doi.org/10.1002/9781444355024.ch9>.
- Loney, Alexander C., og Stephen Scully. *The Oxford Handbook of Hesiod*. Oxford Handbooks Online. New York: Oxford University Press, 2018.
- McHugh, Maeve. *The Ancient Greek Farmstead*. Havertown, United States: Oxbow Books, Limited, 2017. <http://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/detail.action?docID=5144716>.
- Melve, Leidulf. «Komparativ historie: ei utfordring for historiefaget?» *Historisk tidsskrift* 88, nr. 1 (3. april 2009): 61–77. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2944-2009-01-04>.
- Meyer, Jørgen Christian. *Antikkens historie: høvdingdømme, bystat, imperium*. Oslo: Cappelen akademisk forlag, 1998. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2009041500005](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009041500005).
- . «Socialantropologi og komparativ metode». I *Ad fonte: antikkvitenskap, kildebehandling og metode*, redigert av Jon W. Iddeng, 229–44. Klassisk skriftserie (trykt utg.) 1. Oslo: Norsk klassisk forbund, 2000. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2011032308079](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011032308079).
- . «Urtiden». I *Cappelen Kvinnehistorie*, redigert av Ida Blom, Bd. 1, 1992.
- Montanari, Franco, Antonios Rengakos, og Christos Tsagalis. *Brill's Companion to Hesiod*. Leiden: Brill, 2009.
- Nevett, L. C. «Gender Relations in the Classical Greek Household: The Archaeological Evidence». *The Annual of the British School at Athens* 90 (1995): 363–81.
- Oakley, John H. *A Guide to Scenes of Daily Life on Athenian Vases*. University of Wisconsin Press, 2020.
- Osborne, Robin. *Classical Landscape with Figures: The Ancient Greek City and Its Countryside*. London: G. Philip, 1987.
- Pomeroy, Sarah B. *Goddesses, Whores, Wives and Slaves: Women in Classical Antiquity*. New York: Schocken Books, 1975.
- . *Oeconomicus: A Social and Historical Commentary, with a New English Translation*. Oxford, New York: Oxford University Press, 1995.
- Powell, Barry B. *A Short Introduction to Classical Myth*. Upper Saddle River, N.J: Prentice Hall, 2002.
- Scheidel, Walter. «The Most Silent Women of Greece and Rome: Rural Labour and Women's Life in the Ancient World (I)». *Greece & Rome* 42, nr. 2 (1995): 202–17.

- Shapiro, H. A. *The Cambridge Companion to Archaic Greece*. New York, NY: Cambridge University Press, 2007.
- Snodgrass, Anthony M. *Archaeology and the Emergence of Greece*. New York: Cornell University Press, 2006.
- Stansbury-O'Donnell, M.D. *A History of Greek Art*. Wiley Blackwell, 2015.  
<https://books.google.no/books?id=DacXBgAAQBAJ>.
- Too, Yun Lee. «The Economies of Pedagogy: Xenophon's Wifely Didactics». *Proceedings of the Cambridge Philological Society*, nr. 47 (2001): 65–80.
- Topper, Kathryn. «Approaches to Reading Attic Vases». I *A companion to Women in the Ancient World*, redigert av Sharon L. James og Sheila Dillon, 141–52, Oxford, UK: Blackwell Publishing Ltd., 2012. <http://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/detail.action?docID=837573>.
- Tredennick, Hugh og Waterfield, Robin. «Introduction», til omsetjing av Xenophon's *Conversations of Socrates*, 1990.
- Trevar, Albert Augustus. «The Age of Hesiod: A Study in Economic History». *Classical Philology* 19, nr. 2 (1924): 157–68.
- Tsakirgis, Barbara. «Whole Cloth: Exploring the Question of Self-Sufficiency through the Evidence for Textile Manufacture and Purchase in Greek Houses». I *The Ancient Greek Economy: Markets, Households and City-States*, redigert av Edward M. Harris, David M. Lewis, og Mark Woolmer, 166–86. Cambridge: Cambridge University Press, 2015. <https://doi.org/10.1017/CBO9781139565530.008>.
- Walker, Susan. «Women and housing in classical Greece: the archaeological evidence». I *Images of women in antiquity*, redigert av Averil Cameron og Amélie Kuhrt, 81–91. London: Croom Helm, 1983.
- Wallensten, Jenny. «Thesmophoria». I *The Encyclopedia of Ancient History*. John Wiley & Sons, Ltd, 2012. <https://doi.org/10.1002/9781444338386.wbeah17453>.
- Waterfield, Robin. «Introduction» til «The Estate-Manager» i omsetjing av Xenophon's *Conversations of Socrates*, 1990.
- Williams, Dyfri. «Women on Athenian vases: problems of interpretation». I *Images of women in antiquity*, redigert av Averil Cameron og Amélie Kuhrt, 92–106. London: Croom Helm, 1983.













## VEDLEGG

I mitt arbeid med utval av vasar og vasemåleri har eg mellom anna gått gjennom eit stort tal vasar i Beazley Archive Pottery Database (BAPD), der eg nytta meg av filtrering basert på stikkord som; «women», «woman», «agriculture», «textile», «farming», «harvest». Alle bileta og informasjonen som ligger i tabellane i vedlegg 1 og 2 er henta frå informasjonssida til kvar vase i BAPD si digitale katalog.







Eg valde ut vasar og motiv basert på det som eg synast var relevant for mitt arbeid, og satt igjen med ganske mange resultat. Dei mest relevante resultata samla eg i ei oversikt og tabell for å gjere arbeidet lettare med å avgrense og velje meg ut kva eg skulle inkludere i kapittel 5.

I tabellane under ligger det derimot mykje fleire dømer på ulike vasemåleri som syner litt dei same temaa og motiva som dei som er i oppgåva, men eg hadde dessverre ikkje verken plass eller tid til å ta føre meg fleire enn dei som allereie er lagt ved i oppgåva, så resten av vasane hamnar med det i vedlegg her. Nokre av vasane eg har nytta i oppgåva ligger i tabellen, men ikkje alle er inkluderte i vedleggstabellane.

## VEDLEGG 1 - JORDBRUKSMOTIV

Vase nummer	Vasetype	Teknikk	Datert (f.v.t.)	Bilete	Skildring
1201	Lekythos	Raud figur	400 til 300		Kvinne, druer, Eros (gud)
10227	Chous	Raud figur	450 til 400		Kvinne held eit born som plukkar drue
16011	Chous	Raud figur	400 til 300		Born med eit slags vogn, ei kvinne med druer
214755	Krater, bell	Raud figur	475 til 425		jordbruk, ploegen, Bouzyges, Athena, Kekrops, (myte)
275921	Kopp	Raud figur	525 til 475		jordbruk, kvinne og ungdom, tresking av korn i behaldar
306762	Lekythos	Svart figur	550 til 500		innhausting, jordbruk, kvinne under eit tre, frukt
1523	Lekythos	Svart figur	500 til 450		jordbruk, kvinne, innhausting / plukkar frukt
1744	Lekythos	Svart figur	500 til 450		jordbruk, kvinne, innhausting / plukkar frukt
3065	Lekythos	Svart figur	525 til 475		kvinne sit under eit tre, plukkar frukt
12399	Lekythos	Svart figur	525 til 475		jordbruk, kvinne, innhausting / plukkar frukt
205648	Hydria	Raud figur	500 til 450		jordbruk, kvinne, innhausting / plukkar frukt
211213	Kopp	Raud figur	475 til 425		kvinne plukkar frukt, kvinne innandørs



275568	Calyx, krater	Raud figur	425 til 375		kvinne plukkar frukt frå tre
301819	Hydria	Svart figur	550 til 500		kvinner som plukkar frukt ståande og sittande
302070	Hydria	Svart figur	525 til 475		kvinne plukkar druer på ein vingård
305485	Lekythos	Svart figur	525 til 475		jordbruk, kvinne i frukthage, plukkar frukt
306054	Amfora, hals	Svart figur	525 til 475		jordbruk, kvinne i frukthage (ristar treet; teknikk!!)
306055	Amfora, hals	Svart figur	525 til 475		kvinne i frukthage, plukkar frukt
331719	Skyfos, kopp	Svart figur	525 til 475		kvinne plukkar frukt frå tre
352045	Skyfos, kopp	Svart figur	525 til 475		kvinne plukkar frukt frå tre
361367	Lekythos	Svart figur	525 til 475		kvinne plukkar frukt frå tre

## VEDLEGG 2 - TEKSTIL OG HUSARBEID

Vase nummer	Type	Teknikk	Datert (f.v.t.)	Bilete	Skildring
12351	Pyxis	Svart figur	525 til 475		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
30828	Epinetron	Svart figur	550 til 500		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
41939	Hydria	Raud figur	475 til 425		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
204245	Alabastron	Raud figur	500 til 450		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
205141	Kopp	Raud figur	500 til 450		Mannsarbeid, kvinnearbeid
206574	Hydria	Raud figur	500 til 450		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
210088	Pyxis	Raud figur	475 til 425		kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
210261	Kopp	Raud figur	475 til 425		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
212731	Pyxis	Raud figur	475 til 425		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull

214538	Hydria	Raud figur	475 til 425		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
303426	Epinetron	Svart figur	550 til 500		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
310485	Lekythos	Svart figur	575 til 525		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
430005	Hydria	Raud figur	425 til 375		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull
206329	Pelike	Raud figur	500 til 450		Kvinnearbeid, vasking i bøtte
213355	Kantharos	Raud figur	475 til 425		Kvinnearbeid, omarbeiding av produkt; ull